Årbok

FOR SYKKYLVEN 2020



Sykkylven Sogenemnd

Innhald

Frode Frisvold: «Lyckliga gatan, du finns inte mer» Side 3
Jostein Drabløs: Papirlaus i Amerika Side 9
Kjetil Tandstad: Opprørar og vaksinemotstandar Side 12
Eldar Høidal: Det enklaste er ofte det vanskelegaste å få til! Side 17
Ole Strømme: «Ikkje so stutt ein bolk» Side 21
Torunn Vik: Barndomsminne frå Vik – og Viko Side 26
Bent Tandstad: Fjellfolk på tur – spionar eller skreppehandlarar Side 28
Jostein Fet: Minne om skiidretten i Sykkylven Side 31
Eldrid Suorza: Klassisk med ein vri Side 39
Ole Bjørn Roald: Slektstreet Side 43
Kai Løseth: Jostein Blomberg – ein av dei som fall for landet Side 47
Monica Aure Fallingen: Biletkavalkade 2020 Side 50
Aud Hjellegjerde og Hilde Straumsheim: Teikningar for fred Side 52
Jon Reidar Kurseth: Hundeidvik i kor i 150 år Side 54
Jan Sjong: Heimlengt etter 60 år Side 57
Bent Tandstad: I. L. Ringen 100 år Side 61
Kjell Løseth: Humanitære klubbar i Sykkylven Side 67
Eldar Høidal: Minneord Jarle Tusvik Side 71
Anne Vikebakk: Sosialkontoret – den fyrste tida Side 72
Kjetil Tandstad: Syden-fararar for 3000 år sidan Side 76
Trond Sjurson Haukenæs: Fede beiter at gresse på Side 78
Støttespelarar Side 79
Åse Vestre: B for Bruno b for barndom Side 80

Sogenemnda 2020
Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2020
Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Løseth, Edel Pernille Ystenes.

Årbok for Sykkylven tek imot bidrag heile året og vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive. Vi er interesserte ikkje berre i historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad (telefon 90 20 12 31, e-post kjetil.tandstad@online.no) eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd.

Årboka 2020 er sett med Century Old Style 10pt. Titlar med Century Old Style 30pt.
Utforming/Produksjon: Eldar Tandstad
Prent: Hatlehols Grafiske AS

ISBN 978-82-92269-28-2
ISSN 0804-2225

Forsidebilete:
Frå hopprennet i Brunstadbakken i 1962. Foto: Sunnmørsposten.

«Lyckliga gatan, du finns inte mer...»

Av Frode Frisvold

Straumgjerde, ein av mange landsbyar i bygde-Noreg som forsvann og enda opp som ein soveby. I dag også utan skule. Eit nostalgisk attersyn.

Frode Frisvold,
født 1949, voks opp i Straumgjerde. Han utdanna seg til tannlege og har hatt praksis i Ålesund.

Eg vaks opp på «Bergane» i Straumgjerde i ei rik tid saman med store barnekull, slik det var i Noreg etter krigen. Minna mine frå oppveksten denne tida har eg tidlegare skrive fyldig om i boka «Senti over», utgitt av Sykkylven sogenemnd i 2003. Denne gongen vert det ei mimring omkring det vi på 50 – 60-talet hadde av tenestetilbod i ein liten «landsby» med optimisme, liv og røre. Vonleg til glede for nye generasjonar og medpensjonistar som kan minne seg tilbake til ei svunnen tid. Her kjem i tilfeldig nemnd rekkefylgje tilbod og verksemder vi hadde på 50 - 60-talet. (NB: Ikkje alle samstundes.)

4 kolonialbutikkar: Reinhardt Dalseth, Bjarne Drabløs, Hans Strand, Knut Hjorthol.
Meieriutsal i butikken til Hans Strand v/svigerinna hans, Anna (Tørjer-Anna).
2 med sal av fisk: Hans Strand, Petter Hjorthol (Buda-Petter) frå bil.
7 møbelfabrikkar: K. Emdal AS, Hj. Brunstad Møbelfabrikk, Velledalen Lenestolfabrikk (frå 1971 Velledalen Fabrikker), Hoff & co (til 1956), Tandstad Lenestolfabr. v/Erling Tandstad (til 1955), Strømme Møbelverkstad (til 1957) , K.P. Tandstad Trevarefabrikk (til 1958).
Madrassproduksjon: Ligg-Godt AS /Emdal.
Skumplastproduksjon: Sandella.
Langtransportfirma: Håkon Emdal, Hallvard Harstad.
Skofabrikk: Lars Lade.
Skomakar: Magnus Tomren (Jo-Magnus)
Renseri: Lars Lade.
Bakar: Lunde frå Hornindal, i kjellaren til Kasbar Straume.
Bakeriutsal (for Walderhaug?) ein periode i lokalet der Straumen Kiosk kom seinare.
Slaktar m/utsal nede ved Straumen bru: Lars Strømmegjerde, (Tørmo-Lars).
Bensinpumpe BP: Bjarne Drabløs.
2 kafear: Ovidie (Vidi) Brunstad, frå 1955 i Frisvoldhuset og Tordis Fet i eige bygg.
Kokelag for hybelbuarar: Fossheim v/ Vidi Brunstad. Først i Drabløs-, så Frisvold-huset.
Bergheim Gjestgiveri v/ Johanne Dalseth (Dalseth-Jonna).
Kiosk v/ Karoline (Kalla) og Oskar Heltne.
Campingplass m/hytter: «Rongen» v/ Petter Straumsheim (Elling-Petter).
Jordmor: Anna Drabløs (Jordmor-Anna).
Drosje-eigar: Tore Bøe.
Postopneri: Per Langeland (Langeland-Per).
Telegraf/ telefonsentral/boks v/Posten: Kirsten Langeland.
Bankfilial i Tomas Tandstad sitt hus.
Damekonfeksjonsforretning: Ingrid Tandstad i eige hus.
Agentur/sal av langbukser/strekkbukser: Peder Strømmegjerde (Eina-Peder).
Bokhandel: Sverre Kvellaug, starta i u.etg. til Per Langeland før han etablerte seg i eige hus.
Sverre starta så landsomfattende bok-agentur (Boklageret) og filatelihandel i eige husvære.

Kontorutstyr-forretning og agentur: Johan Frisvold AS.
Byggmeister: Arne Flaate.
Murarar: Eg hugsar Peder Strømme (Jo-Peder) og Johan Johansen (Buvik-Johan).
På slutten av perioden min «50 - 60 åra», i 1968, starta Ove Straumsheim som gründer opp med kimen til noko som skulle vise seg å bli eit stort leiande glasmeisterfirma på Sunnmøre. Han byrja i kjellaren i Elling-garden, dei to første åra berre med faren Petter som medhjelpar.
Fysioterapeut (hugsar namnet Myklebust i «mi tid») på Straumgjerde Kurbad m/ badstu.
Treskjerar: Gunnar Flo, i underetasjen i eige hus. Produserte mellom anna peispustarar.
Peispustar-produksjon: Leiv Drotninghaug, i fleire år med sal gjennom ein svoger i Oslo.
Rekneskapskontor/revisjon (Jens O. Bonesmo).
Skipsekspedisjon,(sjøvegen svært viktig for industrien!) v/Lars Strømmegjerde (Tørmo-Lars).
Som alle små landsbyar den tida hadde vi sjølsagt «fryseboks-hus», vårt låg v/Hoff-fabrikken.
UL «Samhald» og ungdomshuset Vaarvon var dynamoen i nærmiljøet og den sentrale samlingsplassen for det meste i over 100 år. Hadde sjølv musikkøving oppe og fotball-trening i underetasjen.

Straumgjerde Kino: På «Huset», privat, utanom Norsk Bygdekino (maskinist i «mi tid» Ottar Riksheim). UL Samhald kjøpte eige apparat og søkte løyve i 1952. I 1953 vart det vist heile 38 filmar!
2 hornmusikk-korps av høg standard (Straumshorn jr. og sen.korps). Barnekor v/ Trygve Straume.
Må også ta med heilt nytt skulebygg i 1955, fylt opp med store barnekull med liv og røre.
Gamleskulen oppe på Bakkane vart no nytta til søndagskule ved Kristine Hanebrekke, eg minnest og at eit år fekk Sverre Kvellaug ordna kurs her ei veke med ingen ringare enn den kjende trompetsolisten Leif Nagel frå Sinsen Ungdomskorps.
Og til slutt, men ikkje minst; fotballklubben VRF, der A-laget nokre sesongar var i same divisjon som Aalesunds FK, Molde FK og Kristiansund FK. Då var det sus oppe på Slettegjerdet..

Sjølv forlet eg på eit vis heimstaden som «barn», som 15-åring, til hybel i Volda med 6 dagars skuleveke og lite tid til helgefri «heime» dei neste åra. Deretter studier og busett i arbeid andre stader. I oversikta nemnt ovanfor, har alle desse verksemdene sjølvsagt kvar si eiga heilt unike historie. Det er naturleg at kunnskapen min er størst omkring forretninga til far min og kokelag/kafe-livet til tante Vidi, som eg i det følgjande vil prøve å gi eit «andlet».

TELEF. 8 8
TELEGR.ADR. „SYSTEM"
JOHAN FRISVOLD A/S
POSTGIRO-KONTO 85840
KONTORMASKINFORRETNING
STRAUMGJERDE PR. AALESUND
STRAUMGJERDE, 24. juni 1949.
ko Konfeksjonsfabrikk,
Sykkylven.

Bilete av far i kjent positur på kontoret heime, her med ein faktura til Viko konfeksjonfabrikk, Sykkylven, datert 24. juni 1949.

Far og livet med kontorutstyr

Far møtte og vart kjæraste med mor Johanne Brunstad, då ho var i huspost og sylære i Ålesund. Med «to tomme hender» og stor innsats, arbeidde han seg fram med kontorutstyr i dei harde trettiåra.

Han hadde før det byrja ei tid med radioapparat saman med kameraten Emil Langva. Firma Johan Frisvold AS vart skipa 22. januar 1946. Utanom familie var rekn-skapskyndige Jens 0. Bonesmo dei første åra med i styret med ein liten aksjepost.

Far var mykje på farten til bedriftskundar rundt om i Sykkylven, nabobygdene og til byen. Ettersom eg gjekk på skulen berre annankvar dag, var eg ofte med som selskap, til gjensidig glede. På desse turane fekk eg eit godt oversyn over alle fabrikk-verksemdene i distriktet, samstundes som eg med all ventinga utvikla eit tolmod som kom til nytte i yrkeslivet mitt seinare..

I Ørsta hadde far så mange verksemder med servicebehov at heile familien eit par somrar budde ei veke på Nupens hotell, medan far gjorde servicearbeid. Han hadde gode agentur, etter ei tid vart det behov for å søkje samarbeid for å vere betre rusta i marknaden. Han valde av den grunn å gå i kompaniskap ei tid med kollega Per Fagerhaug i Ålesund i eit nytt firma, Fagerhaug & Frisvold AS. På turane la «faderen og sonen» inn eit kafebesøk som eit høgdepunkt. I heimbyen hans, Ålesund, var dette alltid på «Kafe Rollo» i Notenesgata. Kom vi frå Stranda ein godversdag, hende det seg at vi stoppa ved Svartevatnet for ein liten tur i terrenget.

Lenge før mi tid, alt før krigen, var Odd Johan (født 1934) med mor og far på salsreiser, allereie i 1936 med innleigd frakteskute, «M/B Fart», med kontormaskiner langs kysten heilt til Hammerfest, elles med eigen bil. Slik våren 1940, då krigen braut ut. 9. april overnatta dei på hotell på Tynset etter å ha vore på Elverum dagen før. Dei måtte no søke ly og fekk skjule den nye Opelen på ein gard i Folldal. Der fekk dei tilhald på ei seter ei tid, før dei fekk løyve til å returnere heim til Ålesund og så levere frå seg bilen der. Eg hugsar i oppveksten årlege julehelsingar frå familien Ole Tellebon i Folldal.

Bombinga i Ålesund sentrum, gjorde at då dei kom heim, hadde onkel Arthur (Brunstad) tømt leiligheita deira i Moloveien og frakta det dei eigde til Nygard på Brunstad. Dette gjorde at dei slo seg til der, så etter ei tid til Straume med leiligheit i Jo-garden hos Peder Strømme (Jo-Peder), vart det flytting til Fridtjof Drabløs sitt hus på Bergane og etter kvart i eige hus i 1955.

Det at far grunna næring alltid hadde løyve til bilhald, gjorde at det var lett å kome seg på tur og oppleve litt av verda elles, og her er ei litt artig historie i så måte. Året var 1954. Broder Odd Johan var ferdig med gymnaset i Ålesund, då han og far saman med dei to trauste karane Per Langeland og Hjalmar Straumsheim (Ola-Hjalmar) drog på biltur til «Kongens by», København, med T-768, den svarte EMW-en, som vi her ser med eigaren oppe på det spesielt lange panseret.

Frå venstre: På biltur til København. Odd Johan Frisvold, Per Langeland, Johan Frisvold og Hjalmar Straumsheim.

Odd fortalde at straks dei hadde kome over grensa til Sverige, hadde dei fire karane opplevd å få smake den eksotiske frukta banan. Ein gatefotograf har foreviga far (44) og dei 3 stramme høgreiste straumskarane.
Legg merke til kleskoden...

Siste del av 50-talet og inn i 60-talet var det gode år i far sin bransje. Han skulle no eigentleg ha dei mest lukrative åra i livet sitt framføre seg. Men lagnaden ville det annleis. Han merka mellom anna at

noko ikkje stemde med motorikken når han skulle skrive og gjere diverse reparasjonar med dei små instrumenta sine. 53 år og i «sin beste alder», fekk han etter kvart stadfesta at han hadde fått «Parkinson», som det eigentleg ikkje var behandling for. Forskning gjorde at det var knytt eit håp om å kurere/stagnere sjukdomen ved eit operativt inngrep. I august 1968, vart det på far gjort forsøk med ein hjerneoperasjon på Ullevaal Sykehus, diverre utan betring. I ein periode gjekk forretninga for halv maskin med hjelp frå kolleger, mor og stor lojalitet frå mange av dei nære gode lokale kundane. Men nedturen var bratt. Firmaet vart avvikla 15. jan. 1973. Dei siste åra var han lenka til senga på Sykkylven sjukeheim. Han døydde 70 år gamal i januar 1981.

Kafé- og kokelagslivet til tante «Vidi»

Øvst bilete av Vidi i sine beste år. Under mor med Frode og Liv utanfor Fossheim Kafe i 1. etasje i Fridtjof Drabløs sitt hus, der vi den tida budde i 3. etasje og Vidi i første. Her var det liv og røre med hybelbuarar til middag. Fridtjof var for øvrig gudfaren min, og kona Signe var søskenbarn til mor og Vidi frå Brunstad.

Det som få nolevande veit, er at Vidi først starta kokelag i kjellaren til fetter Hjalmar Brunstad sin einebustad oppe på Bakkane. Hjalmar hadde no endeleg fått realisert draumen om eige fabrikkbygg etter ei tid i kjellaren heime i Jørngarden og deretter i bedehuskjellaren på Brunstad, før etablering i Straumgjerde.
Det kom tilflytta ungdomar, frå Nordfjord, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei budde på hybel, med lite høve til eige matstell. Då var det godt å ha eit tilbod om å kunne gå til dekka bord på Fossheim, dette var før laurdagsfri. Den dagen var det halv arbeidsdag og dans på «Huset», gjerne med «Sverre Otto» på scena, dans og romansar, der ungdomar knytte kontakt på «gamlemåten», 60 år før sosiale nettmedia og «dating» vart oppfunne..

I høve 70-årsdagen sin hadde Vidi «reunion» med «kafé-tausene» sine.

Dei fire bakerste er frå venstre Alvhild Hole, gift Hansgård, frå Velledalen, Ester Vestre frå Hornindal, Kjellaug Straumsheim, gift Holst og Anbjørg Straumsheim, gift Skrede, frå Straumsheim. I midten Gjertrud Lødemel, gift Tvinnerheim, frå Hornindal og Anna Drotninghaug, gift Ljøen, frå Velledalen, framfor henne innfelt foto av Lilly Kalvatn, f. Vigstad, frå Velledalen.
Fremst jubilant Vidi i midten og søstrene Lidun og Oddveig Barstad frå Barstadvika.

Før Vidi byrja med kokelag/kafe, arbeidde ho fleire år på meieriet på Stranda og som anleggskokke i Strandadalen. Det vart slik at ho aldri vart gift og fekk born. Difor vart ho buande i hus hos oss, ei ekstra mor for meg og søskena Liv og Odd, og ei svært god hjelp og støtte i den lange sjukdomsperioden som foreldra våre skulle få.

Etter avslutta kafedrift arbeidde ho nokre år som husmorvikar i Sykkylven, til glede både for seg sjølv og eg vil tru dei mange som fekk god hjelp i ein vanskeleg situasjon. Vidi vart 85 år, døydde i juni 1998.

Dette biletet på eit prospektkort av P.P. Lyshol, er truleg frå 1954, sidan eg byrja på flunkande ny skule då eg var 6 år i 1955. Hjalmar-fabrikken var blitt ferdig ved påsketider 1947. Vi ser Skofabrikken til Lars Lade, etabl. 1936. Avvikla 1955 (Vi hadde sløydlokale der i «storskulen»). På dette prospektkortet frå P.P. Lyshol er årstalet tidleg på 50-talet, sidan barndomsheimen min ikkje er påbyrja.

Vi flytta inn på «Solstrand» i 1955. Samstundes flytta Kafe Fossheim inn i underetasjen, der også far hadde si verksemd. «Fossheim» var kokelag for arbeidarar om dagen og vanleg kafé i tillegg. Mange reisande hadde sine faste stopp på kafeen. Her kom og eit av dei første TV-apparata på Straumgjerde, noko som samla ekstra med folk om kveldane. I det høve hugsar eg spesielt godt folketilstrøyminga til TV-sendinga frå gravferda til John F. Kennedy i november 1963.

På dette biletet litt seinare, som er eit utsnitt frå flyfoto i boka om historia til Hj. Brunstad, godt ført i pennen av Jon Hole, ser ein at det er kome opp eit bygg nede ved elvemunninga. Dette er eit lagerbygg Hjalmar fekk sett opp, og som Sandella i frå 1. januar 1961 fekk starta opp produksjon i. Etter ei tid vart bygget grunna behov utvida med ei høgd til. Nedst i høgre hjørnet på fotoet ser vi Hoff-fabrikken.

Som det går fram av fotoet, er eit parti av marka ovanfor bra nedtrakka. Grunnen til det er at vi gutungane i fleire år fekk nytte det som fotball-løkke og kampar mellom «gatelaga» Lyn, Falk og Kjapp..

Pila peika oppover i bygda på 50-60-talet, det var mangel på arbeidskraft og stor tilflytting. Det var og freistande for dei med små gardsbruk å kombinere med arbeid på møbelfabrikk.

Framleis var det god drift på mange gardsbruk, og innimellom vart vi minna om at vi budde på «landet», som når ein mannevond stut hadde slite seg laus og teke seg ein tur ut på «Bergane» og det «urbane liv»

Eg minnest og ein gong at det var eit stort fesjå med stor tilstrøyming ovanfor huset vårt på marka nedanfor løa til han Kasbar, leia av «han Alla» (Arnold Weiberg Aurdal.) Truleg det siste der. No vart det i bygda vår «møbel for alle pengane».

Ja, tida den går, men minna dei består.

Kjeldestøtte: Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven (1990)
Jon Hole: Hj. Brunstad 1941 - 1991. 50 år i god form.
Kjetil Tandstad og Eldar Høidal: Vaarvon 100 år.
Prospektkort P.P. Lyshol.
Naudsynt mentor: Søster Liv Frisvold Olstad.

Papirlaus i Amerika

Av Jostein Drabløs

Jostein Drabløs *(1925-2015) var frå Barbrogarden i Velledalen. Han var lærar, musikkinstruktør og ein framfrå kulturformidlar. I ei årrekkje samla han munnlege minne om folk og hendingar i gamle dagar.*

Han var 22 år og eventyrlysten. Fortenesta frå selfangsten hadde gått fløyten då dei vart arresterte av russarane i Kvitsjøen. No ville Petter Strømmegjerde prøve seg i Amerika.

Nymark-Petter, som han vart kalla til dagleg, byrja som dreng hos Ole Strømme like etter konfirmasjonen. Deretter var han byssegut om bord i båten Håkon og på sildefiske ved Island. Så var det militærteneste før han drog på selfangst i Austisen. Der vart han og resten av mannskapet arrestert og tekne inn til Arkangelsk. Det vart ein dramatisk tur og dei fekk oppleve Russland i dei lovlause åra like etter revolusjonen. Dei kom omsider trygt heim. Men han hadde ikkje vore lenge heime før han var klar for nye eventyr.

-Eg var i Ålesund ein laurdag. Eg trefte ein mann som fortalde at han skulle reise til Canada via England. Båten gjekk måndagen etterpå. Men har du papira i orden, spurde eg. Nei, det trengst ikkje papir i Canada. Og frå Canada til USA er det ingen problem, fekk han vite.

-Eg ringde heim til far min og sa at han måtte ta ut pengar til meg same dag for eg ville til Amerika. Ja, han gjorde som eg bad han. Måndag reiste vi. Vi var sju karar. Blant andre han Samund-Jens, han Oskar og Knut-Petter frå Velle. Vi kom oss inn i Canada utan problem. Frå Canada og inn i USA var det ikkje passtvang, hadde vi høyrt. Vi fekk vite noko anna då vi kom fram til grensa.

Regim. Skema nr. 2.
§ K. K.

Vernepligtsbok

(I lov av 9/4 1910 § 67 betegnet som "vernepligtsseddel")

for

(navn) Peter Hansen Strømmegjerde

livsstilling: Arbeider

av ~~6 rode~~ Sykkylv indrulleringskreds (by)

rode nr. 6 født 7/2 18 95 i Strømmegjerde

av forældre: Hans Larsen og Louise Jensdatter

Mandskapets bosted ved indrulleringen

den 15/2 19 13.: Petter Strømmegjerde

(Underskrift av rodeforstanderen eller den, som utfærdiger vernepligtsboken.)

Petter H. Strømmegjerde som soldat. Foto: L. Sødahl, Veblungsnes. Vernepliktsboka til Petter Strømmegjerde frå 1918.

Swedish Lutheran Immigrant Home
Det enda Svenska Hemmet i staden
5 WATER STREET
NEW YORK, N. Y.
NEAR SOUTH FERRY
TEL. BOWLING GREEN 8946
REV. AXEL C. H. HELANDER
SUPERINTENDENT
IMMIGRANTHEMMET I BOSTON: 11 HENRY ST., EAST BOSTON
[OVER]

Vägledning till Immigranthemmet
(Från hvilken station som hälst i New York)

Tag "Subway" eller "Elevated Train" till "South Ferry." Fråga där efter No. 5 Water Street, som ligger nära intill "South Ferry."
OBSERVERA! Behöver Ni råd och upplysningar, fråga då POLIS.
"Hotellrunnare" och automobilkörare, som blott söka vilseleda och pungslå främlingar, bör Ni akta Eder för. Resande på väg till SVERIGE eller de andra nordiska länderna hälsas välkomna. Vi styra om biljättstämpling, bagage och "Sailing permit" åt eder.
Önskar Ni bli mött vid stationen av någon från Hemmet, SKRIV då i god tid till oss; eller telefonera vid ankomsten till New York. Ring upp:
"BOWLING GREEN" 8946.
Hos oss får Ni snygga rum och god mat billigt. Missionären bistår immigranterna på Ellis Island.
(vänd)

Reklame for immigrantheimen i Boston. «Det enda svenska Hemmet i staden».

Grensekryssing

Kor det no var eller ikkje var: Vi var ikkje dei første som stod fast på grensa. Vi trefte på Myre-Ole-Bastian frå Velle. Han visste råd. Vi leigde ein drosje til ein plass eit par-tre kilometer frå grensa og låg der til det vart mørkt. Så kom det ein kar som viste oss vegen over grensa. Vi kunne ikkje gå to og to, vi måtte gå åleine. Losen gjekk først og så gjekk vi ein og ein med rundt 30 meters avstand.

Då vi var komne over grensa, kom vi inn i ein liten by. Ein etter ein gjekk vi inn i ein sigarbutikk. Der samlast vi. Når alle var inne, slo dei opp dørene til ein garasje der det stod ein bil. Så køyrde dei oss dit vi skulle. Eg og fleire med meg fekk skyss heilt fram til Seattle.

Nei, det gjekk bra i Amerika. Eg hadde ikkje noko «trubbel». Så lenge ein heldt seg unna politiet og ikkje forbraut seg, var det ingen som kagde på oss. Eg hadde ein onkel som var maskinsjef på ein båt i San Francisco. Eg fekk arbeid som smørjar. På ein båt som dette skulle det eigentleg berre vere amerikanarar i mannskapet. Men det var ingen som kontrollerte det.

I San Francisco mønstra eg på ein fullriggar som skulle på laksefiske i Beringsjøen. Det var ei stor skute på 3000 tonn. Det var 90 mann på kvar vakt. Dette var heilt i starten av opphaldet vårt og vi norske kunne knapt nok kompasset på engelsk. Styrmannen, som i likskap med resten av befalet var norsk, merka at enkelte av oss prøvde å lure oss unna når det skulle klatrast i riggen. Han kommanderte oss alle opp i mastrene. Vi måtte klatre eit stykke opp, men vi forstod raskt at det berre var for å halde moro med oss. Då klivra vi ned att. Vi var tre-fire månader på laksefiske med denne skuta, men det var nokså dårleg fiske.

Tømmer-camp

Eg arbeidde også ei tid på eit sagbruk i California. Så skreiv eg til kjenningar oppe i tømmerdistriktet for å høyre om der var arbeid. Ja, arbeid var der. Det var berre å kome. Eg reiste opp og arbeid fekk eg. Eg kom til ein tømmercamp der også bror min arbeidde. Der vart eg verande i 18 månader. Det var stort sett amerikanarar som arbeidde der, av sykkylvingar var det berre oss to brørne, Sigurd Aure og ein dei kalla Store-Løseten.

Vi likte oss der. Sidan reiste vi vidare til ein Polson-camp. Der var det så forskjelleg. I Polson-camp nummer 10 var det berre sykkylvingar. I camp 7 berre romsdalingar. Amerikanarar som kom dit, dei klaga. Dei forstod ikkje språket.

-Det var store tre de arbeidde med?

Det var store tre, ja. Dei var opp til ni fot (270 cm) i tverrmål. Sagene våre var kanskje 12 fot (360 cm) lange. Og endå måtte vi ofte hogge litt av stammen på begge sider for at vi skulle få rom for saga til å gå.

-Det høyrest ut som eit tungt arbeid?

-Nei, det var ikkje tungt. Det kom an på partneren du saga med. Vi var to mann på kvart tre. Ein av dei var basen og bestemte. Som regel var partneren din dyktig og då gjekk saga lett. Nei, å sage var roleg arbeid det, på ein måte.

Nei, då var det verre å vere på riggen, som vi sa. Då var det meir springing. Vi måtte huke opp stokkane og så måtte ein vere brennsnare å kome seg derifrå. Enkelte formenn var litt for raske, slik at det var vanskeleg å kome seg unna når stokken rørte på seg. Vi hadde ein irlender som formann ei stund. Vi sa til han at viss han ikkje gav seg tid med vinsjen, så ville vi pryle han. Det hjelpte. Du veit, han reis litt, han Sigurd (Aure).

Eit friskt liv

-Trefte du att Samundkarane?

-Ja, han Jens. Han var bol-kokk, som vi sa, i ein av campane. Han kløyvde ved, ga mat til grisane og fyrte opp i brakkene om kvelden og slikt for noko. Du veit, karane kom inn om kvelden og skulle tørke kleda sine. Då måtte omnane vere raudglødande.

Det var gjerne 15 - 16 mann i kvar brakke og som regel rundt 60 i kvar camp. Det var eit friskt liv med mykje arbeid. Viss vi ville, kunne vi arbeide søndagane med. Og det gjorde vi ofte. Søndagane arbeidde vi berre til middag, men fekk betaling for full dag. Og vi hadde ikkje noko anna å gjere, så det passa oss bra.

-Var de ute for uhell?

-Ja, det var vi. I camp 2 der eg arbeidde, var eit tre ferdig opprigga. Ei line slitna og ein polakk fekk henne i hovudet. Han døydde nesten med ein gong.

Det vart snakka om det ein augneblink og så var det ikkje meir prat om det. Det var som om det berre var slakta ein kalv. Folk heldt seg til sine. Finnane heldt seg for seg sjølv. Det gjorde nordmennene også.

Petter Strømmegjerde var i Amerika frå 1923 til 1926. Tidene var gode, fortel han. Ville du ha arbeid, så fekk du arbeid. Ja, der var arbeidsledige, naturlegvis, men det var gjerne slike som ikkje la seg så mykje etter arbeid.

-Korleis kom du deg heim att til gamlelandet?

-Det var mange måtar, berre ein var frekk nok. Eg reiste til bror min i Portland. Han hadde fått vite at det var ein båt der som skulle til Europa. Vi måtte berre innom skattekontoret for å få papir på at vi hadde betalt skatt. Eg var i lag med Ole Petter Velle. Han hadde papira i orden, men dei var veldig mistenksame mot han. Det var visst noko med ein ettersøkt kar som hadde eit liknande namn. Han vart grundig eksaminert før han endeleg fekk gå. Eg som ikkje hadde papir, eg hadde no ei regle som eg framførte. Og det tok dei godt nok.

Vi kom til Seattle der vi vart verande nokre dagar. Vi fekk hjelp frå ein mann til å kjøpe billettar. Han var norsk og hadde vore prest, fortalde han. Han fekk sparken av menigheita fordi han var så dårleg kledd, for han såg mest ut som ein hestehandlar. Men han hjelpte no oss, ja han fekk no betaling for det, naturlegvis. Då eg kom heim fekk eg brev frå han. Ville eg tilbake til USA, skulle han ordne ein ny tur med ein gong. Men det vart no aldri.

Bilde frå tømmercampen. Petter Strømmegjerde til venstre. Foto: Privat.

Aldri «trubbel»

Eg reiste heim med Stavangerfjord og der måtte vi også vise papira våre. Siste halvtimen slepte dei om bord slike som skulle seie farvel til dei som skulle reise. Vi gjekk i lag med dei om bord, men vi gjekk ikkje i land att. Vi blanda oss med dei andre passasjerane.

Slik kom vi til Bergen og då skulle dei sjå papira mine endå ein gong. Dei hadde eg ikkje. Eg måtte naturlegvis vente til sist. Eg har berre ein dåpsattest, sa eg. Offiseren vart irritert, men kva kunne han gjere? Han kunne ikkje godt la meg bli verande om bord heller. Han slo stempelet så hardt på dåpsattesten at det gjekk gjennom papiret og sa: Kom dykk i land!

-Ja, Stavangerfjord var ei svær skute..

-Som eit stort hotell. Men det galdt å skaffe seg plass midt i båten. Då merka ein slingringa minst. Nei, eg meiner eg hadde det bra i Amerika. Hamna aldri i «trubbel». Det var eit friskt liv.

- Du tente vel ein slump pengar og?

-Eg sende heim då noko og då noko, ja. «Det he kome mykje pengar frå disse Polson-campå åt Sykkylva gjønå disse åra», fortalde Petter Strømmegjerde. Han døydde i 1979, 81 år gammal.

Kjetil Tandstad
født 1950, er tidlegare journalist og museumsmann.
Han har også gitt ut fleire bøker med historiske emne.
I dag er han pensjonist og redaktør av Årbok for Sykkylven.

Opprørar og vaksinemotstandar

Av Kjetil Tandstad

I pandemiåret 2020 har sykkylvingar lydig følgt staten og helseministerens strenge påbod medan vi ventar på den etterlengta vaksinen som skal gjere alt normalt igjen. Så føyeleg var ikkje den frittalande bondehøvdingen Lars Nilsen Aurdal (1742 – 1824.)

Nils-Lars frå Aurdal var ein høvdingskikkelse blant bønder og småfolk i Sykkylven. Så var han også ein av etterkomarane etter den vidgjetne bondeopprøraren Store-Rasmus. Rasmus Ingebrigtson Myklebust vart født i 1595 i Ørskog og slo seg til på Myklebust på Harøya. Der vart han etter kvart ein leiar blant bønder og fiskarar i området. Han kjempa for interessene deira og klaga blant anna på at futen tok inn for mykje skatt. Han skal også ha oppmoda allmugen til å ta livet av futen Iver Andersen på Gjermundnes – ein hard skatteinnkrevjar som gjekk under namnet «Bondespiller». Det førte til at Store-Rasmus vart dømd til livsvarig straffarbeid i jarn på Akershus.

Ideal

Den myndige bondeføraren vart ikkje gløymt så raskt på Sunnmøre. Det er naturleg at historiene om opprøraren frå Harøya levde i slekta og at dei gjorde inntrykk på Lars i Nils-garden på Aurdal. Lars skulle også vise seg å vekse opp til ein som kunne stå opp mot øvrigheita. Både Rasmus og Nils-Lars frå Aurdal er omtalt i Halvdan Kohts klassiske bok Norsk Bondereising, som fortel om folk som tok kampen opp mot styresmaktene og kjempa for bøndene sine kår. Men nokon framstegsmann var Lars Aurdal nok ikkje. Han var først og fremst ein konservativ bonde som ville verje gammal skikk. Men gjennom å forsvare hevdvunne gamle rettar, vart han likevel ein opprørar, skreiv Koht.

Nils-Lars skulle også bli ein mann som vart lytta til og sett opp til. Han vart tidleg partseigar i ei jakt som han og kompanjongane gav namnet «Massine, Christine Søkelvine» etter konene og heimbygda. Med denne jakta gjekk han turar til Bergen med bondevarer og kom heim med populære forbruksgjenstandar som bøndene ville kjøpe. Han var ein kremmar som også hadde sans for småhandel. På kyrkjebakken gjekk han ofte med ein heil stabel med hattar på hovudet. Desse selde han til sambygdingane. Handelsverksemda sette han i stand til å kjøpe opp jordegods. I tillegg til Nils-garden på Aurdal der han budde, kjøpte han tre bruk på Grebstad, eitt på Lyshol, eitt på Andestad, eitt på Kjemphol og to bruk på Hjortdal.

Han var ein mann det gjekk mange historier om. Han skulle vere stor og sterk. Ein gong skulle han ha kome brått på to ettersøkte karar som låg og sov i ein færing på Flisfjorden. Han slo den eine i svime, batt dei begge og førte dei til futen. Dei to ugjerningsmennene var nemleg etterlyste for drap. Tradisjonen fortel at han fekk ein medalje for denne dåden

Meiningar

Nils-Lars hadde kraftige meiningar og var ikkje den som skjulte dei når han var ute blant folk. Når presten i kyrkja gjekk inn i sakristiet etter gudstenesta, kunne han seie: «Der for han, vargen». Han var kraftig irritert over prestane og andre embetsmenn som han meinte velta stadig nye utgifter over på bøndene. Ei historie fortel om han ein gong han skulle betale tienda og leverte lite matnyttig lettekorn. «Det er meget agner i Lars sitt tiendekorn», hadde presten sagt. Han fekk svar: «Det er mykje lettekorn i preikene til presten også.» Han gjekk ikkje av vegen for å kritisere presten både for å halde alt for korte preiker og for å syngje dårleg under gudstenestene.

Han hadde reist mange turar til Bergen og blitt kjend med haldningar og meiningar elles langs kysten. Det vart snakka mykje om oppstand mot griske embetsmenn. Lars hadde både kunnskapen og sjølvkjensla som måtte til for å hevde sin rett og plante opprørslyst i bøndene. Styresmaktene såg at han kunne vere ein farleg mann. Derfor vart det også viktig at han vart sett på plass.

Soknepresten var ikkje berre Guds representant i lokalsamfunnet. Han hadde også administrative oppgåver for regjeringa. Han skulle blant anna overtyde eit uvitande folk om klokskapen i påboda som regjeringa til ei kvar tid kom med. Eitt av dei var Vaksinelova av 1810, som gjorde vaksinasjon med kukoppar obligatorisk for alle.

Dei vaksinerte skulle skrivast inn i kyrkjebøkene. Var dei ikkje vaksinerte, skulle dei korkje få konfirmere seg eller gifte seg. Vaksinasjon var unødvendig og ville heller ikkje fungere, meinte Nils-Lars. Han skulle ha eggja sambygdingane mot vaksinelova i alle folks påhøyr på kyrkjebakken. Dette med vaksine var berre noko som embetsmennene hadde funne på for å få fleire inntekter frå bøndene, meinte han.

Slike opprørske replikkar skapte ikkje akkurat god stemning mellom Aurdal-bonden og soknepresten Joachim Kjelstrup, som i 1810 gav denne attesten: Lars Aurdal var kjend som «Oprører og en Hovedmand for alle Partier, Bevægelser hos og iblant Almuen – endog i den militære Stand som Soldat var han berygtet som et urolig Hoved, som Formand for Mytteri og Sammenrottelser, og gjorde sig mere en een Gang skyldig i fræk Lovløshet og den strafverdigste Insubordinasjon mod sine Overmænd». Den nesten hatefulle tonen i uttalen kan gi mistanke om at no skulle den uregjerlege Aurdal-bonden takast ein gong for alle.

Ei farleg tid

Åra etter hundreårsskiftet var ei vanskeleg og farleg tid. I åra rundt 1800 kom det fleire år med uår og feilslått fiske. Det ramma særleg kystdistrikta. Hungersnaud

I denne sunnmørsstova i Nilsgarden på Aurdal budde bondeopprøraren Lars Nilsen Aurdal. (Foto: Kjetil Tandstad)

I denne stova på Aurdal budde Lars Nilsen Aurdal. I dag er det Johan Aurdal som bur i Nils-garden. (Foto: Kjetil Tandstad)

truga, spesielt ute på kysten. Napoleonskrigane rasa. Danskekongen hadde satsa på feil hest. Britisk blokade førte til mangel på korn og hungersnaud. Det var på denne tida Ibsens Terje Vigen prøvde å ro til Danmark etter korn og hamna i prisonen i England. I 1807 kom det britiske bombardementet av København som øydela den danske flåten og sette skrekk i innbyggjarane. København var også Noregs hovudstad. Då krigen tok slutt, var Napoleon-vennlege Danmark den tapande part. Det skulle føre til at Danmark måtte gi avkall på Noreg, noko som igjen førte fram til grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll i 1814.

Storpolitikken hindra ikkje at vitskapen gjorde framsteg. Eitt av framstega var at ein no var i ferd med å setje ein stoppar for sjukdommen koppar, som hadde herja Noreg i alle fall sidan 1200-talet. Koppar er på sykkylvsk «poke/pøke» eller pokker på dansk. Vi kjenner det att også som banneord. Koppar er ein smittsam virussjukdom som fanst her i landet heilt fram til etter 1900. Vi veit at det fanst på Island i år 1240. Dei kalla det bolna eller bonnasott. Bolna eller på norsk bole, tyder i følgje Ivar Aasens Norsk Ordbok «hævelse». Jamfør trebole.

Koppar har fått namnet sitt av dei kopp-forma arra som blemmene etterlet seg på kroppen. Den alvorlegaste forma for kopper førte til at 20 til 40 prosent av dei sjuke døydde. Dei som overlevde, vart vansira av koppeforma arr i huda. Virus-sjukdommen smitta gjennom kontakt med materie frå utslett og gjennom dråpesmitte frå hals og svelg eller frå klede og sengetøy. Ti til fjorten dagar etter ein er smitta får ein raude flekker i huda som seinare blir materiefylte blemmer. Ein kjenner seg kvalm, får feber, hovudpine og kramper. Ein har store smerter og allmenntilstand blir dårleg. Koppar var som korona og ramma høg og låg, uansett rang og stilling. Då vaksinen kom, var styremaktene raske til å ta den i bruk.

Den første metoden som vart teken i bruk for å kjempe mot sjukdommen, var såkalla inokulasjon, der ein poda inn smittestoff frå ei mild form for koppar i pasienten for å framkalla immunitet. Dei første som prøvde seg her i landet var kirurgen Wasmuth i Trondheim i 1755. I 1771 vart 103 born mellom to og sytten inokulert av stadsfysikus Büchner og prost Krogh i Bergen. Hr. Heiberg inokulerte heile 562 born i Nordfjord. Dei som fekk denne behandlinga vart sjuke, men i dei fleste tilfelle vart anfallet mildt og det ville gi immunitet resten av livet. Det var naturlegvis ein viss motstand mot denne risikable metoden. Nokre få av borna døydde av behandlinga og nokre vart vansira, men ikkje på langt nær så mange som i resten av folket.

Alt i 1801 utførte stabskirurg Magnus Andreas Thulstrup den første vaksinasjonen i Christiania. I starten brukte ein smittemateriale frå menneske, men etter kvart fann ein ut at ein kunne hente smittestoffet frå dyr, oftast kyr, som var smitta. Vaksine har fått namnet sitt frå det latinske namnet for ku, vacca.

I 1810 vart det bestemt at born som ikkje var vaksinerte ikkje skulle få konfirmere seg. Prestane fekk ei viktig rolle i å handheve regelverket. For å halde oversikta vart det laga ein ekstra rubrikk i kyrkjebøkene der ein skulle føre inn om vedkomande var koppevaksinert. Prestane fekk i oppgåve å passe på at alle konfirmantar og alle brudefolk var vaksinerte og hadde godkjent vaksinasjonsattest.

I dagens samfunn er vaksinemotstand sjeldan. Det har vore demonstrasjonar mot Covid-19-tiltaka til dømes i Tyskland, men stort sett vonar alle at ein effektiv vaksine skal bli utvikla snarast råd. Nordmenn har hatt gode erfaringar med vaksine. Koppar er i dag rekna som utrydda. Den obligatoriske koppevaksinen i Noreg varte til 1976. WHO rekna sjukdommen koppar som utrydda i heile verda i 1980.

At det skulle gå slik, kunne ikkje Nils-Lars på Aurdal vite. For han var vaksinen endå eit pålegg frå embetsmennene for å tyne meir pengar ut av bøndene. Vaksine hadde heller ikkje nokon effekt, meinte han. Han heldt ikkje meiningane sine for seg sjølv.

Dette var slike argument øvrigheita absolutt ikkje ville høyre. Sokneprest Kjeldsrup drog Nils-Lars for retten. I. september 1810 vart retten sett i huset til lensmann Astrup på Blindheim. Klagemålet var forsiktig formulert, men fullt av sprengstoff... at det her i Søkelven skal gives Personer hvoriblant i Særdeleshed en Lars Nilsen Overdal, der har Dristighed nok til at nedsætte hos Almuen de kgl. Anordninger saa som den av 3. April d.aa. om Vaxination».

Dyrlege

Hovudvitne i saka mot Nils-Lars var Hans Jørgen Aure, fødd 1782, frå Kapralgarden på Aure. Han var for ein ekspert å rekne. Han var den første dyrlegen på Sunnmøre. Han hadde studert i fire år og var ein av dei førti første som tok veterinæreksamen i København. I 1806 er han nemnd i samband med at han får tilbakebetalt sine studieutgifter av Bergen Stift. Som motyting skulle han slå seg ned og praktisere innanfor stiftet utan godtgjersle frå det offentlege.

Å vere dyrlege var inga gullgruve. Gardbrukarane hadde ofte ikkje pengar å betale med. Det var vanskeleg å få dekka utgiftene. Han har slått seg ned i heimbygda Sykkylven. Han er på dette tidspunktet 38 år, gift og bur på ein plass under garden Overå. Vi veit at han har det trongt økonomisk og at han i 1815 søkjer om fast løn som veterinær i Romsdals amt, noko som han truleg fekk avslag på. Seinare i livet veit vi at han budde i Bergen.

I følgje referatet frå rettssaka fortalde han at han hadde treft Nils-Lars på landevegen på Eidem. Lars hadde spurt kvar han kom i frå og veterinæren hadde svart at han hadde vore på Kjemphol og vaksinert ein liten gut.
-Trur du vaksinasjon er påliteleg for å verne mot ekte barnekoppar, hadde Lars spurt. Dyrlegen svara at Kongen nok ikkje hadde bestemt obligatorisk vaksinasjon dersom behandlinga ikkje var påliteleg.

Lars viste til erfaringane i Borgund, der doktoren hadde vaksinert born for tre år sidan. Dei same menneska har no fått barnekoppar igjen og mange av dei er døde, sa han. Det kan vere fordi vaksinen ikkje var ekte, meinte dyrlegen, som spurte om ikkje han trudde at Forsynet hadde gitt dei dette middelet mot smitten.

Det meinte ikkje Lars. Han hevda tvert om at vaksinasjonslova var noko som regjeringa hadde funne på for å skaffe fleire embetsmenn eit levebrød. Han trudde ikkje at kongen visste noko om dette, men det var folk i regjeringa som bestemte dette etter eige forgodtbefinnande. Det hadde nok dei høge herrar ikkje våga å gjere utan at kongen hadde underteikna, innvendte dyrlegen. Jau, dei finn på så mykje hokuspokus, sa Lars. Yngstesonen min har ikkje hatt koppar og han skal ikkje vaksinerast før han får det naturleg.

Dyrlegen opplyste om at vaksinasjonen ikkje skulle koste noko. Staten skulle dekkje utgiftene. Og han minte Lars om at sonen hans ikkje kunne bli konfirmert om han ikkje var vaksinert.

-Då er det betre vi blir heidningar eller ville beist på marka om ein må ha vaksine for å bli konfirmert eller ektevigd, meinte Lars. Ei slik ordning ville føre til at religion og gudsfrykt ville forsvinne. Folk ville misse lysta til å gå til kyrkje, for korkje preika eller songen lokkar. Om fleire ville som han, kunne vi redusert prestens inntekter til det halve, fordi preikene er så korte. Desse påboda om vaksinasjon og meir til skulle han trø under fot og trakke ned i skiten. Og dette var han ikkje redd for å seie, om så Kongen og øvrigheita hadde stått ved sida av han og høyrt på.

Har du høyrt slikt utilbørleg snakk hos andre. Var Lars full eller forvirra eller har han ein skrue laus, spurde dommaren. Nei, svara dyrlegen. Lars var kjend for å vere edrueleg. Mange rekna han også for å vere ein fornuftig mann.

Oppvigleri

Fleire vitne vart førte og dei støtta opp om vitnemålet frå Hans Jørgen Aure.

Dei kunne fortelje at Lars hadde sagt om mange av dei siste kongelege forordningar «at han kunde bli gal i hovedet av dem, og at han bryder sig Djævelen om dem». At han forkynte at han ikkje ville etterleve, men bryte dei pålegga som forordninga inneheldt, var oppvigleri mot Kongen og lovlege styresmakter. Det var eit alvorleg brotsverk.

På dette tidspunktet må Nils-Lars ha forstått at han måtte gjere avbikt, skulle han berge liv og eigedom. Då han vart kalla inn for å forklare seg for retten, melde han seg sjuk og vidare rettssak måtte utsetjast. Då retten vart sett igjen to veker seinare i tinggarden i Spjelkavik, møtte 67-åringen som han skulle. No var han ikkje like høg i hatten som i samtale med sambygdingar på landevegen heime i Sykkylven. Han sa at han kunne ikkje hugse at han hadde kritisert forordninga om vaksinasjon. Men han hadde drege kukoppe-innpodinga i tvil fordi vaksinasjonen ikkje hadde fungert i Borgund.

-Var han skjenkt eller forvirra på heimveg frå kyrkje, ville dommaren vite. Han hadde vore til kyrkje og kjende seg sjuk etterpå, fortalde han. Derfor følgde han sonen sin til heimen hans på Aure og la seg på senga. Då han vakna etter ein halvtime, gav sonen han eit glas brennevin og ei skål med øl. Då kjende han seg betre, og byrja på heimvegen til Aurdal. På denne turen trefte han dyrlegen og fleire andre. Han presenterte seg for retten som gammal og avkrefta og ein som lett vart rusa. Han tilbaud seg å betale 100 riksdalar i mulkt til den lokale skule- eller fattigkassa for å få saka ut av verda.

Også sonen var innkalla som vitne. Han kunne stadfeste at faren i sin høge alder var så svekka at han kunne bli rusa av to glas brennevin – ja til og med berre av godt øl. Han kunne fortelje at når faren vart irritert, var han på ingen måte herre over seg sjølv. Då seier han både det han meiner og ikkje meiner, fortalde sonen.

Landsforvist

Det hjelpte ikkje å hevde seg svak og påverka av alkohol. Påtalemakta var nådelaus og ville ta oppviglaren ein gong for alle. Dei styrande ville markere eit eksempel. Soknepresten, som hadde levert den drepande attesten mot storbonden frå Sykkylven, såg sitt snitt til å ramme sin gamle fiende. I dei ufredelege tidene det var internasjonalt, var det ekstra viktig å statuere eksempel og vise at sentralmakta hadde kontroll.

Danmark - Noreg var i krig og blokade.Det var opprørstendensar på kysten. Dei styrande kunne ikkje vere ettergjevande, det ville gå ut over moralen i samfunnet. Ikkje ein gong ein gammal og drukken bonde i Sykkylven kunne visast nåde. Sorenskrivar Kildal skreiv dommen og meddommarane Anders Olsen Blindem og Jørgen Jørgensen Vig slutta seg til med påhalden penn. Lars Nilsen Overdahl vart dømd for å ha lasta og talt formasteleg om dei kongelege anordningar, og spesielt om vaksinasjon. Som straff skulle han bli forvist frå Kongens rike og land, heitte det i dommen. Han måtte i tillegg betale utgiftene som retten hadde hatt.

Tradisjonen fortel at dommen seinare vart omgjort til ei større bot. For å greie å betale denne måte han selje ein del av jordegodset sitt, blant anna eit bruk på Lyshol. Etter dette levde han i Nils-garden på Aurdal resten av livet. Han vart 82 år gammal.

Kjelder: Ola Tandstad. Sykkylven i eldre tid. Sykkylven sogenemnd 1962.
Kjetil Tandstad: Orrfugljakt og presteplage. Årbok for Sykkylven 2018.
Reidar Skarbø: Den første dyrlegen på Sunnnmøre. Årbok for Sykkylven 2014.
Morten Tryland: Kopper og koppevirus – 200 år siden den første vaksinasjonen i Norge. Tidsskriftet for Den norske legeforening 2001.
Halvdan Koht: Norsk Bondereising. Oslo 1926.

Det enkle er ofte det vanskelegaste å få til

Av Eldar Høidal

I 1989 arbeidde eg med manuset til Industrisoge for Sykkylven. Ein viktig del av kjeldeinnsamlinga var å intervjue menneske som hadde tilknyting til industrien i kommunen. Mellom desse var møbeldesignaren Ingmar Relling. I år er det 100 år sidan Relling vart fødd, og det jubileet har blitt markert på ulike vis, både gjennom utstilling på Berlihuset, designkonkurranse og møbelkonferanse. I det følgjande presenterer vi eit utdrag av samtalen eg hadde med Relling for 31 år sidan, 15. november 1989. Ingmar Relling var då 69 år gammal, og framleis i dagleg aktivitet på designarkontoret, saman med sonen Knut Relling.

Eldar Høidal
Eldar Høidal (f. 1956) er historikar ved Stiftinga Musea på Sunnmøre med arbeidsplass på Møbelmuseet i Sykkylven. Han har skrive ei rekkje bøker om møbelhistoriske emne. Elles er han ein ivrig syklist.

Farvel til akantusranken

- Du må fortelje litt om bakgrunnen din og dei første yrkesaktive åra dine.

- Eg er fødd på Rellingplassen i Sykkylven 8. april 1920. Etter folkeskulen tok eg eit framhaldsskulekurs i Velledalen. Det var ikkje så enkelt å få vidare skulegang i 1920- og 30-åra. Det var dei færraste familiar som hadde råd til å koste skulegang på borna sine.

Då eg var 16 år, byrja eg på Vestlandske Lenestolfabrikk, hos Fridtjof Fredriksen som var gift med eldste søster mi, Signe. Der begynte eg som treskjerar. Eg hadde ein flink læremeister som heitte Ljøen. Han flytta seinere til Stranda. Han kunne alt om akantusranken og det som vart kalla bondestilen. Den vert kalla det sjølv om stilen er importert frå utlandet.

Samme året som eg begynte på Vestlandske reiste den åtte år eldre bror min, Adolf, til kunstindustriskulen i Oslo. Eg trivdest med arbeidet på fabrikken. Eg likte å teikne, og med treskjeringa fekk eg utløp for noko av skapargleda mi og sansen for linjeføring. Den tida tenkte eg på å bli biletskjerar. Det vart det ikkje noko av, for Adolf fekk meg suksessivt over på tanken om at eg skulle gå på kunstindustriskulen. Det vart til at eg søkte, og i 1943, då eg var 23 år, kom eg inn på skulen. Eg flytte til Oslo, der bror min nettopp var kome i gang med eit teiknekontor, saman med Rolf Rastad.

-På Statens Handverks- og Kunstindustriskule vart det vel ikkje meir akantusranker?

- Nei, der hadde eg ikkje bruk for akantusranken. Den er jo veldig tidsbestemt. I dag interesserer den meg ikkje i det heile tatt, anna enn berre som form og eg har pietet for det. Men stilmøblar, slike som vi laga i Sykkylven i 1930-åra, dei er uinteressante. Det eg kom over på, var møblar som var meir i kontakt med tida vi levde i, i form og funksjon og teknikk og filosofi. Heile samfunnet er forandra frå den gamle tida, det må dei som skal lage møblar ta omsyn til.

Kjellarbedrifter og dusinvarer

-Kan du seie noko om innhaldet i utdanninga på Kunstindustriskulen. Var det mykje fokus på interiør?

Ingmar Relling

-For å teikne møblar så må du nesten være arkitekt, interiørarkitekt. For det handlar ikkje berre om eitt og eitt møbel, du skal ha eit mykje større begrep om rom og innreiing. Du må også kunne ein heil del både om stilhistorie, om sosiologi og om kunsthistorie, naturlegvis. Vi hadde lærarar som forlangte at vi skulle ha eit vidare perspektiv. Spesielt eg då, som ikkje hadde meir enn folkeskulen og framhaldskulen. Eg la vinn på å forstå ting i eit litt større perspektiv.

Då eg var ferdig med Kunstindustriskulen, var eg fire år hos min bror i Oslo. Eg hadde i grunnen tenkt å slå meg til i Oslo. Men så var det ting som gjorde at eg flytta til Møre igjen i 1951. Foreldra mine begynte å bli gamle, og vi var to brør og fire søstre. Dei andre søskena meinte at ein av oss brørne måtte vere i Sykkylven.

Etter at eg kom tilbake, byrja eg litt med Vestlandske igjen og teikna møblar for dei. Det var ikkje så lett å få innpass hos møbelbedriftene som møbeldesignar då. På grunn av krigen vart det veldig mangel på møblar. Den gongen stilte møbelhandlarane seg i kø for å få møblar frå Møre. Elles var det mange kjellarbedrifter som laga møblar under og etter krigen. Dei gav mange arbeidsplassar og gode inntekter, men det var lite nyskaping.
I 1950-åra arbeidde eg med innreiingar og var interiørarkitekt. Eg hadde Hotell Noreg i Ålesund og Fjellstua og kaféar og mykje meir.

Men så kom midten av femtiåra. Då vart det heilt stopp for kjellarbedriftene, marknaden var metta. Tida var mogen for designarane, og ein kunne byrje å arbeide seriøst med dei fabrikkane som var grunnlagde i 1920- og 30-åra.
Dei første som leverte seriøse møbelteikningar til bedriftene på Møre, var Rastad og Relling Tegnekontor i Oslo. Då snakkar eg ikkje om alle desse her dusinvarene som vart teikna av moteteiknarar. For det var mange av møbelbedriftene som fekk inn teikningar frå Tyskland og utlandet elles, og så sette dei då den flinkaste mannen på fabrikken til å koke i hop nokre arbeidsteikningar.

Siesta – det enkle er det beste

Ingmar Relling har blitt kalla ein sosialt engasjert møbeldesignar. Han ville teikne møblar som var tilgjengelege for folk flest. Kanskje kom det av bakgrunnen hans. Dei hadde alt dei trong under oppveksten på Rellingplassen. Faren, Ole, og mora, Hanna Lovise, streva lange dagar for å skaffe midlar til familien. Men dei hadde inga overflod. Det sosiale perspektivet, ønsket om å gjere livet betre for folk flest, vart styrkt under dei fire åra på skulen i Oslo, og i dei fire åra han arbeidde for broren:

-Eg levde i eit positivt miljø i Oslo. Vi diskuterte stadig faglege spørsmål og korleis faget skulle møtet behova i samfunnet. Etter krigen var det manko på alle ting, og det å kunne nytte ressursane på ein fornuftig måte var sentralt for oss. Eg saknar noko av det engasjementet i dag. No lagar du først og fremst noko for å selje. Etter mitt syn må du ha eit mål med arbeidet ditt.

- Kan du fortelje litt om korleis Siesta-stolen kom til?

- Ja, det var ein konkurranse som vart lyst ut i 1964.

- Og konkurransen gjekk på møblar som skulle eigne seg for eksport?

- Ja, og så skulle ein også kunne bruke dei i friluft. Tidlegare hadde eg arbeidd med møblar, med faste rammer. Så kom eg på tanken: Kvifor kan eg ikkje få heile ramma til å bevege seg? Ein enkel, spenstig konstruksjon, utan fjører og mykje fyllmateriale. Eg ville undersøke om det var mogleg å få til dette på ein enklare måte, ein meir direkte måte, ein meir ærleg måte. Og då begynte eg å arbeide suksessivt. Først i stål, som eg tenkte ville gje ei spenstig ramme. Det var bror min som fekk meg over til trelaminat: Vel, sa han, stål kan du godt bruke. Men reflekter litt over laminering. Laminering? sa eg. Det er heilt umogleg å få det laga!

- Det var ikkje kome så langt då at laminert tre vart nytta i møblar?

Flex-stolen frå 1974. Produsent Vestlandske Møbelfabrikk.

- Det var to fabrikkar som hadde begynt litt. Det var Hove i Stordal og Møre Lenestolfabrikk i Ørsta. Og eg sa det til han, det er nå heilt umogleg å tenkje det. Men eg lydde til rådet og fekk eit omfattande arbeid med å få ein mann til å lage desse benda. Vi kom i mål og stolen vann førstepris i konkurransen og fekk fleire utmerkingar seinare. Og vi kan vel seie at Siesta-stolen inspirerte mange til å prøve å få til noko tilsvarande. For stolen trefte marknaden godt.

- Framleis (i 1989) sel stolen godt for Vestlandske?

- Ja, dei har seld 600 000 stolar. Du hadde kome rundt Sykkylvsfjorden med det.

- Og den går like godt på eksportmarknaden som på innanlandsmarknaden? Så her snakkar vi om eit internasjonalt møbelspråk? Kva er det som gjer at stolen har så brei appell?

- Ein må nesten vere møbelmann og arkitekt for å forstå det. For det er sjølve strukturen i den som gjer det. Enkelheita og strukturen. Pluss at den har ei attraktiv form då. Og så gir den maksimal utnytting av sittekomforten. Fordi du har kanvasen saman med laminatet. Det fjørar. Den blir mjuk.

- Og menneske er ikkje skapte for å sitje i ro?

-Nei. Og det er også andre sider ved stolen. For eksempel måtte vi løyse dette med pakking for transport. Det var ikkje lite arbeid som låg bak det, at stolen skulle ta minst mogeleg plass når han skulle sendast. Eg jobba vel med det i eit halvår, for å finne ein måte utan å bryte form og utan å bryte hovudintensjonen. Eg ville unngå tekniske finurlegheiter, og finne ein enkel måte å gjere det på.

-Og så var det eit poeng at stolen skulle vere enkel å setje saman for kunden?

-Ja. Det at du skulle kunne ta stolen opp og stramme den ut. Det er det enkle som er det vanskelege å få til, det er ikkje det kompliserte. Og det er det som særmerker den stolen. Han er så enkel. Det har ikkje noko med at han er pen eller stygg å gjere. Det er berre ein ting av ein heilskap.

Ingmar Relling saman med det mest kjende møbelet han teikna, Siesta-stolen frå 1965.

I botnen ligg etikken

-Når stolen er så enkel, kvifor kom han ikkje før? Var det slik at tida var moden for den, stilmessig og teknologisk?

-Ja, ein kan lure på kvifor folk ikkje fann opp hjulet før. (Latter) Nei, kunsten er å være naturleg og ærleg. Innanfor det kapitalistiske systemet så skal ein finne opp ting, og drille folk til å kjøpe. Og så seier ein at det er ein trend. Så kan ein seie at Siesta er ein trend. Og kvifor er det ein trend? Jo, fordi den vert seld i store tal. Då begynner alle å interessere seg for det. Du hadde ikkje fått selt den stolen viss ikkje det frettast at han vart seld i store tal i Amerika. Han hadde vore død. Møbelprodusentane er veldig fokuserte på salstal, det er ikkje alltid at dei forstår så mykje av det dei sjølv sel, og kva som skaper suksessar. Og det er det vanskeleg å kritisere dei for. Dei må jo ha sal for å overleve. Men når det gjeld val av modellar, så er det litt for mykje av dette at ein skal ape etter andre. Ein skal til dømes kike på kva italienarane gjer. Det er ikkje så lett å tru at det som ein tufs her oppe i Sykkylven finn på, har noko internasjonalt over seg. Til og med sjefar som skal presentere møblane har ofte lite peiling på kva design er for noko. Det er trass alt litt meir komplisert enn folk trur. Det er ein gjenstand som du skal knyte saman i ei heilheit, og ein gjenstand som peikar ut over seg sjølv.

- Du har lagt vekt på at du vil være fri som designar og ikkje vere knytt til ei spesiell bedrift? Er det blant anna for å sleppe presset om heile tida å levere lettselde ting?

-Ja, du har rett i det. Det er klart at det hadde vore uuthaldeleg og vore på éi bedrift og blitt styrt. Det hadde eg ikkje greidd. Eg hadde lenge før heller vore snikkar, eller treskjerar eller same kva det er. Du har trass alt ei etisk haldning i deg til å gjere eit skikkeleg arbeid. Og viss du stadig må gå på akkord med det, så blir du amoralsk. Du vil miste alt som ein kan seie er realt. Og då vil du heller gjere eit skikkeleg godt snikkararbeid, eller vere gardbrukar for den del.

-Å være kommersiell og å være amoralsk, set du likskapsteikn ved det? Er ikkje det å banne i kyrkja her i Sykkylven?

-Ja, banne i kyrkja er vel tillat for så vidt. Kyrkja toler temmeleg mykje. For eg er sjølv religiøs og eg meiner at religionen står for noko ein skal streve etter.

-Ærlegdom først og fremst altså?

-Ja. Og så ikkje moralisere for mykje over andre, for alle menneske har sitt.

«Ikkje so stutt ein bolk»

Av Ole Strømme

Det er 125 år sidan ungdomslaget Samhald i Straumgjerde vart skipa. Laget er framleis aktivt og veldrive og har hatt mykje å seie for folket i krinsen opp gjennom åra. Ole Strømme var første formannen og her gir vi att talen han heldt på 30-årsfesten for laget i 1925.

Eg vil då fyrst ynskje laget til lukke med dei 30 år. 30 år er ikkje so stutt ein bolk. 1/3 part av eit hundraår å rekne. Og mangt skiftar på dette åremål. Det er ikkje berre mange skifte og ogso store omskiftingar. Det kan me døme om som hev levt med i desse år.

Når eg minnest dei som livde og hadde sitt arbeid i denne grend i 1895, og no ser på dei som lever i dag, då hev mange andlet kvervt og mange nye andlet kome i staden. Umlag 1/3 part er att, sume av dei 2/3 hev flytt vekk til andre grender – men dei fleste hev gjenge gjennom dødens port. Og me som lever att av dei som var med då laget var skipa, hev sume gjenge over dei 50 år eller me er komne upp mot denne milepelen. Me er kvar av oss meir eller mindre merka av liv og alder. Det er den siste part av livet som tek til for oss.

Framsteg

Det er ikkje berre andlet som hev skifta, men livshøve hev skifta mykje. Tun er flutta, nye tun er tufta, nye heimar bygde. Gardane hev fått eit anna utsjåande. Me kan med sanning segja som Ivar Aasen: Dei heve snutt um vollane, og flutt og rudt og bygt.

Den menneskjelege tanke hev på mange måtar i desse år gjort eit veldigt arbeid. Det ser me på dei resultat som vitskapen hev lagt fram for oss. Tanken hev granska himmelrondi lenger og lenger ut i dette endelause rom – grensorne for menneskjeleg gransking hev vorte flytt lenger og lenger ut til slike vidder at ein må bruka ljosår til å måla dei ymse lengder med. Ljosår - den lengd ljoset gjeng på eitt år. Men granskinga hev gjenge til ein annan kant og til sjølve materien til tingen me hev liggande for oss på jorda. Dei hev funne ut, at atomen – dei minste smådelane av ein ting – er bygde som eit solsystem av elektriske urkvanta. All materie, stein, vatn, luft osb er uppbygde av elektriske masser, men på dette omkverve arbeider vitskapen med so ørsmå ting at ein som mål lyt bruka 1/10 milliontedel av ein millimeter.

Der er ein umettande granskarhug i menneskja – og aldri fyrr hev denne gransking vunne resultater som i dei siste 10 - 20 år. Tekniken hev gjort underverk.

1. flygemaskin
2. undervatsbåtar
3. radio
4. sending av bilde pr. trådlaus.

Jorda held på å verta lita. Veglengdene dei vert stuttare og menneskja kjem nærre og nærre kvarandre. Gåtor hev vorte løyste, som ein fyrr trudde var uløysande – og tekniken hev gjort det eine under etter det andre.

No var det ikkje min meining å få dykk ut på dei store vidder der vitskapen arbeider. Eg hadde berre hug å nemne dette so de kan ha ein liten meining um korleis den

Ole Nikolai Strømme
(1876 – 1936) frå Straumgjerde var lensmann, ordførar, stortingsmann (1931 – 1933) og sosialminister i Mowinckels regjering (1933-1933). Denne talen heldt han til 30-årsjubileet til Ungdomslaget Samhald i 1925. Talen blei halden i ungdomshuset Vaarvon, som stod ferdig i 1912.

Svein Flaate, som er barnebarnet til Ole Strømme, og har skrive eit hefte om han, har skrive inn talen på basis av den handskrivne kladden.

Ole Strømme som ung.

menneskjelege tanke leitar og arbeidar på å granske ut og openberra løyndomane i naturen. Eg hadde elles hug til å halde meg i heimegrenda til meir kvardagslege ting og syna kva skifte her hev vore.

I 1895 fanst her ikkje ei einaste slåmaskin i grenda; det var ljåen og handemakta som laut greida slåtten. Men no er det slåmaskin mest på kvart gardsbruk, og dessutan rakerive og høyvendar. Det er maskinar og hestar som no greider det meste av slåtten. Eit veldigt umskifte. Ein stor kapital er lagd ned i kjøp av alle desse maskinene.

Me kan ta båtane. I 1895 fanst her ikkje ein einaste motorbåt. I kring 1900 var det vel ein fekk sjå ein og annan motorbåt, men det var rekna som eit reint bisn. Og no: Jau no er det rekna som eit bisn å sjå att ein seglbåt. Eit heilt umskifte.

Eg vil og nemna eit anna døme: I 1895 måtte me heilt til Aure for å få post. So vart det posthus i Velledalen. Og postberaren dit tok med seg 1 eller 2 gonger i veka posten hertil: Men det vart berre eit par aviser og ei 2 – 3 brev. Og no: Post 5 gonger i vika – og fleire sekkjer kvar gong med blad og brev.

Telefon hadde me ikkje her i bygda. Me laut til Ørskog eller Ålesund dersom me vilde nytta den. Rutebåt hadde me ikkje her inne i fjorden, før «Nordfjord» tok til – ein gong um 14 dagane eller kva det no var. Dersom han ikkje var 12 timar forseinka, rekna me med at han var nokolunde i rute – vart det eit døgn, so tykte me det drog. Og no, rutebåt mest kvar dag. Er denne forseinka eit kvarter, so er me huga å klaga, og er han forseinka ein halv time so skjenner me so smått.

Sterke forandringar

Det er også noko anna eg hev hug å peika på: I 1895 fanst her ikkje eit einaste gjentehovud med hatt. Det var plagg som dekte hovudet, plagg med silkefaks som breidde seg mjukt og stilfullt over hovud, akslar og rygg. Og no – det er mest som eit bisn å sjå att eit gjentehovud med plagg. No er det hattar i alle slags skap og former. Eit heilt umskifte. Det var ei tid eg var ivrig for at ein laut halde på plagget; men mitt arbeid i den tid det var til inga nytte. Det vart som å kaste sandkorn i havet. Moten drog av med heile gjenteflokken.

Og gutane: Ja i 1895 fanst her knapt nokon gut som hadde frakke eller kappe av ty. Det var oljekappe dei hadde ein og annan. Eg gav meg um på lærarskulen på Stord i 1893. Då eg kom heim i 1894 kosta eg meg ei tykappe til 15 kr. Det kunde vere godt å ha noko på reisa frå Bergen – Ålesund når ein berre hadde dekksplass. Men eg hugsar, då eg kom vegen ned til Straume, kjem ein mann burt åt meg og segjer dette: Var det ikkje tidsnok du kosta deg kjortel når du hadde fått krage. Eg sa ingen ting, det kan hende eg kjende meg litt sår ved orda. No hev kvar gut kappe eller frakk – og ære vere dei for det. Det er berre gildt å sjå at den økonomiske råd er so god at ein kan kle seg med sømd, og at ein kan kle seg så ein ikkje frys.

Skrift og tale

Ein snakkar om knappe pengetider. Men det vil eg segja, at for 30 år sidan var den økonomiske råd mykje mindre enn no. Men folk levde eit mykje meir økonomisk og sparsamt liv so dei fekk det til å henge i hop korso.

Det er eit anna umskifte eg og var huga å peika på: I 1895 var all upplæring i folkeskulen på riksmål. No hev upplæringa kome heilt over på norsk. Eit heilt umskifte. I 1895 var salmesongen i kyrkja berre på riksmål. No syng me ogso mange salmar på norsk mål. Og til jol fekk me eit heilt salmeverk på norsk, so no kan me, om ein so ynskjer lata den norske tunga heilt overta songen.

Men på eit anna umkverve trur eg framandmålet hev ete seg inn i, det er talen. Eg trur dei tala reinare bygdemålet sitt i 1895 enn no. Eg skal nemna eit par døme: 1895 høyrde ein aldri anna enn farbror, morbror, fastemann, farbrorkone osb. Men no er det ikkje så sjeldan å høyra at folk vrakar desse greie namna og tek til å hamra inn i borna dei uskynelege orda: onkel, tante. Dette trur dei skal vera finare og meir dana. Ja, ja, det er so mangt folket kan finna på å tru.

Når ein for 30 år sidan kom inn i stova åt ein annan var helsinga denne: God dag, God kveld osb., og dei gamle svara så vyrdelegt, varsamt og varmt: Gud signe deg. Sjå finna deg ein sess! Og når ein gjekk so høyrdest det både frå husfolk og gjest: Leva vel! – Men no: no er det adjø. Det er visst berre få som skynar kva dette ordet tyder. For dei fleste hev det vel ikkje meir å segja enn eit hundegnell. Det er vel den store flaum av riksmålsbøker og blad som kvar veka og dag vert spreidd utover grend og bygd og det større samver med byfolk som gjer sitt verk, men her treng ein å vera på vakt.

Strømmegarden i 1910, Ole Strømme, sonen Sverre med hunden sin, Gardsang og systra til Ole, Kanutte.

Lat me på denne åremålsfesten også venda tanken mot dei mange venlege heimane i grenda. Lat me minnast kva arbeid og strev som der hev vore lagt ned. Då vil me betre kunne skjøna det miljø me hev vakse upp i og skal liva i. Det er eit trufast arbeidsliv i sparsemd som hev skapt desse heimane. Og so vert det og ein kunst å vera glad og tilfreds um den økonomiske råd ikkje kan vera so stor. Då trur eg me kan ha godt av å sjå attende ei 60 – 70 eller 80 år, då desse plassane kring um i grenda vart rudde og bygt.

Den store kunst det er å finna seg til rette på den plass ein hev fått og vere arbeidsglad og tilfreds. Her hev vore mykje strev og slit – men og trur eg å kunne segja her hev lyst glade smil og gode tankar. So mang ei gjenta hev vel sagt som prestekona Hanna Winsnes: «Ja, lykkelig den som en buskap kan eie; men har jeg ikke gård vil jeg være budeie».

Og mang ein gjetargut som gjekk i fjellet, stundom bada han seg i sol, men stundom fraus han og lengta til gards – og gret. Men som likevel då han kom lenger upp i åra kunne segja: «Aldri fekk eg lettare bør å bera enn gjætarprinsa!»

Skrinnrabb vart gard

Når eg skal skildre kva arbeid som hev vore nedlagt då trur eg eg vil føra tankane attende ei 60 – 70 – 80 år då alle desse plassane vart utskilde og bygde. Eg vil fortelje kva desse rudningsmennene sjølve fortalde før dei gjekk i si grav.

Soga vert umlag soleis: Ein gut og ei gjente dei knytter lovnadsband for livet. Dei stod der i sin ungdoms friske, ljose vår. Dei vilde ha eit stykke mark i heimegrenda der dei kunde tufta ein heim. Men det var ikkje so liketil. Det var få som hadde jord til overs. Til slutt fekk dei lovnad på ein skrinnrabb, ein steinteig der gardeigaren fann det lite lovande å skrapa den magre jord etter dei få grasstrå som vaks der. Og glade var det



Den handskrivne talen til Ole Strømme.

unge par. Pengeråda den var nok lita. Dei hadde tent nokre år for ei årsløn på 3 – 4 dalar – men det vart ikkje stor kapital å byrja med. Dei tok likevel fatt med arbeidsmoral og arbeidslyst, med kraft og ihug. Dei fekk bygt ei lita stove og ei løda. Men det var ikkje mange strå dei fekk inn i løda den fyrste hausten. Ofte ikkje meir enn for til ein sau. Men likevel: Modet lyste og dei gjekk på med seig trott: det vart ein kamp for livet – men med den sikre von: Me skal nok greida oss!

Råda var ikkje stor nei. Det var ikkje greidt å finna utkome til det som kjøpast skulde. So kom barneflokken til. Det vart fleire munnar å mette. Det var ikkje liketil å skaffa mat på bordet til kvart mål. So trengdest sko på fot og kle på kropp. Sanneleg det var ikkje greidt.

Men mann og kona hadde teke fatt med hardt arbeid, og dei heldt ut med seig trott. De søkte arbeid hjå grannar for ei dagløn på 12 – 20 eller 24 skilling um dag – og ellest streva dei på plassen; dei rudde bot etter bot, kasta stein i røysar, dei sleit og drog frå morgon til kveld. Når det travle dagsverk var endt, verkte det so vondt i arm og rygg.

Men det var det same: Dei såg si løn i attelega eller åkremolen som vaks for kvart år og høybyrdene vaks kvar sumar, og løda fyldest meir og meir for kvar haust som kom. I fjøset vaks det frå 1 sau til 2 sauer – det var ei ku, tvo kyr og kan hende nokre geiter. Plassen vart ein betre og betre, kjærare og kjærare heim. Av og til kunde vel mismodet siga innyver den arbeidsslitne mannen og kona, men då vender eit par, kan hende også 2 par doggfylte augo seg mot høgda, og der steig ei stille varm bøn for heimen, for barneflokken.

Og borna som vaks fram fekk sjå, dei hadde ein heim, der dei vaks i livd av den mest uppofrande og sjølvgløymande kjærleik frå far og mor; dei fekk liva seg inn i eit arbeidsliv i små kår, eit arbeidsliv bore av truskap og ofte helger i bøn. Dei kunde so mang ein gong segja: Strævet åt far og mor lærde meg å stave – «kjærlighet». Minnekransen frå den vesle stova kom til å lysa med heilag glans for heile livet. Ja slik var soga åt plassefolket som tok den urudde plassen.

Eg nemner dette for me betre kan skyna dei ord: «Stort arbeid ned er lagt til landsens fred og makt – Gud sign dei kvar og ein som søv der under stein». Me skal ogso hugse kva miljø me vankar i.

Tidene skifter

Denne fjorden som buktar seg innetter han ligg nok som han hev lege stundom smilande i sommarsol med blomar og lauvprydt skog rundt ikring, stundom i rók og eim, når stormen jagar gjennom bygder, stundom gøymd under storkna is – og so igjen syner han eit blankt auga eller ein god svevn, når isen tinar. Men ogso sjøen skiftar: Bileta frå arbeidet på gardane rundt ikring skifter – og sjøen fangar upp bileta av slekt som kom og fer – stilt og umerkjande. Der vart bygda si soga spegla. So hev me då dei høge fjell som lyfter seg upp mot den blå stjernehimmelen; dei stend der og dreg tanken uppyver mot høgda mot Gud dei lyfter hugen til ævelivsheim. Det er ikkje som mange trur at livet på ei bondebygd det er berre eit træleliv som ligg fastbunde til ein moldklump. Nei, i den vesle stova under dei små kår kann evner mognast til rikt virke.

Det er skifting ja. Men er der då ikkje noko som er konstant, uskiftande – som hev varande verd for ætt etter ætt. Ja, der er nok det og. Der er noko som gjev varande verd. Gud hev sagt oss det, og eg skal nemna det: Heidra far din og mor di, og det skal gå deg vel, og du skal leva lenge i landet.
Det skal gå deg vel og du skal leva lenge i landet! Der fær ein høyra um noko som skal vara, ei signing som skal lysa over heimar og ætti i lange, lange tider, berre dei vil hugsa dette: heidra far din og mor di.

Heimen kan vera fatig, kåra trange og råda lita, men hugs! I barmen åt far og mor bankar eit hjarte so varmt, i hugen lyser ei bøn so innarleg for deg som barn. Ver ikkje blind for denne kjærleik, høyr på bøna og leid den same bøn, for bøna er brenn-punktet for dei dyraste kjensler og varmaste ynskje for deg og ditt liv. Heidra far din og mor di! Tak imot den gode arven dei gav deg, vyrdsla han og bygg vidare på det som er godt og reint og heilagt for ætta. Då hev du fått tak i det som gjev varande verd her.

Ole Strømme, lensmann, ordførar, stortingsmann og sosialminister i Mowinkels regjering..

Laget må verte ein tårn

Når ein kunstmålar skal måla eit landskap eller eit einskilt hende, gjeld det for han å finna den rette grunntonen for maleriet, det rette miljø. Han kan sjå at verket er heldigt og at det er emne til eit kunstverk. Ein slik kunstnar kan ofte stå og streve time etter time før han finn den grunnfarge/grunntonen som bildet må ha før det vert til det det skal vera. Sol kan lysa, skyer kan myrkna når so kom der ein augneblink då han fekk sjå partiet i det ljos, som gav miljøet. No hadde han det! Han tek pensel og palett og målar. Han hadde funne dei fargane som han skapte til eit meisterstykke av varande verd.

Og slik er det med oss og. Det gjeld å finna det rette miljø, den rette grunntonen for vårt liv. Då vil eg segja: Der er eit miljø. Det fjerde bodet. Vert ditt liv måla i det miljø - då vert der harmoni og samspel – då er du viss um å vinna varande verdiar.

Kan ein so med dette som miljø segja um den unge guten og den unge gjenta; «Han stod i ungdomsvår, med tanken kvass og klår, med kjærlegdom i barm, med viljestand, med høge mål». Ja då stend der framfyre oss eit ideal av ein ungdom – Eit menneskje i harmonisk vokster.

Når me no held ein åremålsfest att, so er mitt ynskje at arbeidet i dette laget må verte drive slik at laget kan hjelpe dei unge gutar og gjenter i grendi til å nå fram til eit ideal av ein ungdom. Det er også mitt ynskje at laget må verta eit tårn – som stend her like fast og konstant som Straumshornet og Straumsheimhornet, stend her peikande uppover, stend her og strålar ljos ut til dei unge ætter som veks fram i heimane rundt ikring.

Torunn Vik
født 1956, har vore førskulelærar og einingsleiar ved Ullavik barnehage.
Ho er i dag pensjonist.

Barndomsminne frå Vik- og Viko

Av Torunn Vik

Sykkylven er ikkje berre ei møbelbygd. Her var det også fleire konfeksjonsfabrikkar. Ein av dei var Viko As på Vik, som på det meste hadde 27 tilsette.

Vi var tre sysken som vaks opp i Fenrikgarden på Vik, Ola Johan, Hallbjørg og Torunn. Far fortalte at han starta opp konfeksjonsfabrikken i 1935. I den første tida brukte han kjellaren og eit rom på loftet i Fenrikgarden. I starten hadde verksemda berre ei sydame, og når han skulle levere ei kåpe eller ei drakt utanbygds, så sykla han med den til posthuset på Aure.

Bjarne Enstad, som kom frå Bjorli, kom inn i drifta som medeigar i 1939, og same året fekk dei bygd eit fabrikklokale på ein etasje på garden. I 1946 vart fabrikken utvida med ein etasje til. Far hadde gått med planar om å bygge på ein ekstra etasje då han møtte Pihl-Andreas (Andreas Aure) ein dag. Far spurde kva det ville koste. Pihl-Andreas tok opp ei fyrstikkøskje frå lomma, tok ut fyrstikkskuffa og rekna ut anbodet på baksida, og slik blei det.

I andre etasje var det sysal og fire hyblar for tilsette. Kvar hybel hadde ein kjøkkenkrok med skap og skuffer, kokeplate og ei uttrekkbar brødfjøl. Elles så var der ein divan, ein lenestol og ein liten vedovn. Nede i gangen ved kontoret stod der ei stemplingsklokke med namnekorta til arbeidarane. Kring om i fabrikken vart det hengt opp høgtalarar slik at alle kunne høyre på radio.

Bøker og brus

Det vart kjøpt inn mykje bøker som dei tilsette kunne låne, det var stadig omreisande bokseljarar på dørene den gongen. Brus-Petter (Petter Emdal) frå Stranda var ein kjærkomen mann. Han selde trekasser med Asina-brus. Var vi heldig kunne vi få oss ei slik lita flaske med spikarhol i toppa. Sugerør hadde vi ikkje. Dette var på 1950-1960 talet. På den tida var det mange som ikkje hadde telefon. På telefonlinja til Viko var både Fenrikgarden og Sjursgarden knytte til. Signala var kort, lang og ein lang og ei kort ringing. Når det galdt nokon frå nabolaget som ikkje hadde telefon, vart det ringt heim til oss, og då måtte vi borna springe og hente den det var telefon til.

Vi ungane var mykje ute på Viko, og leika både ute og inne. Vi brukte papp frå stoffstuane til å teikne på, ofte med blått skreddarkritt. Hallbjørg var interessert i kåpestoff og lærte seg tidleg å bruke symaskin og knappemaskin. Ho var ikkje gamle jenta då ho sydde skjørt til seg sjølv og venninnnene sine, og kåpe til meg.

Arbeidarane var alltid hyggelege å snakke med. Det var nokre eg hugsa betre enn andre, til dømes Sverre Alfarnes og Sigurd Overvoll, som strauk og pressa kleda så dampen frå pressa stod rundt dei. Anne Lade og Agnes Storejord hugsar eg også veldig godt. Anne Lade, som var frå Velledalen, budde på hybel på loftet til Ludvig Hole, der var vi ofte på besøk. Etter at ho hadde slutta på Viko og flytta fram att på La, sykla eg og ei venninne dit fram på besøk.



Olav O. Vik på sykkelen som han brukte å frakte ferdig konfeksjonsvare til posten på Aure.

På det meste var det 27 tilsette ved Viko konfeksjonsfabrikk.
I 1946 vart 2. høgda tatt i bruk. Det var Pihl-Andreas (Andreas Aure) som stod for utbygginga.

Konfeksjon

Det vart sydd mange kåper og drakter, kapper, frakkar og dressar. Desse vart selde til Oslo, Stavanger, Ålesund og Finnmark. Også bygdefolket fekk kjøpe, alt etter mål. Viko hadde mest fokus på og selde mest av damekonfeksjon, som stadig endra stil, farge, snitt og modellar. Dette vart krevjande for ei lita bedrift. Viko leverte god kvalitet, men lønsemda vart ikkje den beste. På det meste var det 27 tilsette, dei fleste kvinner. I 1958 slutta Bjarne Enstad, og far vart då åleine om drifta fram til han avvikla på midten av 1960-talet.

Hallbjørg og eg tok hand om mange dressar, kåper og drakter etter at Viko var avvikla. Vi har hatt mykje glede av dei mange antrekka. Skulle det vere samlingar med ymse kostyme, hadde vi fleire antrekk å velje mellom. I 2012 vart vi utfordra av Berit Furholm på «Din Stil» om å vere med på eit moteshow på Cylindra. «Din Stil» viste det siste nye i motebiletet og vi var fleire i vår familie som viste klede frå ei svunnen tid. Vi hadde med to av far sine barnebarn: Olav Sindre og Berte Helen, i tillegg til at Hallbjørg, mannen Torbjørn og eg viste klede frå Viko.

Søstrene Hallbjørg Støylen og artikkelforfattar Torunn Vik viser moteplagg frå farens konfeksjonsfabrikk Viko. Foto: Arild Solberg.

Moteshow frå ei svunnen tid. Her er det barnebarna til Olav O. Vik som viser fram siste skrik frå gamle dagar. Foto: Arild Solberg.

Bent Tandstad
fødd 1955, frå Jakupgarden på Tandstad er frilansjournalist og litt pensjonist etter å ha jobba nær 40 år i norsk presse, blant anna i Sykkylvsbladet, Gjengangeren og Sunnmørsposten. Dei siste 23 åra har han jobba i nyheitsavdelinga i NRK på Marienlyst i Oslo. Busett i Horten i Vestfold.

Fjellfolk på tur - spionar eller skreppehandlarar?

Av Bent Tandstad

Den engelske fjellpioneren William Cecil Slingsby gjekk og klatra mykje i norske fjell, også i sykkylvsfjella. I boka «Norway – the Northern Playground» fortel han om korleis han og turkameraten Emmanuel Mohn vart tekne imot i Velledalen ein gong seint på 1800-talet.

I boka fortel Slingsby at han og bergensaren Emmanuel Mohn hadde kryssa det han kallar «the grand pass», Brunstadskaret, og kom seint ein sommarkveld ned til ei lita grend høgst oppe i bygda. «A hamlet at the head of smiling Sökkelven», som det står i boka.

Nyfikne

Han nemner ikkje namnet på grenda, men det er naturleg å tru at det er snakk om Brunstadgarden. Karane er slitne og svoltne etter den lange turen, og dei lengtar etter eit godt måltid mat og ei rein seng. Men dei vart møtte med ikkje så reint lite skepsis, fortel Slingsby. Bygdefolket var ikkje vane med turistar, og dei møtte dei reisande med ei blanding av nyfikne og skepsis.

Han fortel at alle dei møtte på turen gjennom grenda stilte dei same spørsmåla.
Framandkarar?
Kvar er de frå?
Kva heiter de?
Skal de til Ålesund?

Då Slingsby fortalde at han var frå England, då fekk han kjapt spørsmålet om han var frå London. Så den britiske metropolen var tydelegvis godt kjend av sykkylvingane på slutten av 1800-talet. Slingsby sjølv var frå Yorkshire i det midtre England, det såkalla Midlands.

Bygdefolket gav seg ikkje med det. Dei lurte på at det var regjeringa som hadde sendt dei på denne ferda. Om dei var skatteinspektørar eller om dei leitte etter mineral i fjella. Fleire meinte at isøksene dei hadde hengjande på ryggsekkane sine kunne ha noko med det å gjere.

Andre igjen lurte på om dei dreiv med fiskeoppsyn. Dei fekk også spørsmål om dei var omreisande handelsmenn og om det var vareprøver dei hadde i ryggsekkane sine. Andre trudde dei var målarar som brukte naturen i området som motiv. «Alle desse spørsmåla, og vi som berre var to svoltne fjellklatrarar som lengta etter eit glas mjølk, ei skorpe byggbrød og ei seng å sove i», skriv han i boka.

Til slutt var Slingsby så lei av å få dei same spørsmåla heile tida, at han fekk Mohn til å gi svar på alt før dei innfødde rakk å starte utspørjinga. «I starten svarte vi høfleg på alle spørsmåla, men etter kvart vart vi ekspertar og tok vinden ut av segla deira ved å svare på spørsmåla før dei hadde sjansen til å stille dei», skriv han. Og det var tydeleg at dei to fjellfantane vart meir og meir irriterte over at ingen ville tilby dei mat og husly.

Til slutt fekk dei mat og seng hos eit eldre ektepar.

William Cecil Slingsby skriv i boka at dei ein gong hadde ei liknande erfaring på Standal ved Hjørundfjorden, der dei vart nekta husly og mat på åtte gardar. Han vil likevel ikkje gå så langt som å skulde sunnmøringane for å vere lite gjestmilde, fordi han mange gonger hadde blitt teken godt mot rundt om på Sunnmøre.

Det var snarare ein form for skepsis og mistanke om at dei var noko heilt anna enn det dei gav uttrykk for, trur han.
«Det var umogleg å få folk til å forstå at vi var på tur fordi vi fann glede i det, og fordi vi sette stor pris på dei vakre fjella. Mange trudde at vi var spionar frå styresmaktene, og at vi kom til å rapportere at det var grunnlag for å auke skattane», heiter det i boka.

Stygge fjell

Slingsby fortel at dei lokale bøndene i stor grad ikkje forstod korleis nokon frivillig kunne oppsøkje desse ville fjella. I deira auge var fjella stygge og meir til sorg enn til glede. Det var dyr som gjekk seg vekk, og det kunne vere snøras som tok liv av både menneske og husdyr. I boka skriv Slingsby blant anna om fleire store snøras, som tok mange menneskeliv i Hjørundfjorden.

Den engelske overklasseturisten har også ein del å seie om fenomenet overtru på Sunnmøre mot slutten av 1800-talet:
«The Söndmöre folk, are even now, I am glad to say, delightfully superstitious, skriv han. Altså at sunnmøringane er "herleg overtruiske". Det er særleg alle historiene om Heilag Olav han viser til, at mange underlege formasjonar, sår og merker i fjella blir knytte til historier om ulike mirakel helgenkongen stod bak på reisene sine i området.

Boka «Norway – the Northern Playground", med undertittelen "Sketches of Climbing and Mountain Exploration in Norway between 1872 and 1903", vart publisert av eit forlag I Edinburgh I Skottland I 1904. Boka har I lang tid vore utselt frå forlaget, og utgåva eg har fått tak i er produsert av Scholar Select i USA ved at dei har fotografert kvar enkelt side av ei gammal bok og sett saman til ei ny bok.

Det betyr at kvaliteten ikkje er særleg høg, men det er godt mogleg å lese boka. Slingsby tek føre seg opplevingar frå norske fjell, og opplevingane i Sunnmørsalpane er berre ein liten del av innhaldet den omfattande og detaljrike boka.

Boka er også omsett til norsk, men den norske



William Cecil Slingsby fotografert på Store Skagastølstind i Hurrungane i Jotunheimen, eit fjell som kom til å bety mykje for den engelske fjellpioneren. (Wikimedia Common)

«The Grand Pass», som Slingsby kalla Brunstadskaret, og Brunstaddalen sett frå Tretindane. (Foto: Bent Tandstad)

utgåva er også svært vanskeleg å få tak i. Men ho kan lesast gratis på nettsidene til Nasjonalbiblioteket. På norsk har boka fått tittelen: «Norge – den nordlige arena».

Boka er sjølvsagt svært interessant for alle fjellinteresserte, men gir også eit godt innblikk i korleis vanlege menneske levde i Noreg på slutten av 1800-talet her i landet. Ingen tvil om at det var stor skilnad mellom ein mann frå den engelske overklassa, og den norske for den del, og menneska som prøvde å overleve best dei kunne på tungdrivne gardar ved foten av dei ville fjella.

Aldri konjakk
Her er også mange gode råd til klatrarar og andre fjellfarande, blant anna desse to:
«Drikk aldri konjakk eller akevitt før dagens økt er overstått. Ved tvungen overnatting ute, sky begge deler som pesten.»
«Sørg alltid å ha med rikelege mengder av mat og drikke. Turen kan ta lenger tid enn venta.»

Det høyrer med til historia at både C.W. Slingsby og Emmanuel Mohn har fått fjelltoppar kalla opp igjen etter seg i Sunnmørsalpane. I Molladalen i Ørsta finn ein både Slingsbys topp, også kalla Ystenestinden, og Mohns topp.



Fakta om William Cecil Slingsby:

- Fødd 25. mai 1849 i Bell Busk, nær Cargrave i Yorkshire. Familien var eigar av ein stor tekstilfabrikk og var velstående. Utdanna lærar.
- Gift med Allizon. Saman hadde dei fem born.
- Død 26. august 1929 i Yorkshire.
- Fekk tidleg interesse for fjellsport og klatring, I åra frå 1872 til 1921 var han på 21 turar til Noreg. Var førstemann på 45 norske fjelltoppar i Jotunheimen, Romsdal, Sunnmøre og Nord-Noreg.
- 21. juli 1876 var han førstemann på Store Skagastølstind i Hurrungane i Vest-Jotunheimen. Dette markerte starten på norsk fjellsport.
- Har blitt kalla «den norske tindesportens far».
- Vart medlem av Alpine Club i 1880 og fungerte som visepresident frå 1906 til 1908. Var president i Yorkshire Ramblers Club frå 1906 til 1908. Æresmedlem av Norsk Tindeklub i 1908 og av Den norske turistforening frå 1909.
- Gav ut fleire bøker om klatring og fjellsport, den mest kjende er «Norway – the Northern Playground» (Kjelde: snl.no)



Fakta om Emmanuel Mohn

- Fødd 15. februar 1842 i ein velstående familie i Bergen.
- Død 26. april 1891 i Utne i Ullensvang.
- Var adjunkt, fjellvandrar og teiknar.
- Ein av pionerane i norsk fjellvandring, med særleg interesse for Jotunheimen.
- Var på mange turar i Sunnmørsalpane saman med Slingsby.
- Viktig bidragsytar i årbøkene til Den norske turistforening. (Kjelde: snl.no)
- Sleit med psykiske vanskar store delar av livet. Tok livet av seg ved å kaste seg på sjøen under ei reise frå Bergen til Hardanger.

Minne om skiidretten i Sykkylven

Av Jostein Fet

Det vart tevla med dødsforakt i hoppbakkane og langrenn kunne vere ein kamp mot einekagane. Minna om barndommens skiheltar er framleis levande for artikkelskrivaren.

Jostein Fet
er fødd i 1924 og oppvaksen på Fet i Sykkylven. Har teke filologisk embetseksamen med norsk hovudfag og engelsk og historie mellomfag. Har undervist på Volda lærarskule og ved Høgskulen i Volda 1970 – 1991, dei siste åra som undervisningsleiar og dosent. Har gitt ut over 30 bøker og ei mengd artiklar. Er æresdoktor ved Universitetet i Bergen.

Denne artikkelen er eit memorat, dvs. eit skrift basert på slikt som eg kan hugse frå mi eiga barndoms- og ungdomstid i 1930- til 50-åra. Skriftlege kjelder brukar eg så lite som mogleg, men ein del årstal har eg frå trykte kjelder, først og fremst bygdebøker o.l. I omtalen av ein del deltakarar, særleg dei som eg kjenner frå Velledalen, kjem eg med småhistorier og replikkar som strengt tatt ikkje har med skiidrett å gjere, men som er meint å gi farge til framstillinga og karakterisere deltakarane.

Eg voks opp i ei tid då skiidretten på Sunnmøre var lite utvikla. Nokre avisreferat viser dette. I ei avis blir det fortalt om jenter som tidleg var bevisste på at dei var like bra som gutane i skiidrett. Dei var tidleg ute i likestillingskampen. Det galdt ikkje minst i klesvegen. Nokre jenter i Volda fortalde at dei måtte kle seg i stakk og kvinneklede og lure seg opp om garden til dei var ute or folkeaugo. Der gjekk dei inn i ein sommarfjøs, hengde frå seg kvinnekleda, fekk på seg bukser og tok seg fram til løypene som gutane brukte. Men han Spinneri-Syver, rettleiaren deira, hadde sagt til dei at dei skulle tevle om å gå *vakkert* på ski. Spinneri-Syver, *Sivert Rotevatn* (f. 1869), skifabrikant, var ein av skiveteranane i Volda. Vakker skigåing bestod bl.a. i at jentene skulle renne unna bakke og ripe med stavane. «Bøy no knea, tause, når dokke renn unda bakken, og hald stavane samla på eine sida te å brimse med.»

«Den likeste Skiløber»
Ein sunnmøring hadde sett på eit hopprenn i Telemark. Telemarkingane stod ranke som ljos i lufta. Dei hoppa minst 20 meter, det var knapt sunnmøringen orka å sjå på, så nifst var det. Men i privatbreva etter farbror Anton Nikolaisen Fet, som eldste syster mi, Borghild Neset f. 1916, har teke vare på, er det utsegner som tyder på at skiidretten i bygdene våre byrja mykje tidlegare. Anton har ei «Skiløbervise», truleg frå ca. 1900, han var fødd i 1890: «Hurra hurra hurra jeg kan den godt Ærbødikst Anton Nikolaisen Fet. Anton Nikolaisen er den likeste Skiløber som findes i hele Norge eller hele Verden...» Anton var ein stor humorist og han legg ikkje fingrane imellom i sjølvskryt.

Gjennombrotet
Men det er 1916 -1917 som er gjennombrotsåra for skiidretten på Sunnmøre. Sunnmørsavisene gir meir og meir plass til idrettsstoff. På Stranda vart det halde skirenn våren 1916, no var turen komen til Søre Sunnmøre. I Volda skulle det vere tevlingar i «lengdelaup», «lengdelaup med skyting», «hopplaup» og «bakkelaup for gjenter».

Litt etter litt kom dei også i gang i Sykkylven. Nokre av mine første inntrykk av tevlingane gjeld langrenn i Velledalen, naturleg nok, for dei var nærast for hand og vi kjende dei som var med. Det var ein viss konkurranse mellom Nedai Brauta og Framai Brauta, slik det har vore i uminnelege tider. Men Nedai Brauta var det einast på Fet det var landskap for langrenn, sjølv om der var bratt og mykje skog. Å gå på ski på Fet vart ein evig kamp mot einekagane. På Dravlaus og Velle var det berre flate jorder og bratte urer. Ein kunne ikkje vente seg langrennarar derifrå. På Brunstad og Hole og La var det derimot svære utmarker som innbaud til skigåing.

Stavteknikk

Ein av dei første langrennarane eg hugsar var han Jo-Petter på La, *Petter Lade* (f. 1908). Han var aktiv langrennar i åra 1925 – 40, m.a. vann han 17 km i klasse A i Fjellsæterrennet. Han hadde tileigna seg ein viss stavteknikk, som gjekk ut på at han, når han skulle ta eit nytt stavtak, vippa staven framover ved hjelp av kneet. Slik sparte han på kreftene. Vi gutungane på Fet tok etter og la vinn på å vippe staven som han Jo-Petter. Også Hauknut-gutane på La var med ei stund, i alle fall han *Arne Lade* (f. 1909) og broren *Hjalmar Lade* (f. 1917). Ein annan som gjorde seg gjeldande ei viss tid, var han Rime-Kaspar, *Kaspar Lade* (f. 1916). Så vidt eg hugsar, var han meir ein *brøthest*, heilt ulik han Jo-Petter.

Men no kom Hole-karane meir og meir med. Den første store av dei mange Hole-gutane var Bø-Harald, *Harald Lødøen* (f. 1910). Faren var frå Honndalen, og Harald hadde langrenn i blodet. Av yrke var han maskinsnikkar. Han var spesielt aktiv i tiårsperioden frå 1926 til 1936. Han vann 17 km i eit bygdarenn i 1935. Fitjagutane var no komne så langt at dei gjekk dei fire kilometrane fram til ungdomshuset, der både starten og innkomsten som oftast var. Eg hugsar eit skirenn som Lødøen vann, kanskje var det bygdarennet i 1935. Han fortalde om løypa som gjekk fram i Holebotnen, som betydde ei kraftig stiging frå ungdomshuset. Komen fram i Holebotnen visste Lødøen råd, han tok av seg skiene og smurde dei med Rekord, den velluktande glivoksen som hopparane brukte. Harald fekk ein skræmeleg fart tilbake til ungdomshuset. Eg var berre gutungen den gongen, og eg stilte meg opp nær Lødøen og slukte kvart ord han fortalde. Eg hugsar eg la merke til eit par sveitteperler på nasen, det var alt. Harald var også hardingfelespelar og spelte slåttar etter Gamle-Hjortdalen, Rime-Knut og Rime-Ole.

Litt seinare kom andre Hole-karar med, først han Jørn-Syvrin, *Severin Hole* (f. 1915) Han var ein av dei beste langrennarane som Velledalen har fostra. Han flytte nokså snart til Stranda, der kona hans var ifrå. Det kan vere ein av grunnane til at eg ikkje har meir presise minne om han. På Stranda kom han i lag med eit par andre langrennarar som ei tid var store på Sunnmøre, nemleg P. A.S. Langlo (ikkje møbelfabrikanten) og Reidar Tronstad, som var ein vinnar både i hopp og langrenn.

Ottar Hole (1918), Øye-Ottar, var den eldste av dei fire Øye-brørne Ottar, Karl, Olav og Paul. Dei to siste kom til å gjere det skarpt i langrenn i Sykkylven og på Sunnmøre. Ottar kom tidleg med, men gav seg også tidleg. Han var ikkje meir enn 15 år då han var med i eit skirenn i Velledalen. Om det var eit bygdarenn, er eg ikkje sikker på. Eg var til stades og stod ved den lange skråvegen som fører frå bygdevegen nedanfor Hjortdal og opp til ungdomshuset. Eg hugsar Ottar kom strevande opp denne vegen, då var det ikkje lange molen opp til ungdomshuset. Då var det ein av tilskodarane som ropte: «Å gå på, Ottar, gå på!» Ottar svarte: «Det er lett for deg å seie det, som berre står der og flane». Ottar vart gardbrukar, anleggsarbeidar og snøbrøytar. Han er ein av dei 12 velledalingane som har skimerket i gull. Dessverre fekk han kreft og døydde berre 56 år gammal. Skimerket er eit ferdighetsmerke som Noregs Skiforbund byrja å dele ut i 1938. Det skal belønne den som er allsidig. Det finst i tre valørar, sølv, emalje og gull.

Innersvingen

Den neste pulja som gav seg med, var to karar frå Brunstad. Det var han Brua-Ole (*Ole C. Brunstad*) og broren *John C. Brunstad*. Eg har eit personleg minne om han Brua-Ole, som ikkje har direkte med langrenn å gjere. Eg hadde byrja å studere i Oslo, og ein gong etter ferien var eg så heldig å få sitje på med han Ole, han skulle ein tur til Oslo likevel. Komne ned i Gudbrandsdalen var det ei kyr som skeiva seg ut midt uti vegen i ein farleg sving. For å kome seg forbi, måtte Ole køyre på innsida av kyra: «Å ska øss ta deg på dinna si'ne», sa han Ole og la over til innersvingen. Heldigvis kom der ingen møtande bilar.

Han Brua-Ole var ikkje lenge med som langrennar, snart gifte han seg med henne Emilie og fekk nok å gjere som margarin- og seinare møbelprodusent. Også broren, John C. Brunstad (f. 1923), var med nokre år. Han deltok i kl. B og vann 30 km i 1951 og i 1952. Også han har skimerket i gull.

Men dei som har drive det lengst i langrenn i Velledalen, er Øye-gutane Olav og Paul Hole, særleg Olav. Dei hevda seg mellom dei fremste på Sunnmøre. Eg har greidd å få tak i premielistene hans Olav. Han tok bl.a. 1. premie i klasse B i tidlege år, og 1. premie i klasse A fem gonger. Han var særleg sterk på 17 km, det galdt både distriktsrenn og landsrenn. Han gjorde det også skarpt i hopprenn og kombinert, både i lokale renn og i distriktsrenn.

Frosen diesel

Eg har eit personlege minne om Øye-Olav, som gjekk bort så altfor tidleg. Eg skulle heim frå Oslo, då eg fekk sitje på med Olav, som eg kjende godt, han var ofte på Fet.

Det var gnistrande kaldt og Olav brukte diesel til lastebilen. Men dieselen stivna i kulden, så motoren harka og stoppa. Men Olav visste råd og gjorde noko som eg tykte var vågeleg den gongen, men som sikkert var forsvarleg slik situasjonen var. Han åla seg inn under motoren, kveikte på ei avisfille og varma opp dieselen, slik at bilen kunne gå igjen.

For at han skulle halde seg vaken opp over Gudbrandsdalen, vart eg sett til å fortelje laust og fast frå norsk historie. Eg hugsar eg byrja med steinalderen. Eg har aldri hatt ein så vaken og interessert tilhøyrar som han Øye-Olav på den turen. Dessverre fekk livet hans ein brå slutt. Han køyrde seg i hel ved inngangen til tunnellen mellom Stranda og Hellesylt, truleg somna han ved rattet. «Han levde fort og han døydde fort», sa svogeren hans, han som var gift med henne Øye-Jonny (Johanne). Han Olav vart lenge sakna for sitt pågangsmot og sitt ukuelege humør.

Etter at Olav var borte, var broren Paul åleine om å forsvare langrenn i Velledalen. Han lever framleis, og eg brukar å råke han når eg er i Velledalen. Også om han har eg eit minne. Det kan ha vore eit bygdarenn som Paul var med i. Eg stod ved løypa som kom frå Nysætrevatnet og opp mot Lastølen. Då kom han Paul i lange kliv, men han hadde ikkje vore heldig med smurninga, så skiene gjekk trått. Med det same han fèr forbi, er det ein kamerat frå Hole som ropar: «Det blir kaldare Paul, det blir kaldare!» Paul mumla: «Blir det kaldare?» Han syntest vel det var merkeleg at kameraten prata om veret i ein slik situasjon. Men kameraten ville berre oppmuntre han, skiene ville gli lettare når det vart kaldare.

Eg var interessert i langrenn, men hadde ikkje anlegg for det, eg hadde for korte musklar, så eg leit mest på armstyrken når eg gjekk på ski. Eg passa betre for skihopping, som eg deltok litt i når eg var heime på ferie. Eit par gonger var eg med i kombinert i Velledalen. I eit renn eg var med på, opplevde eg ein annan Hole-kar, han Nygards-Karstein, han Karstein Brunstad (f. 1920). Vi var firmenningar og gamle kjende, for mor til Nygardsgutane var ho Nygards-Inger, som var neda Fet. Løypa starta frå Fitjastøla, gjekk heim over Nøkkane, tvers over dalen og opp i lia på Lastøl-sida. Det var der han Karstein tok meg att. Eg må ha vore litt sein med å kome meg ut av løypa, så Karstein sa omsynsfullt: «E trur øss må sete hånå upp ei skøre te.» Eg kom meg utor løypa faderleg fort, og Karstein fór forbi som ein kuling, eg såg berre småskogen la seg der han fór fram.

Men det var ikkje han Karstein som vann rennet, men broren, han Olav. Han hadde fått seg nye, lette ski, og hadde god teknikk. Også Olav hadde ein kort karriere som langrennar før han vart buss- og lastebilsjåfør. Den tredje broren, han Lars, reknar eg som min leikekamerat. Mor hans, ho Nygards-Inger, trong avlasting og sende ofte sønene ned i Nilsgarden på Fet der ho var ifrå. Lars var så mykje i Nilsgarda at vi kalla han Nils-Lars. Han reiste seinare til Sverige og vart bygningsmann.

Ein fin langrennar var Hau-Oddmund (*Oddmund Skylstad* f. 1923) som tok over garden etter faren, Nils Skylstad, som hadde flytt frå Hjørundfjorden til Haugarden på Hole. Oddmund tok i alt 19 skipremiar, m.a. 2. premie i stafett. Han har skimerket i gull.

HOPPSPORTEN VAKNAR

Hoppsporten kom i gang ein god del seinare enn langrenn. Noko sving på hoppinga vart det ikkje før det vart bygt bakkar. Idrettslaget sette seg i brodden for bygginga av Myrdalsbakken, som utvikla seg til å bli ein 60 meters bakke. Eg hugsar at bror min, han Arne (f. 1922) og Bøtel-Jon (Jon Hole-Drabløs f. 1922) var med og arbeidde der som tenåringar. Dei overnatta i eit sel, trur eg.

Eg hugsar eitt av renna i Myrdala. Det kan ha vore omkring 1937. Helena-Bjarne på Blindheim (*Bjarne Blindheim* f. 1906) var ein flott idrettsmann, han kom og såg på bakken, kanskje hadde han tenkt å hoppe der. Han la merke til ein bjørkestubbe som stod opp av snøen. «Treffe enj dinna der so è enj ferdige», hugsar eg han sa. Om det var eit renn seinare eller det var same gongen, minnest eg ikkje. Eg tenkjer på eit uhell som skjedde i Myrdalsbakken. Den store favoritten var ein hjørundfjording som eg ikkje minnest namnet på. Han hadde hoppa 70 meter ein annan stad, fekk vi vite. I første hoppet sitt kom han for langt frampå, så han stupte framover i nedslaget. Helena-Bjarne kasta seg ut i bakken og siglde på brøstet nedover for å kome til hjelp. Hjørundfjordingen øya seg då dei hjelpte han opp til ovarennet. Truleg hadde han brote nokre sideriv og slått seg alvorleg. Han trong legehjelp.

Det var smått med telefon i dei dagar, men nokre visste at han Bøda-Hans borte på Drotninghaug hadde telefon. To gutar vart sende av stad, det var han Øye-Olav og han Øye-Paul. Eg hugsar dei fór som strekar nedover haugane, det var gutar som kunne gå på ski! Han Bøda-Hans, som var farbror deira, ringde etter lege og legen kom etter ein times tid. Så hjørundfjordingen vart hjelpt. Fleire detaljar hugsar eg ikkje. Men for oss som lever i dag, gir refleksjonane seg sjølv: På dei 80 åra som har gått sidan Olav og Paul fór sendande nedover haugane, har vi fått eit velferdssamfunn som tryggar oss på alle kantar, og vi treng ikkje fare heseblesande over haugane etter hjelp. Vi kan berre leite fram mobilen, så er det gjort.

Brunstadbakken

Den neste bakken som vart bygd, var Brunstadbakken, som ligg oppe i skogslia ut og ovai Brunstadgarden. Jon Hjortdal var formann for skigruppa i idrettslaget i 1945 og i 1955 og sytte for at bakken fekk flomlys. Det kritiske punktet er 32 meter. I *Norske Skiløpere. Møre og Romsdal. Trøndelag* (2008) står det at Magnar Fet har bakkerekorden på 38 meter.

Men før vi kunne hoppe i Brunstadbakken var vi stadig på leit etter bakkar der vi kunne lage eit snøhopp og sende oss av stad ei 7-8 meter. Den første var Martinesteien framai bakkane. Eg gjekk i storskulen den gongen og eg hugsar eg stod på skuleplassen og såg på at Magnar, Olav og Nybø-tvillingane dreiv og hoppa i Martines-teia, dei hadde fri, for dei gjekk enno i småskulen. Då eg kom heim, fekk eg vite at dei hadde hoppa 20 meter.

Den neste bakken vi laga til, var Karibakken på same sida av elva, men framme i Vallategane. Karibakken vart ein fellesbakke for Framai og Nedai Brauta. Hit kom han Nakke-Leif (Leif Brunstad f. 1927) som seinare vart journalist. Han var stilhoppar og hadde lært seg Kongsberg-knekken. Han vann 1. premie i klasse B i Krinsmeisterskapet i 1950. Tøsten-Odd (Odd Brunstad f. 1922) dreiv også med hopping i Karibakken. Han var ein hoppar som aldri datt, stø som ein stabbe, men ingen stilhoppar som Nakke-Leif.

Den neste bakken som vart bygd var Sætrebakken inne på Fitjastøla. Vi Fitjagutane brukte å ligge på Fitjastølen i påska, og då fall det lagleg å fordrive tida med hopping. Det vart ein 35 meters bakke til slutt. Vi hadde til og med vitjing av Von-hopparane frå Langevåg, Kåre Nymark, Ottar Standal og fleire. Vi saug inn inntrykk frå desse eminente hopparane.

Dei mest trufaste hopparane både i Karibakken og Brunstadbakken, var Fitjagutane: Martines-Magnar, Jørn-Olav og Nybø-Kaspar og til dels tvillingbroren Sigurd. Dei var alle fødde i 1927. Også Øye-Olav hoppa kombinert der. Magnar Fet var med i

Brunstadbakken i Velledalen var ein viktig arena for hoppsporten i fleire tiår. Her forlet ein utøvar hoppkanten under hopprennet i 1962 og langs unnarennet ventar eit interessert publikum. (Foto: Sunnmørspostens arkiv)

hopp og slalåm. Han deltok i ei mengd hopprenn med gode premiar. Han vann kl. B i DR i Sunnylven, 1. pr. i hopp kl. A i DR i Velledalen.

Men jentene høyrer vi lite til i skiidretten. I 1950-åra gifte Magnar seg med syster mi, Margit, som var den einaste jenta i Velledalen som dreiv med litt slalåm. Eg hugsar kjøkemeisteren i bryllaupet gjorde eit poeng av at Margit og Magnar hadde vunne kvar sitt renn i Velledalen.

Olav Fet, bror min, var først møbeltapetserar, seinare utdanna han seg til tannlege i Tyskland og var tannlege fleire stader, til slutt på Raufoss. Olav var god både i langrenn og slalåm, og han dreiv litt med skihopping. Liksom Magnar var han ein av dei beste fotballspelarane i bygda. Dessverre var han ute for ei stygg ulukke i Sætrebakken på Fitjastøla. I eit hopprenn datt han og slo hovudet mot ein stein,og det vart ei dramatisk ferd til sjukehuset i Ålesund. Det var Nybø-Kaspar som tok på seg å frakte Olav ned til Stranda-skiftet. Korleis han vart frakta vidare, veit eg ikkje, eg var i Oslo på den tida, og det var Thomas Vinje som fortalde meg om ulukka.

Det vart lite gjort med meg den dagen. Olav har fortalt at det sat ei dame ved senga hans heile natta på sjukehuset, og det var ikkje fritt for at ho gret over den unge guten som låg i senga inntulla i bandasjar. Men han kom seg, og eg hugsar han måtte vere forsiktig med å heade i fotballkampar.

Den siste eg vil nemne av langrennarane i Velledalen, er han Hau-Oddmund, *Oddmund Skylstad* (f. 1923). Han har teke i alt 19 skipremiar, m.a. ein 2. premie i eit krinsmeistarskap i stafett. Også han har skimerket i gull og idrettsmerket i bronse.

Langrennarar ute i bygda

Den eldste langrennaren vi veit om i Sykkylven er *Ole J. Blindheim* f. 1881. Han deltok i mange langrenn i åra 1906–1914. Særmerkt for dei eldste skirennarane er at dei var så allsidige. Det galdt den aller eldste som ein veit om, voldingen Syver S. Rotevatn f. 1869. Spinneri-Syver deltok både i skihopping, i skeisselaup og i turn. Endå meir

allsidig var Sigurd Halkjelsvik (f. 1907) frå Volda som var hoppar, langrennar, kombinertlaupar, friidrettsmann, skeisselaupar, fotball- og bandyspelar!

Det var først og fremst alpinsport sykkylvingane dreiv med, men der var også dugande langrennarar. Ein av det første som gjorde seg gjeldande, var Instøggars-Karl (*Karl Edvardsen Tandstad* f. 1919). Det er ikkje så mykje eg veit om han, for karrieren hans var kort og han reiste tidleg ut av bygda. Eg hugsar Karl som svært uthaldande i langrenn, ein eigenskap han nok hadde etter faren, Edvard, som var vide kjend som ein trottig arbeidsmaur.

Lenger ute i bygda var det fleire langrennarar som fortener å bli nemnde. Men plassen er avgrensa, så eg får gjere eit utval.

Eidem-karane. Den eldste var Peder Eidem (f. 1919) som tok fleire premiar i langrenn både i Sykkylven og andre sunnmørsbygder. *John Eidem* (f. 1932) vann 15 km klasse B i eit landsrenn på Stranda og i eit distriktsrenn i Ørsta. Han tok også første premie på ein 30 km klasse B i eit krinsmeisterskap. I ymse renn på Sunnmøre sanka han ein 2. premie, ein 3. premie og ein 4. premie. Den tredje Eidem-guten var *Kjell Peder Engeset Eidem* (f. 1938 i Ørsta). I sine unge år dreiv han mest med hopp, men deltok også i langrenn og kombinert, der han tok to førstepremiar som junior, den eine i eit distriktsrenn i Sykkylven, den andre i eit krinsmeisterskap ein annan stad.

Oddvar Grebstad (f. 1927) var langrennar. Oddvar er bokført med tre 5. premiar og to 3. premiar i ymse sunnmørsbygder. Han har skimerket i sølv.

Jon Sollid (f. 1921 på Blakset i Nordfjord) var snikkar av yrke. Framover til 1949 tevla han i Nordfjord-bygder og fekk ei rekkje premiar der, men i 1949 er han komen til Sunnmøre og tok ein 5. premie på ein 17 km på Sula. Sidan vart det langrenn i Langevåg, Stranda, Molde, Ålesund, Ørskog og Eidsdal. Han er bokført med 20 skipremiar, fekk skimerket i gull og 4 diplom.

Hopparar og kombinertløparar

Reidar Bergset (f. 1933 i Innvik) var ein av fleire nordfjordingar som kom til Sunnmøre og tok seg arbeid, for det meste i møbelindustrien. Eg kjenner ikkje til kor lenge desse nordfjordingane heldt seg på Sunnmøre, men at dei gjorde seg gjeldande i skiidretten, viste seg tidleg. Nordfjordingane var lenger framme i hoppsporten enn sunnmøringane. Bergset tok 1. premie i hopp og i kombinert i eit krinsmeisterskap i Fjordane i guteklassen. Han heldt fram med å ta førstepremiar både i Nordfjord og etter at han flytte til Sunnmøre, men her møtte han hardare konkurranse i Reidar Tronstad og Havtor Hovden, så han måtte nøye seg med 2. premiar i somme renn.

Kåre Gildestad (f. 1938 i Olden) merkte seg ut som gutehoppar i Nordfjord i 1950-åra, men vart meir og meir slalåmkøyrar etter at han kom til Sykkylven, der han møtte eit solid slalåmmiljø. Vi kjem attende til Gildestad under omtalen av slalåm.

Kjell Grebstad (f. 1911) vart gardbrukar i Sykkylven. Eg hugsar han som ein ivrig skientusiast og flittig deltakar i renn, først og fremst i Sykkylven.

Petter Haugset (f. 1932). Hopparane i Sykkylven var like mykje alpinistar som hopparar. Det var i 1950-åra Petter Haugset var aktiv i renn, både i hopp og i slalåm. I hopp varierer premielista mellom 2. premie og 9. premie. Petter Haugset har skimerket i sølv.

Hjellegjerde-karane. Desse tre brørne var krumtappar for hoppsporten i Sykkylven, ved sida at dei dreiv ein av dei mest kjende møbelfabrikkane i bygda. *Otto Hjellegjerde* (f. 1917) var den eldste. Han tok i alt ca. 25 skipremiar. I 1954 vart han sykkylvsmeister i hopp, elles tok han ei rekkje premiar i hopprenn rundt om på Sunnmøre, m.a. 3. premie i eit krinsrenn i Ørskog. *Ingvald Hjellegjerde* (f. 1919) følgde i brorens fotefar, med bl.a. 2. premie i eit bygdarenn. Han har idrettsmerket i gull.

«Dessverre for Velledalen møtte ikkje Hans Olav Sørensen, Torgeir Brandzæg og Arnfinn Malm til hopprennet i Brunstadbakken i går, men verdensmesteren Arne Larsen møtte», skreiv Sunnmørsposten. «Olav Søvik, kretsens beste hopper noterte seg for 53,5 meter i sitt lengste hopp med toppfart. Arne Larsen hoppet 56 og 56,5 meter (ny bakkerekord) med 10 meter kortere fart enn alle andre».

Dei fire klassevinnarane Arne Larsen (kl. A), Olav Søvik (kl. B), Inge Reithaug (eldre jr) og Håvard Sæther (yngre jr) under hopprennet i Brunstadbakken i 1962. Rekkefølga er usikker, men Arne Larsen er truleg nummer to frå venstre, skriv Bjørn Halvorsen i Sunnmørsposten som nyleg brukte bildet opp att i spalta «For noen tiår siden».

Mindor Hjellegjerde (f. 1921) gjorde det skarpast i hopp. 14 år gammal vann han eit krinsrenn for gutar på Fjellsætra, og følgde opp med 2. premiar i Engesetdalen og i Sykkylven dei neste åra. Dei tre brørne titulerte seg som disponent (Otto), fabrikkeigar (Ingvald) og fabrikkeigar (Mindor).

SLALÅM OG UTFOR

På eit vis stammar alpinsporten i Sykkylven frå Hole. For meg synest det som *Erling Hole* (f. 1918) frå Knutgarden var den som først byrja å renne slalåm i bygda. Han flytte seinare til Vik, og det kan godt hende at Erling gjekk inn i eit slags samarbeid med det sterke slalåm-miljøet på Aure, Vik og Blindheim. For det var i dette området slalåmsporten vart mest reindyrka.

Leonhard Hole (f. 1922) stammar frå Jørngarden på Hole, med di far hans, Ludvik Larsen Hole (f. 1900) var derifrå. Leonhard tok to 2. premiar i utfor og slalåm etter siste krigen, på Standal og i Stordal. Han har teke i alt 14 skipremiar.

Olav Hole (f. 1925), broren, dyrka mest slalåm og tok ei rekkje 1. og 2. premiar rundt omkring på Sunnmøre, m.a. 1. premie i slalåm i eit Distriktsrenn på Fjellsætra, like eins 1. premie i eit Distriktsrenn i storslalåm på Vestnes, i tillegg til ei mengd premiar, for det meste i storslalåm, sjeldnare i utforrenn. Olav Hole er truleg den beste av dei mange slalåmkøyrarane i Sykkylven. Eg hugsar at Olav og eg var «lesarkameratar», vi gjekk for presten og vart konfirmerte i lag.

Anders Aure (f. 1933) var også ein flittig slalåmrennar. Han var samtidig med Leonhard

dane i 800–1000 meters høgde. Så dei sveitta seg opp Langerimen, over Høgsætra, til dei endeleg var oppe på Ljøsabreen. Så barst det til å trene. Etter ei god stund måtte dei ta seg nedatt. Men sola hadde tært på vårsnøen, så dei braut igjennom. Då sa Sigurd:

«Øss sto fast som nøkre *lampetta*».

Denne samanlikninga, på fagspråket *ein simile*, tykte eg var så original og god at eg brukte den i ei forelesing på Høgskulen. Tretti år seinare møttest same elevkullet for å friske oppatt gamle minne. Då var det ein av mine tidlegare elevar som kom fram til meg og fortalde at han hadde brukt same samanlikninga når han underviste elevane sine. Så Sigurds replikk lever vidare hos sunnmøringar tretti år seinare.

KONKLUSJON

Skiidretten i Sykkylven har gått igjennom mange fasar etter gjennombrotsåra i 1916-17. Skigåing for kvinner utvikla seg seint, også på landsbasis, faktisk seinare enn i Sverige og Sovjetunionen, i kontrast til utviklinga seinare. Som kjent har norske kvinner dominert i langrenn dei siste åra, og har gode resultat også i hopp og alpinrenn.

Langrenn var nok den greina som utvikla seg raskast i Sykkylven, med Hole som midstad (Øye-gutane) og med sporadiske sentra andre stader i bygda, t.d. langrennsmiljøet på Eidem. Nokre tilflytta nordfjordingar gav verdfulle impulsar både i langrenn og hopp.

Hoppsporten vakna om lag samtidig over heile bygda. Vi kan snakke om fleire sentra, på Fet (Magnar, Kaspar og Olav), Hjellegjerde-brørne Otto, Ingvald og Mindor, og gutane på Haugset.

Slalåm og utfor. Det dominerande området var «ute i bygda», strekninga Aure – Vik – Blindheim – Kjønes, med ein avleggar på Fet i Velledalen. Leonhard og Olav Hole var føregangsmenn, men også nordfjordingane gav tilskot. Typisk for både langrenn, hopp og alpinidretten var at heile flokkar frå same miljøet reiste i lag til renn i andre bygder, og såleis styrkte lagkjensla og kjensla av fellesskap.

Kjelder

Forfattarens minne.
Borghild Neset: Eit gammalt brev i Jørngarden (etter Anton N. Fet, f. 1890).
Norske skiløpere. Møre og Romsdal. Trøndelag. Skiforlaget, Oslo 1958.
Gustav Weiberg- Aurdal: Sykkylven. Gardssoga II. Sykkylven sogenemnd. 1975.

Smykkekunstnar Marte Relling Uri:

Klassisk med ein vri

Av Eldrid Suorza

Eldrid Suorza
fødd 1950, har arbeidd som lærar, rektor, flyktningkonsulent og kommunalsjef. Ho er historieinteressert og er medlem av årbokredaksjonen.

-Mitt hovudverktøy er kreativiteten. Eg likar best å bruke så enkle verktøy som mogleg. Det handlar om meg og form, farge og uttrykk. Å finne det som gir eit JA inni meg. Nettopp difor lagar eg berre eitt eller få eksemplar av kvart smykke. Det er kreasjonen – skapargleda - som er i fokus. Og viktigast; at den som bruker smykket føler seg fin. Det er glede! seier Marte Relling Uri, smykkekunstnaren bak merket Uri Design.

I huset heime hos far Terje og mor Margaret låg det ofte papir og blyantar på kjøkkenbordet. Medan mora inspirerte med sine vakre akvarellar, sat fireåringen Marte og teikna seg sjølv med stresskoffert og blomster i handa. Ho gleda seg til at ho skulle hjelpe pappa på kontoret. Også besteforeldra var kreative og ei viktig kjelde til inspirasjon.

Presise skisser

- Eg hugsar dei presise blyantskissene til morfar, fortel Marte, som er barnebarn av Adolf Relling: den kjende møbeldesignaren i duoen Rastad & Relling.

- På besøk hos han var det «sjå og ikkje røre», men hos farfar var det omvendt. Farfar var forretningsmann og røyrleggjar Øystein Uri, som hadde verkstaden full av verktøy og dreiemaskiner.

- Der fekk vi ei fin forståing av korleis ting fungerer. Det fekk eg også ved Vik skule

Marte Relling Uri i arbeid med smykkedesign.
Foto: Malvin Jan Dyb.

Maria Unik. Eit eksotisk smykke på ei eksotisk dame. Foto: Malvin Jan Dyb.

Perle i gull og gult. Foto: Malvin Jan Dyb.

Foto: Malvin Jan Dyb.

Marte Relling Uri er fascinert av naturen – heime på Sunnmøre. Foto: Malvin Jan Dyb.

der lærar og kunstnar Per Grønli underviste, fortel Marte som budde i Sykkylven til ho var ferdig med vidaregåande skule i 1998. Deretter gjekk ho eitt år på folkehøgskule. Etter seks år i Trondheim og elleve år i Oslo, flytta ho heim til Sykkylven i 2016.

Dei to siste åra har ho budd i Ålesund, der ho i dag har sin eigen verkstad og butikk i Keiser Wilhelmsgate. Marte har studert ex.phil og ex.fac. Ho har grunnfag i sosialantropologi og mellomfag i sosialøkonomi, samt fullført tre år av sivilingeniørstudiet i industriell økonomi og teknologileiing. Ei utdanning som gav henne teknisk innsikt ho har bruk for i dag. Som smykkedesignar er ho sjølvlærd, men den tekniske og praktiske kunnskapen ligg i botnen. Slik som morfaren var, er Marte opptatt av funksjonalitet. At ting skal vare og halde.



Perler og muslingar. Foto: Malvin Jan Dyb

Tilfeldig

At ho enda opp med smykkekunst som uttrykksmåte, var meir tilfeldig. Kreativ som ho er, ville ho lage litt av bordpynten til bryllaupet sitt i 2005. Det blei starten på ei ny kreativ reise.

- Medan eg strikka serviettringar av perler, oppdaga eg plutseleg at oj! -her var det eit artig armband! Nye idear dukka opp, og eg laga andre smykke av plastperler. I løpet av kort tid fekk eg høyre «kor flink du er», og at eg burde teste ut ordentleg materiale.

Slik byrja Marte å leike seg med nye fargar. Ho eksperimenterte med materiale, med det røffe og elegante. Under eit friår før ho skulle ta fatt på diplomoppgåva, fekk kreativiteten rom til å blomstre. Før ho visste ordet av det var ho i gong med eigen produksjon, og fekk napp hos ein kjend gullsmed i Oslo. Interessa for smykka hennar var blitt stor, og ho kunne produsere for salg. Det vart eit vendepunkt for Marte.

-Eg kjende at eg ikkje hadde lyst til å gå tilbake til det jaget som sivilingeniørlivet innebar. Smykka gav meg glede. Livet skulle vere gøy, ikkje hardt.

Foto: Malvin Jan Dyb.

Å følgje hjartet

Sidan har Marte laga stilfulle smykke for unge og gamle, med kjærleik og omtanke. Ho er ikkje redd for å skilje seg ut. Ha meiningers mot. Vere fargerik og unik. Å gjere som alle andre, eller kle seg som alle andre, er alt anna enn viktig.

Som lita jente var Marte veldig glad i, og fascinert av, å leike med smykka til mor og farmor.

- Eg hadde mange smykke sjølv også, men sleit med å bruke dei. Ikkje minst om nokon hadde maken på fest, slik som den gongen eg hadde kjøpt eit tøft smykke av rosa perler som verkeleg gjorde antrekket. Men så møtte eg ei med same smykket. Då tok eg det av med ein gong!

Det vart noko anna då ho kunne lage smykke sjølv. Smykke som passa perfekt til antrekka.

- Eg er veldig opptatt av at smykket skal gi glede til den som får det. Når ein kunde kjem inn i butikken og er usikker på om han skal kjøpe, er det ikkje om å gjere å selje der og då. Det viktigaste er at kunden verkeleg blir fornøgd og har lyst til å bruke smykket ofte. At ho blir glad i det. Då vil andre legge merke til at smykket blir hyppig brukt. Kanskje blir dei også glade av å sjå det og spør kven som har laga det. Det gir god PR for meg, seier Marte og legg til:

- Når kunden får ei kjensle av at dette er spesielt laga for meg, får ho eigarskap i smykket. Kanskje det vil føre til at vi kjøper færre masseproduserte produkt? Og kanskje vil det bidra til at vi kan redusere litt av det galne forbrukarsamfunnet vi lever i?

I dag sel Marte smykke til alle aldersgrupper. Tidlegare hadde ho fjorten forhandlarar; både

Eleganse. Foto: Malvin Jan Dyb.

Foto: Malvin Jan Dyb.

gullsmedar og motebutikkar selde smykka hennar. Det har ho ikkje no. For to år sidan valde ho å kutte ut alle forhandlarar, og i april droppa ho også å selje via den store nettstaden Miinto. I tillegg til månadspris og provisjon, vart det eit stadig krav og fokus på salg med rabattert pris.

Tok grep

- Eg kom til eit punkt der eg mista mykje av gleda ved å lage smykke. Eg vart i tvil om eg ville fortsette å gjere dette og opplevde det mest som eg produserte på samleband. I tillegg tok forhandlarane stor provisjon. Dermed vart det ein høg pris, og eg likar ikkje at smykka mine skal vere så dyre. Eg måtte tvinge meg sjølv til å produsere fleire av samme slag for å ha nok inntekt. Det er stikk i strid med prinsippet mitt. Eg begynte etter kvart å stille spørsmål ved kvifor eg gjorde det slik, følte at eg gjekk på akkord med eigne verdiar. Kvar vart det av gleda? Eg kunne like gjerne ha jobba som sivilingeniør. Brått forstod eg at misnøya handla om at eg sakna kontakt med kunden.

Det var tid for å gjere grep, og Marte bestemte seg for å endre salsmetodane. Ho sel no direkte til kunden gjennom sin eigen butikk eller i sosiale media.

-Eg følger hjartet mitt og lagar det eg har lyst til. Deretter deler eg bilete på facebook eller instagram. Kundane tek kontakt eller kjem til butikken min. Dei fortel kva dei ønsker eg skal lage. Det kan vere eit smykke som skal passe til eit bestemt antrekk, eller vere i ein bestemt farge. Då eg selde gjennom andre butikkar og forhandlarar, fekk eg ikkje gleda av å møte menneska som ville ha smykka mine. Det gjer eg no, seier Marte.

Skaparglede

Av viktige eigenskapar i denne bransjen trekker ho fram tolmod og kreativitet. Det er viktig å vere fingernem, nysgjerrig og ha estetisk sans.

-Skal du drive med smykkeproduksjon, bør du verkeleg ivre og brenne for det. I dag er det mange som arbeider med dette. Det er ikkje lett å leve av det. Berre få år etter at eg starta med smykkeproduksjon, var det nesten som ein eksplosjon; alle skulle lage sine eigne smykke, fortel ho.

-Korleis arbeider du fram eit smykke?

-Det er ikkje alltid eg jobbar etter den klassiske arbeidsmetoden frå idé til produkt. Kanskje poppar det heller opp eit bilete i hovudet mitt, og eg forsøker å lage det. Ein meir intuitiv metode kan eg vel seie, ei slags klarsyntheit. Har eg ei bestemt bestilling frå ein kunde, treng eg av og til meir informasjon frå kunden. Andre dagar kjem eg på verkstaden og har behov for berre å følge det som flyt opp. Berre vere i mi eiga boble og fylle opp batteria. Marte henter inspirasjon frå folk ho møter. Naturen er også ei viktig kjelde.

-Det er fantastisk når det er storm å sjå alle sjatteringane som dukkar opp på himmelen. Gule blad mot ein gråblå bakgrunn. Spennande kontrastar. Soloppgangar og solnedgangar, seier Marte som har budd periodar i utlandet, mellom anna i Mexico.

- Har opphaldet der inspirert deg på nokon måte? Ser ein avtrykk i smykka dine?

-Ja, i fargane! Eg har alltid vore opptatt av fargar, men etter å ha budd i Mexico vart dette sterkare. Mexico ER fargar. Dei er veldig glade i kontrastfargar, og det å vere i Mexico gjer noko med deg. Når du går rundt i varmen i Mexico, ser eit knæsj rosa hus med eit knæsj blått hus ved sidan av, skjer det noko inn i deg. Ein kan ikkje unngå å bli påverka, meiner Marte som kan bruke lang tid på å finne den perfekte fargekombinasjonen. Det må vere balanse og indre harmoni. Men gjerne røft, og ikkje nødvendigvis symmetri.

- Vi menneske er heller ikkje symmetriske. Klart eg blir påverka av det rundt meg, men eg gjer stort sett «mi greie». Klassisk med ein vri, avsluttar Marte Relling Uri.

Slektstreet

Av Ole Bjørn Roald

Ole Bjørn Roald
født 1968 på Aure. Arbeider med sal og marknadsføring for Ekornes Skandinavia AS. Styreleiar i Aura-Påls vener og heldig far til Arne og Anders Sandvik Roald.

Å drive med slektsforsking er slett inga lett sak, og slett ikkje for nokre tiår sidan. Eit nitidig arbeid med å studere gamle kyrkjebøker, granske fødselsdatoar og namn, gift kanskje både tre og fire gongar, store kull med born og gjerne søsken med same namn, slik som Lars P, Lars A, og Lars C, eller bror, far, og svigerfar der alle heite Ole Olsson.

Heime har eg vakse opp med ein papirrull som strekkjer seg fire meter fullt utrulla. I lita handskrift kan du lese kjende namn frå bygda, eine etter det andre som strekker seg utover og dannar eit stort slektstre. Slektstreet skal vere ein av fleire slike rullar som i si tid blei laga og gitt til slektningar, dei som før i tida var næraste slekta å rekne, både oss og ein heil haug til, ja over heile bygda, for her er mange nemnde.

Interessert som eg er, har eg late meg fascinere over dette treet på fleire måtar. Treet omhandlar Synnøve Olsdotter Frøsøye og mannen Peder Halkjelsen Frøsøye f. Trondstad frå Frøysa på Hellesylt som saman flytta hit og busette seg på Andestad (Pegarden). Bror til Peder, Amund, busette seg også her, på Høgset, og slik som vanleg var, tok han stadnamnet der.

I følgje slektstreet så skulle Synnøve vere dotter til stortingsmann Ole Carl Frøsøye, fødd 1783. Han var bonde og var i nokre år skulehaldar i heimbygda Sunnylven. Han overtok farsgarden, den einbølte garden Frøsøye i sjølvaste grunnlovsåret 1814.

Namnebyte

Trass i høge fjell og lange fjordar i vårt barske landskap, la dei heldigvis ikkje hinder for korkje lange ferder for å gjere teneste eller for å prøve ut kjærleikslivet. Etter historiene å dømme var det ikkje sjeldan friarferder over fjella, gamle bygdebøker bekreftar mangt eit giftemål. Kløpparar som dei var både til å ro og gå, så måtte ein tur over fjellet mellom Frøysadalen og Geiranger ha fortona seg som ein liten spasertur for folket på denne tida. For i følgje andre kjelder så var det dit dotter til Ole Carl blei gift og ikkje til Andestad som det står skrive på vårt gamle slektstre.

Foreldra til stortingsmann Ole Carl heite Pernille Frøysa og Ole Olsson Hellesylt Frøsøye og dei fekk seks born, mellom dei Ole Carl og Synnøve Olsdtr. Frøsøye, fødd 1779, og det er nok ho som har starta heile namneforvirringa. Synnøve må ha vore ei driftig dame og godt forbilde for broren, som saman med Brit Amundsdtr. Frøysa fekk fire born. Ei av dei fekk namnet Synneve Olsdtr. Frøsøye, fødd 1822. Ikkje berre fekk ho same namnet som tanta si, men begge gifte seg og med kvar sin Peder. Dotter til Ole Carl med Peder Homlong i Geiranger, og søster hans med Peder Halkjelsen Frøsøye som vi ættar frå. Dei fleste vil nok oppleve glippen som liten, dei var no tross alt søsken, Ole Carl og Synnøve, men bytet mellom søster og dotter hans i vårt slektstre endrar opphavet til veldig mange av oss som er busette her i bygda. Veldig mange.

Arven frå Frøsøye

Synnøve og Peder flytta frå Frøysa til Sykkylven og vart eigarar og drivarar på Andestad frå 1803 til 1839 og bruket fekk namnet Pegarden etter «Ansta-Pe». I følgje Gardssoga frå Sykkylven greidde dei å løyse ut garden berre med å låne 70 rdl. Peder

Støtta etter Ole Carl Frøsøye på Hellesylt.

vart seinare utkommandert til Svenskekrigen og blei utsett for sterke strabaser. Etter sju år i krigen og på veg heim til sin kjære familie, fortel gardssoga at han traff på nokre born langs vegen til Andestad som han gjerne ville vite kven var, «Vi er borna til Ansta-Pe», svara dei. Soga fortel at han gret på vegen heim for han kjende ikkje att sine eigne born. Borna som venta på han var søskena Peder, Ole Andreas, Else Pernille, og Anne Lovise.

I følgje slektstreet flytta *Peder*, fødd 1812, til Sølmundgarden på Straume og fekk eit barn, Petter, som igjen fekk borna Ingeborg Straume, Petter Johan Straume, Martin Strøm og Lauritz Straume.

Ole Andreas tok over drifta av garden på Andestad etter at far deira døyde i 1831, mor deira Synnøve gifte seg på nytt med enkjemannen Ole Larsen Lyshol i Pegarden på Lyshol. Ole Andreas bygsla seinare vekk garden og flytta til Søvikdal og tok etternamnet Søvik. Han fekk borna Ingeborg, gift Melseth, Tyri, gift Søvikhaug, Jensine, gift Løvoll, Knut, gift med Karoline Klokk, Petrine, gift Løvoll, og Petter, gift med Ingeborg Abelset. Petter tok over att Pebruket på Andestad i 1890-åra.

Else Pernille gifte seg med Lars B. Strømme (Straume) og busette seg i Jogarden på Straume. Dei fekk borna Hans P. Strømme g.m. Susanne Blindheim, Lars A. Strømme g.m. Ellen Tandstad, Lars P. Strømme g.m. Nicoline Dravlaus, Marthe B. Strømme, Sivert M. Strømme g.m. Karen Velle, Anne B. Strømme, Jens L. Strømme g1g Johanne Fet, g2g Elene Strømme, Bernt L. g.m. Marie Straumgjerde, Marte S. Strømme g. m. Hans Nysæter, Ingeborg g. m. Karl Brunstad, og Lars C. Ekornes g. m. Eline Lade. Deira born igjen fekk etternamn som Aure, Tandstad, Hole, Furmyr, Strømme, Fet, Sætre, Riksheim, Veddegjerde, Stefensen, Drabløs, Aursnes, Welle, Brudevoll, Havnegjerde, Søvik, Strøm, Nysæter, Lade, Brunstad, Straumsheim, Stave og Strømmegjerde.

Hans P. Strømme var oldefar blant anna til fabrikkeigar Otto Hjellegjerde, som starta Hjellegjerde Lenestolfabrikk, arkitekt Ingemar Relling og Signe Aure(som var gift med fabrikkeigar og ordførar frå 1954 - 1957, Fridtjof Fredriksen og Fridtjof Drabløs som var med å starte både K. Emdal og Co AS, Hj. Brunstad og Velledalen Lenestolfabrikk. Hans P. var også bestefar til stortingsmann Ole Nikolai Ingebrigtsen Strømme, fødd 1876, som var ordførar i bygda frå 1911, stortingsmann og statsråd for Sosialdepartementet i Mowinckels tredje regjering frå 1931.

Anne Lovise gifta seg med Knut A. Grebstad og flytta til Rasmusgarden på Lyshol der dei tok det namnet. Dei fekk borna Peter Lyshol g. m. Nicoline Aurdal, Ane Eline Lyshol g. m. Severin K. Aure, Bernt Lyshol g .m. Karoline Kjemphol, Ole Lyshol g. m. Petrine Eidem, Martinius Lyshol , Petrine Lyshol g. m. Bastian Myhre, Karen Lyshol g. m. Syver Lyshol, Rasmus Lyshol g. m. Anna Eidsvik og Susanne Lyshol g. m. Nikolai Lyshol.

Deira born fekk etternamn som Grebstad, Aurdal, Aure, Kjemphol, Eidem, Andestad, Myhre, Lyshol og Eidsvik.

Synnøve Frøsøye Andestad og Peder Halkjelsen Andestad fekk i alt 30 barnebarn. I dag er vi heile 3700 personar som har sitt opphav frå dei. Og tenk; namna som er lista her er berre born og borneborn. Etter dei kjem fleire hundre andre etternamn frå bygda og andre stader. Mange etterkomarar heldt naturlegvis fram med gardsdrift, men vi finn spesielt mange lærarar, bedriftsleiarar og politisk engasjerte i slekta.

Stortingsmann

Ole Carl var også politisk interessert og blei stortingsmann. Etter det eg har blitt fortalt la han av stad til Christiania til fots på den gamle ferdselsvegen Flofjellsvegen mellom bygdene Vollset og Flo, og vidare over Kamperhamrane, som er ein av dei eldste ferdselsvegane over fjellet mellom aust- og vest-Noreg. Ruta går frå Sunndalen inst i Oppstryn, austover fjellet gjennom Rauddalen til Skjåk i Gudbrandsdalen. Frå 1500-talet og fram til slutten av 1800-tallet var ruta opp Kamperhamrane brukt som drifteveg av driftekarar frå Sogn og Fjordane som skulle til austlandsbygdene med storfe og småfe, eller med hest til fjordingmarknadane i Gudbrandsdalen. Gudbrandsdølane drog motsett veg for å selje tjøre, bek, koppar og kar.

Opp det brattaste skaret over Kamperhamrane er det oppmurte steintrapper, i alt 3000 trinn. Steintrappene over Kamperhamrane er ikkje daterte, men er etter all sannsynligheit fleire hundre år gamle. Den historiske vandreruta er i dag rydda og merka gjennom eit prosjekt mellom Den Norske Turistforeining, Riksantikvaren og lokal dugnad. Fotturen går gjennom særs vakker natur i delar av både Breheimen og Jostedalsbreen nasjonalpark. Ferdsel kan sporast heilt tilbake til 1100-tallet. Ein tur som må prøvast.

Vel framme i Christiania var Ole Carl med i det 3. ordentlige Stortinget, samla i 1821, som 3. representant for Romsdals amt, eit verv han også hadde på omframt-Stortinget året etter.

Han var med i fire komitear, der i mellom komiteen som førebudde formannskapslovene. Planarbeidet med å bygge Det kongelege Slott blei også sett i verk i hans tid, og i 1823 blei det oppretta ein slottskommisjon som fekk ansvar for byggeprosessen. Dessverre døydde Ole Carl det året, berre 40 år gamal, eitt år etter han kom heim etter stortingsperioden sin i 1822. Saman med Brit fekk han borna Olaus Ole-Carlson Frøsøye, Olave Ole-Carlson Frøsøye, Pernille Ole-Carlson Frøsøye og Synneve Ole-Carlson Frøsøye som er den som slektstreet vårt har bytt plass med. Ikkje berre bar ho namnet til tanta si, men ho var og oppattkalla etter bestemor si Synnøve Pedersdotter Hole. Då Brit blei enkje etter Ole Carl, var ho berre 32 år gamal og flytta til Geiranger slik som dottera, der ho blei gift Grande, rett på andre sidan av fjorden frå Homlong. Der fekk ho ei dotter til som fekk namnet Synnøve Olsdatter Grande, fødd 1827. Så at mange har teke feil av kven av Synnøvene som flytta til Andestad er fullt forståeleg.

Synneve Homlong fekk sønene Ole Karl, Ole Petter og Ole Martinius, som sjølvsagt kalla si førstefødde dotter med si første kone Torine for Synneve Olesdotter. Eit namn vi finn igjen på Aursneset i dag. Torine Furstrand Vemøy er barnebarnet til Herdis Homlong Furstrand som har Synneve Frøsøye som si tippoldemor, og stortingsmann Ole Carl som tipptipp oldefar.

Ole Carl fekk som søster si på Andestad også mange barnebarn. Kor mange andre som kan ha aner etter han her i bygda veit eg ikkje, men greina etter dotter hans Synneve og Peder Homlong har i følgje slektsforskar Harald Trondstad så langt 110 etterkomarar.

På garden Frøsøye på Hellesylt er det reist ein bautastein til minne om far til Synneve der det står, *"Du var den trauste, trufaste karen, i skulen, på tinget og heime på garden"* .

Om du framleis er i tvil om di slekt stammar frå på Frøysa og kanskje saknar gardsnamn i denne historia, er her fortsatt ein del moglegheiter. Foreldra til Ole Carl og Synnøve, som vi alle i denne historia stammar frå, fekk seks born og minst 33 barnebarn. Blant anna finn vi ei eldre søster Siri, fødd 1777. Ho fekk 11 born og ein av dei Olaus Olsen Frøysa, fødd 1816, gift med Marthe Gjørvad og som flytta til Utgård i Hundeidvik på midten av 1840-talet. Dei fekk minst seks born.

- E' du frå Sykkylven?

Ein av dei var Ole Severin som flytta til Karlsplassen på Tynes og tok namnet der. Han gifte seg med Anne Gurine Tynes og fekk fire born, blant anna Lars Tynes som vart kjend rosemålar og som rosemåla mellom anna gamle Sykkylven kyrkje, og Ole Tynes, fødd 1878, som utvandra til Island og blei sildepioner der. Bestemor mi Astrid Aure Roald arbeidde for han der i Siglufjord.

Det høyrer med til historia at søster mi Anita Eik Roald ein dag på jobb på Hotel Royal Christiania fekk ein gjest på besøk i resepsjonen, og medan ho dreiv å sjekka inn denne karen som tydeleg var kaptein i Island Air, spurte han: E' du frå Sykkylven? Ja, svara ho forundra. Eg høyrer det, svara han. Korleis det?

-Vi hadde ei dame som budde med oss på Island som lærte meg sykkjylvsdialekt, ho heite Astrid Aure. Å, svarte søster mi, det var bestemor mi det!

Mannen i resepsjonen var Otto Tynes, son til Ole Tynes.Uvitande var dei nok begge at dei var av same slekta frå Frøsøye.

Det å vite kvar du kjem ifrå gir deg identitet, og historia kan fortelje mykje om kven du er. Sjølv gjekk eg som liten rundt med grøn bunadsvest slik som Myhre-folket. I dag veit eg kvifor.

Så korleis gjekk det, forsvann mine røter til Geiranger med eit pennestrøk?
Nei, heldigvis har eg fleire trumfkort på handa - både frå Homlong, Grande og Knivsflå - men det er på morsida der tippoldefaren min Hans Rasmussen Hole, fødd 1821, flytta til Krogseter på Vatne og tok namnet der. Åltså, ei litt anna historie.

Jostein Blomberg – ein av dei som fall for landet

Av Kai Løseth

Jostein Blomberg vart fødd 14. september 1914. Familien budde då på Hove i Stordalen. Faren, Thomas, var frå garden Blomberg i Geirangerfjorden. Mora, Gjertrud, frå Vike, Vikebukt. I 1915 kjøpte Thomas bruket Bakkelund ved Klokksjøen i Ramstaddal, og flytta dit med familien. Thomas var skreddar, og dreiv konfeksjonsverksemd med fleire kvinner i arbeid. I nabohuset vart far min fødd i 1915, og med berre fem månaders aldersforskjell voks dei opp der. Dei leika i fjøra, og var med i færingen og fiska.

I 1922 flytta familien Blomberg til Aure, der Thomas arbeidde med svogeren Ole Lied som hadde konfeksjonsfabrikk. Seinare etablerte han sin eigen skreddarverkstad på Aure. Jostein var skuleflink, og læraren på folkeskulen oppmoda foreldra om at han burde gå skulevegen. Men det var tronge tider i 1930-åra. Jostein valde å gå i skreddarlære og tok svenneprøve i faget.

Det tyske overfallet

Ved krigsutbrotet var han tilsett i ei konfeksjonsbedrift i Trondheim, og vart innkalla til nøytralitetsvakt. Han møtte i Rinnleiret i Verdal 8. april 1940. Jostein var med i Motormitraljøseeskadron/DR3, 4. tropp, 4. lag. I same laget var det også tre andre sunnmøringar med: lagførar Einar E. Halkjellsvik frå Volda, Ole K. Øvergård og Lars Ingvald Hagen, begge frå Sykkylven.

Eit par dager før 21. april var Verdalsøra så og seie tømt for folk. Forretningane og bedriftene var stengde. Berre dei av innbyggarane som hadde ein viktig samfunnsfunksjon vart verande: politivakta, brannvernet, operatørane på telefonsentralen og jernbanestasjonen. Blending var innført. Soldatane venta på at dei tyske soldatane skulle rykke vidare nordover frå Steinkjer. Dei laga stillingar på nordsida av Verdalselva, og ville stoppe tyskarane frå å kome seg over veibrua og jernbanebrua. Som ledd i dette vart jernbanebrua sprengt natt til 14. april. Fredag 19. april kom eit kompani engelske soldatar til Stiklestad. Bakketun ungdomsskule (seinare folkehøgskule) vart innreida til lasarett. Elevane hadde avslutningseksamen 9. april, og vart deretter sende heim.

Natt til søndag 21. april

Dei siste dagane hadde spenninga stige. Når ville dei tyske soldatane kome? Og korleis ville dette utvikle seg? Stemninga på Verdalsøra var dyster. Det var kaldt og surt – og stummande mørkt då soldatane gjekk til ro. Vaktpostane var årvakne som aldri før. Stirra mot sør, inn i mørket. Lytta.

Klokka 03:45 kom melding til Rinnleiret at tyskarane hadde passert Åsen med tog litt før, og at det truleg var ca. 200 soldatar. Fem minutt seinare kom ny melding: tyskarane var ventande til Levanger. Klokka 04:00 vart soldatane vekte, alarmert og dei gjorde seg klare til kamp. I skyttargravene og bak forskansingane stirra soldatane over mot den andre elvebreidda. Dei veit kva som er i vente, er spente, men resolutte. Om dei skal lykkast å stanse fienden frå vidare framrykning, er det med livet som innsats. Minutta går. Mørke skuggar, på linje, nærmar seg jernbanebrua frå sør.

Kai Løseth
fødd 1945, er oppvaksen på Løset i Ramstaddal. Han bur i Ålesund og har vore overlege ved Ålesund sjukehus. Han har skrive ei rekkje lokalhistoriske artiklar, blant anna i Årbok for Sykkylven.

Jostein Blomberg fall ved Stiklestad i forsvaret av Noreg i 1940. Han er verdig å få ein plass oppkalla etter seg, meiner artikkelforfattaren. Foto utlånt av brordotter til Jostein Blomberg, Inger-Johanne Kvalheim i Ørsta.

Tyske soldatar

Nordmennene opnar eld klokka 05:45 – kampane er i gong. Fleire tyske soldatar stuper, drepne eller såra. Etter eit kvarters kamp er det klart at det er eit massivt tysk åtak. Dei tyske soldatane er godt rusta, og har kamptrening.

Det vart sendt motorsykkelordonans til Stiklestad, der dei engelske soldatane var stasjonerte, og bede om støtte. Ei engelsk tropp kom til Verdalsøra og hjelpte nordmennene ei stund, men trekte seg så tilbake. Sjølv om kampane var harde, greide nordmennene å halde stand. Men så var det at tysk strategi, krigserfaring og profesjonalitet skulle vise seg. Tyske soldatar vart sendt til Trones, bak dei norske linjene, med båten «Kong Oscar». Dette vart oppdaga av nordmenn, og dei prøvde å gi beskjed til befalet på Verdalsøra. Dessverre var telefonsentralen då utan bemanning, og derfor lykkast det ikkje å få beskjeden fram.

Tyskarane kom no i bakhald på dei norske soldatane. Sjølv om ordren til eskadronen var å halde bruene lengst mogleg, var situasjonen no håplaus. Dei måtte gi opp striden, hadde meir enn nok med å forsvare seg. Dei måtte prøve å gjere retrett for å unngå store tap. Men vegen nordover, som var planlagt som retrettveg, var blokkert av fienden. Einaste retrettveg var mot Stiklestad. 3. tropp trekte seg først tilbake under kraftig skotveksling.

Sikra retrett

Jostein Blomberg i 4. tropp var mellom dei siste som, under stor dramatikk, sikra retretten til eskadronen. Dei som kjempa saman med han karakteriserte han som ein kjernekar som ikkje veik tilbake i farens stund. Under retretten kom eskadronen til garden Gudmundhus. Også her vart Blomberg med i sikringsstyrken. For å sikre høgre flanke, vart ein av soldatane peika ut og sendt fram for å rekognosere. Dette var Jostein Blomberg. Han gjekk forbi husa på Gudmundset og opp langs hekken i retning vegen, for å få oversikt, då ei kule trefte han i nedre mageregion, og han fall om.

I området var både tyske, engelske og norske soldatar. Dei fleste tyske soldatane hadde hjelm, men berre eit fåtal av dei norske, mellom dei Jostein Blomberg. Dette skulle få fatal konsekvens. Ein av dei norske soldatane tok han for å vere tysker. Kula streifa truleg ei bjørk i alléen, kom i spinn og gjorde stor skade då ho trefte Jostein. Medan han låg ved hekken, prøvde han å gjere merksam på kva som var hendt, men eskadronen var no i full retrett, og han vart liggande att åleine. Han greidde å slepe seg mot løa, og tok seg inn i stallen på garden.

Folka på Gudmundset, familien Slaatsve, hadde om morgonen 21. april funne det tryggast å røme garden og ta seg opp i skogen eit stykke unna. Etter at kampane i området hadde stilna, fekk kona på garden, Karen Slaatsve, ei sterk kjensle av at dei burde gå heim. Mannen John Slaatsve og sonen Hans vart med. I stallen fann dei Jostein sterkt medteken. Dei fekk lagt han på ein divan og bar han inn i stova. Karen, som var utdanna sjukepleiar, stelte med han så godt ho kunne. Skadane var store, og dei prøvde å få tak i både norsk og tysk lege, men det var uråd. Han var fullt medviten heilt til det siste, og gav uttrykk for stor takksemnd for at han vart teken så godt hand om.

Ei 12 år gammal jente som i kaoset under krigshandlingane var komen bort frå familien, overnatta på flatseng i stova på Gudmundset, der også Jostein Blomberg låg. Ho har fortalt at der utover kvelden og natta var krigshandlingar i nærområdet, med kraftige skotsalver. Det vart plassert tunge møblar framfor vindauga som barrikader. Då jenta om natta såg fru Slaatsve legge eit kvitt laken over den såra soldaten, forstod ho at han var død. Det var ved halv tretida natt til 22. april, akkurat då det tok til å lysne av dag, at han anda ut.

Siste helsing

Medan han låg åleine i stallen skreiv han i lommealmanakka si ei helsing til Anna Brudevoll i Sykkylven som han var trulova med, og til far sin:
I dag er jeg skutt gjennem underlivet på utpost. Jeg ligger alene her igjen – orker ikke røre mig. Jeg dør sikkert. Min sak med Gud er oppgjort. Kjære Anna – dette er min siste, triste hilsen til deg. Takk for alt. Hils far og si takk for alt.
Jostein



Jostein Blombergs siste ord skreiv han i lommealmanakken. Ei helsing til kjærasten og faren.

Slik stoda var fekk dei ikkje tak i likkiste. Skulestyrar Bernt Nordset ved Bakketun ungdomsskole snekra kiste, og Jostein Blomberg vart gravlagt ved Stiklestad kyrkje, der Nordset heldt ein gripande tale. Jordfestinga vart halde på nasjonaldagen, 17. mai. Sokneprest Øystein Hovden, son til den kjende presten og salmediktaren Anders Hovden, forretta ved jordfestinga. Soknepresten var kjend som ein uredd, god nordmann og heldt ein gripande tale. Til slutt song dei frammøtte fedrelandssangen, «Ja, vi elsker dette landet» ved Stiklestad kyrkje og i Moe-parken, i området der kampane rasa i 1940, er det reist bautasteinar over falne. På begge finn vi Jostein Blomberg sitt namn. I heimbygda hadde Jostein ein stor kameratflokk, var med i ungdomslaget og musikkkorpset «Lurlåt». Etter krigen reiste Sykkylven ungdomslag eit minnesmerke på grava hans.Jostein Blomberg vart tildelt Krigsmedaljen post mortem.

Minnestein

Hans Slaatsve markerte seinare staden der Jostein Blomberg fall med ein vakker naturstein. Motstandsgruppa av 1940 – 1945, Verdal ville gi han eit varig minnesmerke. Dei fekk laga ei minneplate i støypt bronse som vart montert på steinen, med teksten: JOSTEIN BLOMBERG SYKKYLVEN F. 10 SEP. 1914 FALT HER UNDER KAMPENE MOT TYSKERNE 21. APRIL 1940. På 50-års dagen etter at han fall vart minnesmerket høgtidleg avduka under stor deltaking, der både sivile og militære styresmakter var til stades. Krigsveteranar som var med under kampane 50 år tidlegare var også med.

Sykkylven kommune var representert ved områdesjef i Sykkylven HV-distrikt, Jarle Haldorsen. Han helsa frå kommunen, ungdomslaget, HV-distriktet og slekta til Blomberg. Frå ordførar Ola G. Tromsdal i Verdal fekk Sykkylven kommune boka «Krig – Okkupasjon – Motstand», saman med Verdal kommune sitt bordflagg.

I år er det 80 år sidan åtaket på Norge, og 8. mai kunne vi feire 75 årsjubileum for frigjeringa. Det er lang tid sidan krigen, og kun eit fåtal av dei som var med i kampane lever i dag. Jostein Blomberg var ein av mange som gav livet i forsvaret av landet. Det er viktig at komande generasjonar får kunnskap om fridomskampen, og ikkje tar fred og fridom for gitt. Og dei som fall, må ikkje bli gløymde. Noko som er praksis er å kalle opp ein vei, ei gate eller ein plass etter personar som har utmerka seg på ein positiv måte.Ved Klokksjøen i Ramstaddal, i området der Jostein hadde sine første barneår, er der ein asfaltert plass. Kva med å kalle denne plassen for Jostein Blombergs plass?

Jostein Blomberg sin gravstein. Foto: Jarle Haldorsen

Kjelder:
Morten Veimo: KRIG – OKKUPASJON – MOTSTAND, VERDAL 1940 – 1945
Innherreds Folkeblad og Verdalingen, 24 april 1990
Heimemisjonen, 15 sept 1940
Jon Hole: GJENNOM KRIG TIL FRIDOM, SYKKYLVEN 1940 – 1945
Martin Gjævenes: SYKKYLVEN, Gardssoga IV

Biletkavalkaden 2020

Ved Monica Aure Fallingen. Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, teke ut av Sykkylvsbladet sitt fotoarkiv.

Nyttårskonsert. Året starta med eit fyrverkeri av ein konsert. Den tjuande nyttårskonserten i rekkja samla 150 musikalske menneske i eit konsertkorps, eit konsertkor og eit juniorkorps, krydrar dette med krefter som Stine Hole Ulla og Rune Bergmann, The Brazz Brothers, Stine Tusvik og Per Oddvar «Prots» Hildre. Det blei ei oppleving utanom det vanlege. (Foto: Christine Fohlin Verneland)

Tilflyttarar. Bastian Skogvold, Karoline Hjelseth og Martin Hole, som alle har budd og studert i Oslo men valt å flytte heim til Sunnmøre, gjekk ut i Sykkylvsbladet i januar og bad kommunen gjere grep for å gjere det lettare å busetje seg i Sykkylven. Dei peika på at det knapt var mogleg å skaffe sentrumsnære tomter og at det generelt sett var vanskeleg å skaffe seg sentrale bustadar. (Foto: Monica Aure Fallingen)

Gågata. Venstre tok initiativ til å få på plass ein triveleg og funksjonell møteplass med designmessig kvalitet i sentrum. I sommar kom ein sitjeinstallasjon på plass, og ein del av Kyrkjevegen vart til gågate.
– Vi er opptekne av at det vert skapt stadar der ein kan stoppe opp, treffast og kanskje ta lunsjen sin eller ein is ein solskinsdag, sa Anne Marie Andreassen, som har stått for utforminga, og Kjartan Grebstad. (Foto: Monica Aure Fallingen)



Smittevernfabrikk. I mai vart det etablert ny fabrikk i Sykkylven som skal satse på produksjon av smittevernutstyr. Dette har skapt fleire og ein ny type arbeidsplassar i møbelbygda Sykkylven. Bedrifta, som har fått namnet Innovern, held til ved Næringsfabrikken. Erik Røyrhuus-Øie (f.v.), Kjell Magne Reite, Leif Jarle Aure og Lars Einar Riksheim håpa at produksjonen skulle kome i gang i løpet av nokre få veker. (Foto: Christine Fohlin Verneland)

Drive-in-gudsteneste. Koronastengde kyrkjer hindra ikkje kyrkjene i Sykkylven i å vere kreative og tilpassingsdyktige for å nå ut til kyrkjelyden. Det blei invitert til drive-in-gudsteneste på parkeringsplassen ved kulturhuset med preike og musikalske innslag. Frå venstre: Rose Iren Stave, Katrine Numme, Kent Tandstad og sokneprest Erlend Lunde. (Foto: Christine Fohlin Verneland)

Då korona kom. Det var som elles i landet krisestemning i kommunen då koronasituasjonen oppstod. Fredag 13. mars vart skular og barnehagar stengt. Arrangement vart avlyst, organisasjonar tok pause i aktivitetane sine og mange vart brått sett i heimekontor. Krisestaben i kommunen samla seg og følgde koronasituasjonen tett. (Foto: Monica Aure Fallingen)

«Operatak» på kaia. Etter at Rema kjøpte tomta ved sjøfronten i 2014 har det ikkje kome konkrete planar før no i sommar. Det vart presentert planskisser som mellom anna viser eit «operatak» ved Kaitrappa, med amfi og eit gedigent tak som kommunen kan nytte fritt til ulike tiltak. Under er det planlagt ein Rema-butikk på 1.100 kvadratmeter. Det var teikna inn gangvegar, utstillingsvindauge og eit stupetårn. (Illustrasjonsfoto)

Fastlegekrisa. Administrasjonen i kommunen og fastlegane i Sykkylven har hatt ei konflikt gåande i lang tid. Fleire fastlegar slutta og fleire tusen innbyggjarar låg brått an til å stå utan fastlege. Tidlegare varaordførar Otto Magne Strømmegjerde (t.v.) og tidlegare ordførar Petter Lyshol stod fram i Sykkylvsbladet og meinte at kommuneleiinga måtte gjere grep. (Foto: Frank Kjøde)

Sentrumsskule. Kommunedirektøren har fått utarbeidd eit skisseprosjekt for ny sentrumsskule i Sykkylven, som vart presentert for politikarane i september. Skulen skal erstatte tre noverande barneskular; Aure, Vik og Ullavik. Kalkylen for skisseprosjektet viser ein totalkostnad på 306 millionar kroner, men målet er å kome lågare kostnadsmessig. Etter planen startar bygginga av skulen neste år. (Illustrasjonsfoto)

Ung kultur møtast. Siste dagen i februar var det duka for UKM, den årvisse mønstringa for ung kultur i Sykkylven kulturhus. Det var mange flotte innslag å sjå og høyre på scena, og flinke kunstnarar stilte også opp. Eit stort høgdepunkt var den forrykande framføringa av songen Believer med den tøffe ti år gamle jenta Chloe Walenciak. (Foto: Christine Fohlin Verneland)

Tenestekontor. Kommunen oppretta i starten av året eit tenestekontor for helse- og omsorgstenester.
– Slik det har vore organisert fram til no, har det vore eininngane sjølve som har hatt heile sakshandsamingsprosessen. No vert all sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester samla hos oss, fortalde rådgjevar helse og omsorg Margit Aure Overå, sakshandsamar Anita Kjersheim, sakshandsamar Marita Andreassen, sakshandsamar Lena Nordvoll, sakshandsamar og leiar ved tenestekontoret Møyfrid Bakke og kommunalsjef Eli Otterlei. (Foto: Monica Aure Fallingen)

Rundkøyring. Fylkeskommunen inngjekk ein bindande leigeavtale for etablering av ein tannklinikk for Sykkylven og Stranda i dei tidlegare Randersparken-lokala. Det finst ikkje kryssingspunkt for mjuke trafikantar over fylkesvegen, noko som har skapt hovudbry for fylkeskommunen. I september vart det lagt fram ei sak for samferdsleutvalet i fylket med utgreiing av kostnadene for ei sikker trafikkløysing. Fylkeskommunedirektøren si tilråding var at det vert laga eit signalregulert gangfelt, men eit fleirtal i samferdselsutvalet såg rundkøyring som einaste løysing. (Foto: Frank Kjøde)

TEIKNAR FOR FRED

Av Lions Club Sykkylven Sigtuna

I over 30 år har Lionsklubbar rundt om på kloden sponsa ein heilt spesiell teiknekonkurranse i skule og ungdomsgrupper. Å lage ein plakat om fred gir born over heile verda ein sjanse til å uttrykkje sin tanke, sin fantasi om fred, og såleis inspirere menneske over heile kloden gjennom kunst og kreativitet. Dette prosjektet gjer Lions i tett samarbeid med FN.

Born mellom 11-13 år vert utfordra til å teikne ein plakat med fred som tema. Temaet varierer litt kvart år, med fredstanken er alltid den berande ideen. På verdsbasis er det ca 600 000 born som teiknar for fred, og mange av skulane nyttar dette prosjektet som ein del av markeringa av FN-dagen 24. oktober.

Sigtuna

I Sykkylven er det dameklubben LC Sykkylven Sigtuna som har arrangert denne teiknekonkurransen i mange år, der alle 7.- klasser i bygda tek del. Alle klassene har ein vinnar, og den teikninga vert send vidare til ein distriktsjury med høve til å gå vidare til ein noregssjury. Om ein er så heldig å bli den beste frå heile landet, vert teikninga send vidare til USA i konkurranse med teikningar frå heile verda.

I Sykkylven har vi faktisk hatt ein elev som oppnådde dette, og teikninga var vist for tusenvis av menneske under Lions Convention i Chicago! Ein flott prestasjon! Vi har også hatt fleire distriktsvinnarar – og det er heller ingen liten prestasjon, då det er mange som deltek også på dette nivået.

Tidleg på våren lagar vi ein fest for alle elevane i 7. klasse i kantina på ungdomsskulen. Alle teikningane vert utstilte der, og born, foreldre, søsken, besteforeldre og klasselærarar er velkomne til utstillinga. Det vankar kaffi og kake, pølser og saft – og sjølvsagt heider og ære samt ein liten pengepremie til kvar klassevinnar. Vi snakkar litt om fredstanken, som gjeld like mykje heime, som på skulen, som i landet, som i verda...

Til teneste

Lions motto er «Til teneste» - eller «We Serve». I år er temaet for teikninga «Fred gjennom å hjelpe», og kvart år er det like spennande å sjå kva borna uttrykkjer visuelt når dei får oppgåva.

Vi har vore storleg imponerte over teikningane – mange er rett og slett fantastiske! Vi vil også rette ei stor takk til skulane og lærarane som deltek med sine klasser. Dei er inspiratorar og pådrivarar, og nyttar mange formingstimar til oppgåva. Vi gjennomfører prosjektet dette året også, og premiar skal det bli, så lukke til, alle 7. klassingar! Kanskje blir det DI teikning som går til topps i år?

Klassevinnarar i Sykkylven i 2014

Klassevinnar Sørestranda skule 2019, Sara Dawid.



Nasjonal vinnar av Lions-Fredsplakatkonkurranse 2014, Laila Karin Vatne, Sørestranda skule 2014

Jon Reidar Kurseth, fødd 1950, kan sjå tilbake på eit langt liv som møbelarbeidar. Gjennom heile livet har han vore aktiv i kultur- og musikklivet i Sykkylven. Han har fartstid frå kor og revy og som pensjonist dukkar han stadig opp i nye songgrupper med country, viser og bedehussvisker på menyen.

Hundeidvik i kor i 150 år

Av Jon Reidar Kurseth

Hundeidvik Blandakor har ei lang og stolt historie. Neste år feirar dei 150 år. Det er planlagt ei skikkeleg markering, så sant ikkje koronaen skaper for store vanskar.

Koret blei starta i 1871 med songarar stort sett frå Hundeidvik og nabobygda Tusvik. I bygda vår fekk korsongen tidleg rotfeste og det var ei spesiell hending som førte til det: Det er fortalt at eit notlag frå Hundeidvik var ein tur til Bjørke, inst i Hjørundfjorden, for å kaste etter sild.

Songkor på Grodås

Der fekk dei høyre at det skulle kome eit songkor til Grodås for å synge fleirstemt. Ei slik storhending kunne dei ikkje gå glipp av.

Notkarane rodde ut att til Hundeidvika, fekk på seg finekleda og rodde inn til Bjørke igjen. 4 mil kvar veg! Om dei hadde treboler på hendene seier soga ingenting om. Dei gjekk over Kviven til Grodås og fekk med seg denne storhendinga. Dei blei så oppglødde at det førte til oppstarten av songkor i Hundeidvik.

I 1870 blei Karl M. Habostad frå Stranda tilsett som lærar i krinsane Hundeidvik, Blakstad og Jarnes. Skuleordninga var tre veker på kvar stad - slik gjekk det på omgang. Habostad var også kyrkjesongar i Sykkylven kyrkje. I 1871 fekk han samla ein songglad gjeng i Hundeidvika og Hundeidvik Sangforening blei skipa. Dei var ikkje så mange i starten, men etter kvart kom det med songarar også frå Tusvika - til og med heilt frå Blakstad.

Koret var det fyrste som vart skipa i Sykkylven, ja faktisk eitt av dei aller første på Sunnmøre. Det var ikkje så mange andre rundt omkring i landet heller. Namnet blei etterkvart endra til Hundeidvik Blandakor.

Då Habostad blei overlesst med arbeid på mange område, fekk han ikkje tid til å leie koret lenger. Han var også plaga med sjukdom. Habostad døydde i 1898, han blei berre 51 år. I 1879 tok Johan K. Hatlemark frå Tusvika over koret, berre 20 år gamal. Han var dirigent fram til 1887. Men i 1893 reiste han til Amerika. Han var heime i 1903, men reiste over til Amerika igjen same året. Sidan har ingen høyrt noko frå han. Han blei borte på veg tilbake. Truleg fall han over bord i Irskesjøen.

I 1887 tok bror til Johan over som dirigent. Han heitte Hans K. Hatlemark. Han var svært interessert i takt og tone og var ein dugande felespelar. (Det var også broren Johan.) Hans var berre 24 år då han vart dirigent. Fleire av etterkomarane hans har i alle år vore med i koret.

Korleiar i 36 år

I 1899 tok Karl Gulliksen Hatlemark over koret. Han var frå nabogarden i Hatlemarka. Karl leia koret i heile 36 år! Han var også i perioder dirigent for Sykkylven Blandakor, Lurlåt og Samhald-koret i Straumgjerde.
I tillegg dreiv han møbelfabrikk og var bygningsarbeidar!

I 1939 kom Øyvind Skåden frå Innvik til Hundeidvik som lærar. Han hadde utdanning innan song og musikk. Det gjekk ikkje mange vekene før han var kordirigent. Han fekk også i gang eit spelemannslag i bygda.

Øyvind Skåden var dirigent fram til 1954, då tok Josef Midtgård over.
Josef var frå Toregarden og kom frå ein musikalsk familie.Han byrja i koret i 1933, berre 14 år gamal. Alt då hjelpte han til med stemmeøvingane.

Frå 1954 var det snakk om ein mannskvartett (mannskor som song firstemt).
I nokre år var det vanskeleg å få med damestemmer!
I 1961 starta koret på ny frisk med dame/herrestemmer og slik har det vore sidan.

Josef var dirigent frå 1954 til 1983. Han vart i 1968 tilsett som organist i Sykkylven kyrkje. Framleis blir det plukka fram notar i arkivet frå «Josef-tida» i koret. Josef Midtgård døydde i 1996.

Dirigentar

I dei seinare åra har koret hatt desse dirigentane:

Åge Lade 1983-1984 og 1986-1989
Askjell Molvær 1984 -1986
Nils Naasen Hausten 1989
Astrid Drabløs 1990-2001
Åge Frøystad 2001-

I kortare perioder i 1970- og 1980-åra har Jon Kurseth og Edmund Piwowarski vore innom og dirigert.

USA-turné

I 1986 var koret på tur til USA med mange konsertar både i kyrkjer og konsertar utandørs i eit strålande vêr. Masse publikum over alt og mange gode ord for songen. På amerikaturen hadde koret også med ein songtrio (Halstein Kurseth, Leif Atle Strand og Jon Reidar Kurseth). Dei blei kompa av dirigenten Åge Lade på piano. Dette innslaget blei også godt motteke.

Turen gjekk til Minnesota og Nord-Dakota og det vart også tid til ein avstikkar til Sør-Dakota. Seinare har koret vore på utanlandsturar til Skottland, Riga i Latvia og Gdansk i Polen. Alle turane har vore svært trivelige, kvar på sin måte.

Hundeidvik Blandakor har arrangert to songarstemne, i 1978 og 1988. Stemne, som før var ei fast hending kvart år, har vorte sjeldnare. Det gjeld vel også for dei fleste andre kor. Det har faktisk vore planlagt stemne, som har blitt avlyst på grunn av for få påmelde kor. Alt er i endring, slik har det alltid vore. Det ser ut til at kora reiser meir på eiga hand no, gjerne til utlandet.

Men ein treng ikkje fare utanlands for å ha det triveleg. Hundeidvik Blandakor har hatt mange fine turar i nærområdet også, Sandsøya og Haramsøya, for å nemne to.

Prosjekt

Opp gjennom åra har det vore mange jubileum i koret. 100-årsjubileet var i 1971. Og fleire jubileumsfeiringar har det vore seinare også. Mange musikalske prosjekt har vore gjenomført opp igjennom åra: Jakob Sande-show, Gamle slagarar, arrangert av Askjell Molvær, Vêr og vindkonsert (med mange heimelaga tekstar), blueskonsert med gruppa Woodleg Odd, Beatles-konsert med koret og vokalist Knut Eilefsen. Beatles-låtane var også arrangerte av Askjell Molvær. Elles har det vore nordnorsk aften, songar med opphav frå Nord Noreg, himmelske tonar, religiøse songar og konsert med forskjellige utdrag frå kjende musikalar. I tillegg har det det vore mange kyrkjekonsertar og korkafear.

Hundeidvik Blandakor fekk Sykkylven kommune sin Kulturpris i 1997.
Koret har alltid samla mykje folk, som har gått frå arrangementa vel fornøgde og ei oppleving rikare. Mange musikalske godbitar vil også bli servert av Hundeidvik Blandakor i komande tider.

Hundeidvik blandakor i 2003. Bakerste rekkje: Helge Hermansen, Ole Kåre Grebstad, Ole L. Myrseth, Petter Arne Utgård, Asbjørn Enerhaug, Egil Midtgård, Jon Kurseth, Jon Reidar Kurseth. Andre rekkje: Marit Sandvik, Åge Frøystad, Oddhild Øvergård, Inger K. Tandstad, Kari Mork, Eli Sjøholt, Anita Utgård, Audun Jamtfall, Solveig Garli, Nikolai Strand, Hildur Kalvatn, Anne Mari Årnes. Første rekkje: Dagrun Myrseth, Petra Rotnes, Borghild Sandnes, Magny Eikrem, Solfrid Utgård, Jermund Garli, Vigdis Mork, Linda Skutvik, Margarita Bjørnstad, Sigrid Johansen og Sølvi Utgård.

Innspelingar med Hundeidvik Blandakor:

Sanctus (hellig, hellig)	Det lyser i stille grender
Når vi i Guds skjønne himmel	Amazing Grace
Laudate	Tennesse Waltz
Kveldssong	Victor Jara
La ikke natten komme nå	Can't Help Falling In Love
Mitt hjerte alltid vanker	

Desse blei innspela i Sykkylven Kyrkje i 1992 av NRK Møre og Romsdal.
Innspelingsteknikar var no avdøde Harald Nørve.

Konsertopptak, Hundeidvik grendahus, 29. februar-1992 :

I en skumringsstund	Hondavikja blandakor
Lykkens melodi	Tennessee Waltz
Gatesangeren	Goodbye, goodbye Malene
The white cliffs of Dover	En gang skal vi møtes på ny
Michelle	Vigdis vals
Can't help falling in love	Mitt hjertes drømmeland Hawaii
Victor Jara	

Det finst også mange videoar med koret på Youtube.

Heimlengt etter seksti år

Av Jan Sjong

Jan Sjong,
er fødd i Horten i 1936, men kom til Skotet i 1939 og til Sykkylven i 1942. Som 23-åring reiste han til USA og enda opp blant mange andre nordmenn og sykkylvingar i Seattle.
Han byrja på krabbefiske og fekk etter kvart sin eigen båt. Seinare vart han trålreiar og var ein av eigarane til den første fabrikktrålaren i USA.
Han har alltid halde god kontakt med heimbygda.
Med besteforeldre frå Skotet, har han blitt ein ivrig medlem av Storfjordens Venner.

Sykkylven er ei sjeldan vakker bygd. Her har du fjorden, omkransa av majestetiske fjell, elvar og skog. Det er ein vidunderleg plass å vekse opp, men det var noko eg ikkje sette pris på, før eg kom ut og fekk noko å samanlikne med. Eg trur det var ein av grunnane til at eg busette meg i Seattle, ein stad som nesten er like fin.

I oppveksten var vi mykje på fjordgarden Skotet med besteforeldra mine. Vi reiste dit heilt til dei flytte då Besten, Joakim Skotte, var 70 år. Han hadde budd der heile sitt vaksne liv. No var det ingen som ville ta over garden, det var berre å late att døra og gå. Eg trur dette tok knekken på Besten, han døydde berre få månader etterpå. På Skotet lærte eg å arbeide, han Besten skulle ikkje ha noko slinger i valsen. Det har kome godt med, i alle år.

Utreise

Eg tok læretida mi som mekanikar ved Nyborg Mekaniske Verkstad. Så var det militærteneste. Jarle Strømme er den som må ta det meste av skulda for at eg reiste til Amerika. Han kom ein dag i 1959 og fortalde at han hadde to onklar i Seattle. Dei ville garantere for han slik at han kunne søkje om emigrasjon. Du må slå deg med, sa han.

Eg skreiv til tanta mi, Kari Opsal, som budde i Oregon. Dei hadde reist over nokre år tidlegare og eg spurde om dei ville garantere for meg. Det ville dei. Det tok sju - åtte månader og det vart fleire turar til Oslo og Den amerikanske ambassaden. Rett før jul var alle papir i orden. Eg ville vere heime i jula før eg reiste. I mellomtida hadde Jarle funne seg ei jente og dermed vart det ikkje noka emigrering. Dei gifte seg og han kom aldri til Amerika.

Planen min var at eg skulle vere der i to år og så kome heim att. Slik vart det ikkje. Min første jobb i Amerika var å grave ei grøft for hand, så eg byrja på botnen. Dette var i North Bend Oregon, ein ganske liten by med ganske lite framtid å by på. Eg kjøpte ein gammal bil og køyrde nordover til Tacoma i staten Washington. Der vart eg verande i eit halvt år. Eg fekk meg jobb på ein verkstad. Dei gjekk konkurs, men det var ikkje min feil.

I Tacoma budde det mange nordmenn, mellom andre Arne og Margit Framhus. Arne kom frå Stranda og Margit var frå Hole. Dei hadde ikkje born, så eg vart meir eller mindre adoptert. Arne hadde ein liten verkstad i ein garasje og der fekk eg arbeide om kveldane og i helgane. Arne betalte godt.

Neste stopp var Seattle. Der budde det også mange nordmenn og mange sykkylvingar. Ein laurdags ettermiddag treftest seks sykkylvingar i Ballard heilt tilfeldig. Det var Johnny Eidem, Petter og Lasse Myhre, Severin Hjelle, Arne Ellefsen og eg. Ballard er den norske delen av Seattle. Her fekk eg arbeid på ein mekanisk verkstad. Eg budde saman med nokre kameratar og tente godt. Framtida såg lys ut.

Alaska

Men berre etter eit par månader vart eg innkalla til militærteneste. Hadde eg hatt to månader meir i Noreg, hadde eg gått klar. Det vart to år med mange nye inntrykk. Eg vart stasjonert i Norfolk, Virginia ei stund, men heldigivis vart eg forflytta til

Alaska. Vi lasta alt utstyr om bord i eit hangarskip, mellom anna 20 svære helikopter, bilar og alt slags krigsutstyr. Så sette vi kursen mot Panama-kanalen og derifrå vidare nordover til Anchorage i Alaska.

Eg vart stasjonert i Fairbanks, som ligg 400 miles (643 km) nord for Anchorage. Eg hadde ein maskinverkstad i ein trailer der eg skulle lage delar til helikoptera. Det blei det lite av, for dei hadde med seg alle dei delane dei hadde bruk for.

Det var veldig kaldt denne vinteren. Vi gjekk mykje på ski, køyrde hundeslede, grov etter gull, og fann litt også, til ringar og armband. Om sommaren vart det ein heil del jakting. Eg likte meg godt og bestemte at eg skulle bu i Fairbanks over vinteren etter at eg var ferdig med militærtenesta. Det var ein flott militær maskinverkstad på basen og der søkte eg om jobb. Eg fekk svar tilbake. Eg var ikkje amerikansk borgar, så jobb kunne eg ikkje få.

Krabbe-eventyr

Ikkje lenge etter var eg på veg til Seattle. Der fekk eg tilbod om arbeid på ein krabbebåt i Kodiak. Det var Severin Hjelle, som vi kalla Sam, som ordna det. Neste sesong var eg maskinist med Petter Myhre på båten Foremost, som var eigd av onkelen til Sam. Etter det var eg maskinist på Viking saman med Sam. Like før jul kom Sam og spurde om eg ville ta båten over jul, for han ville heim. Det ville eg sjølvsagt, men eg måtte skaffe mitt eige mannskap. Eg ringde til Seattle og fekk tak i tre kameratar. Reidar Tynes frå Sykkylven var ein av dei. Og alt gjekk bra.

Denne våren i 1967 gifte eg meg med Berit Ingebrigtsen frå Ålesund. Vi reiste på ei tre månaders bryllaupsreise til Noreg. Eg fekk låne ein trompet og var med i Lurlåt i 17. mai-toget på Aure.

Neste år bestilte vi ein ny krabbebåt. Det var Sam, Harald Hansen frå Kristiansund og eg. Vi hadde den i 12 år med gode resultat. Det skulle bli mange fleire etter kvart. Den neste krabbebåten bygde eg saman med Konrad Uri. Mor hans var frå Bakkegarden på Aure. Då vi budde i Pihl-huset på Aure under krigen, brukte eg å kjøpe mjølk frå bestemor til Konrad, ho Bakke-Karoline.

Krabbefisket var eit eventyr. Vi var med nesten frå byrjinga. Ei tid var det båt-dåp nesten kvar veke. Alt kan ikkje vare evig, så på slutten av 70-talet tok krabben nesten slutt. Det var ein masse nye båtar som skulle betalast. Mange gjekk konkurs.

Fabrikktrålaren Royal Sea. (Foto: Privat)

Trålfiske

Vi tok til å sjå oss rundt etter andre fiskesortar og fiskemetodar. I Noreg dreiv fabrikktrålarane godt, fann vi ut. Eg tok kontakt med Erik Breivik frå Ålesund. Han hadde den største fabrikktrålaren i Noreg på den tida. Båten fiska på Finnmarka og Erik inviterte oss med på ein tur.

Vi flaug til Hammerfest og båten kom dit for å hente oss. Vi hadde fire - fem fine dagar om bord, vi såg med ein gong at dette var meir innvikla enn det vi hadde drive med før. Etter mykje fram og tilbake vart vi samde om at vi skulle kjøpe 75 prosent av båten. Erik skulle behalde resten og han skulle drive båten i Amerika.

Etter kvart fann vi ut at berre båtar som var bygde i Amerika fekk fiskerettar, så dette var sjølvslutta. Kva skulle vi gjere no? I 1959 hadde den amerikanske staten bygd to fabrikkskip som skulle fiske - ein på vestkysten og ein på austkysten.

Dei var i gang i litt over eit år, så vart det slutt. Dei hadde 14 fagforeiningar om bord, så det gjekk ikkje. Dette var dei største fiskebåtane i Amerika, 296 fot.

Seafreeze Atlantic låg i opplag i Norfolk i Virginia. Erik Breivik og eg flaug dit for å sjå om han var brukande etter å ha lege der i ni år. Vi kjøpte båten og byrja å overhale utstyret. I november var vi klar. Eg tok båten gjennom Panamakanalen og opp til Seattle. I Seattle monterte vi ny fabrikk i skipet og sette inn ulikt anna utstyr. 15. mai 1980 drog vi på tur. Det var spanande, for vi hadde lagt ned mykje arbeid og mykje pengar i skipet.

Jan Sjong saman med Erik Breivik. (Foto: Privat)

Første lønnsame

Dette vart den første lønnsame fabrikktrålaren i Amerika. Nokre år seinare kjøpte eg også det andre fabrikkskipet i opplag og tok den til Måløy for total ombygging. Vi selde dei etter ei tid, men begge båtane er framleis aktive. Vi skulle produsere skinn- og beinfri filet. Etter tre månader hadde vi båten full, nesten to millionar pund. (vel 900 000 kilo). Det såg bra ut, men det neste spørsmålet var: Ville nokon kjøpe fisken?

Frosen fisk vart ikkje godt motteken på den tida. Det var mindre båtar som fiska torsk. Dei heiv fisken i rommet og skvetta litt is på. Seks til sju dagar seinare når dei leverte fisken, var han halvt roten og då fraus dei han. Det var ikkje lett å overtyde kundane om at vi leverte prima kvalitet. Som ein kar sa: "If it was easy, anybody could do it".

Sjong-familien: Frå venstre Vicky Jaquish, Lisa Sjong-Wilson, Jan Sjong, Berit Sjong, Tina Holte. (Foto: Privat).

Vi hadde to linebåtar, Storfjord og Hessafjord, men det vart aldri det heilt store. Å dra opp ein fisk i gongen gjekk for seint. Vi var dei første som hadde Mustad autoline-system om bord. No har alle det.

I løpet av desse åra, vart det mange turar til Noreg. Ein del var forretningsreiser, men mange var rett og slett utløyst av heimlengt. Ofte har eg sagt, at dette er siste gongen. Men no er det ingen som trur meg lenger.

Trebåt

Ei stund hadde eg vore på utkikk etter ein lystbåt. Eg ville ikkje ha plastbåt, men det var nesten ingen trebåtar å finne i Seattle-området. På Valderøya var det ein som var for sal. Det var ei 45 fots fiskeskøyte med ein 30 hestekrefters Volda-motor. Den ville eg ha.

Eg sende den med ein russisk fraktebåt til Vancouver i Canada. Han stod på dekk og var heilt uttørka. Då eg sette den på sjøen, lak den som ein sil. Heldigvis var det ei god pumpe i han. Så skulle vi ha motoren i gang. Eg hadde lite røynsle med slike motorar og eg brukte opp all startluft utan resultat. No hadde det blitt mørkt også, og alt var stengt.

Trebåt måtte det vere. Båten, som fekk namnet Toy, vart frakta frå Valderøya til Seattle og grundig restaurert til ein lystbåt som John Sjong hadde i nesten førti år. (Foto: Privat)

Dagen etter fekk eg tak i ein kompressor, pumpa fullt med luft igjen og motoren starta og vi kunne byrje på turen. Vi stoppa i Friday Harbor, det var ein tollstasjon. Ein tollar kom om bord, såg seg godt rundt: And what are you going to do with this piece of shit, sa han. Om to år skal det bli lystbåt, sa eg. Han tvila, men han spurde om eg ville vise han båten når eg var ferdig med restaureringa. Det gjorde eg. Det kosta meg 7,35 dollar i toll. Eg hadde denne båten i nesten 40 år med mange fine turar. Eg selde den i fjor til ein nordmann som eg veit vil ta godt vare på den.

Slektsstemne

I 2012 hadde vi slektsstemne på Skotet. Det kom 27 gjester frå Amerika og endå fleire frå Noreg. Vi hadde rømmegraut og spekemat på Ytste Skotet. Det var ein tur som

born og barnebarn vil hugse. For eit par år sidan hadde vi konfirmanttreff for tredje gong. 22 møtte. Vi hadde middag på Berlihuset med levande musikk og dans, men der var berre fire gutar. Det var ein koseleg samankomst.

Når eg er heime i Sykkylven, er det småting som betyr så mykje for meg. Å ha kaffi saman med gamlekarane på kiosken med litt mimring om gamle dagar, eller å ete potetball på Ekornes saman med Bjørn Lyngvær. Kanskje eit kaffiselskap med Reidun og Jon Holmberg. Ein flott lunsj saman med Lindis og Henry i Oppigarden på Ekornes med ei nydeleg utsikt over fjorden frå Aursneset til Tandstad. I bakgrunnen reiser Hamarsettindane seg, heilt fantastisk. Eller ein tur til Drabløsstølen og hytta til Eivind Nyborg.

«Fjølge fiskekake»

No held eg kan hende meir på dialekten min enn dei fleste. Ein dag var eg ein tur opp på Handelslaget og i ein frysedisk såg eg dei hadde frosne fiskekaker. Eg spurde ei jente bak disken om dei hadde «fjølge fiskekake». Ho hadde ikkje aning om kva eg snakka om.

Etter alle desse åra i USA seier eg enno: «Eg skal heim ein tur.» Det er noko som dreg. Eg er litt involvert i Storfjordens Venner: Dei held no på med eit stort prosjekt. Skulptøren Ola Stavseng frå Stordal lagar bronsestatuar av fjordfolket. Gruppa skal ein plass ved sjøen i Geiranger. Vonar eg kan vere der på avdukinga. Alderdommen tynger oss litt, sjølv om vi ikkje vil vedgå det. Vi snakkar om å flytte tilbake av og til, men eg trur eg har budd borte for lenge. I tillegg har eg barn og barnebarn som bur i nabolaget.

I fjor møtte eg ei dame heilt tilfeldig. Vi var i lag ein del 1964. Det var på den tida eg byrja å fiske, så eg var mykje vekk og ho reiste tilbake til Noreg. Det var slutten på DEN romantikken.

Mannen hennar døydde om lag samtidig med kona mi, Berit. Dei døydde av same sjukdommen. Etter ei tid kom ho hit på besøk. Ho kan berre vere her seks månader i året. Det blir ein del reising fram og tilbake. Det har gått greitt så langt.

Vi prøver å gjere det beste ut av den tida vi har. Det er ingen garanti. Vi ønskjer alle i Sykkylven ei god jul og eit godt nytt år.

Etter kvart har det blitt mange barnebarn.
Frå venstre Megan, Allison, Kelli, Travis, Elizabeth, Katie og Karl. (Foto: Privat)

I.L. Ringen 100 år – sovande klubb med ærerik historie

Av Bent Tandstad

I 2020 er det 100 år sidan Idrottslaget Ringen vart skipa som ei underavdeling av ungdomslaget Samhald i Straumgjerde. I dag ligg laget nede, men i mange tiår var laget svært viktig for krinsane inst i Sykkylvsfjorden.

Sist IL Ringen var i vinden var på 1970- og 1980-talet, då som eit reint handballag. Herrelaget spelte fleire sesongar i den nest høgste divisjonen, og det var stort publikumsframmøte til heimekampane i Storhallen. Sykkylven var prega av ein handballfeber bygda ikkje har opplevd korkje før eller seinare. Meir om dette seinare.

IL Ringen vart skipa 18. april 1920, noko seinare enn Velledalen IL og Sykkylven IL, som begge vart skipa i 1906. Det var grendene Erstad, Riksheim, Straumgjerde og Tandstad som sokna til det nye idrettslaget. *«Idrottslaget Ringen har til formål å trena opp ungdomen i bygda i allsidig idrott og friluftsliv, og gi han syn for verdien av å leve eit frisk og sunt friluftsliv. Det vil søkja å styrkje heimkjensle og nøra elsken til heimen og heimbygda. Og det vil arbeide med det føremon å utvikle ein ungdom med ei sunn sjel i ein frisk kropp».*

Sømeleg framferd

Alle over 15 år, og som elles syner sømeleg framferd kan bli medlemer i laget, står det i statuttane.

Ola Tandstad frå Simogarden på Tandstad, og som seinare vart ordførar og bygdebokforfattar, var den første leiaren i laget. Etter kort tid starta styret i det ferske idrettslaget forhandlingar med grunneigarane på Straumsheim om kjøp av Slettegjerde. Ikkje alle grunneigarane var villige til å selje, og laget tok ikkje over Slettegjerde før i 1936. Det måtte IL Ringen betale 560 kroner for. Men først våren 1939 var idrettsplassen grusa og klar til bruk, og sidan den gong har Slettegjerde vorte brukt som fotballbane.

I eit hefte som vart utgitt til 60-årsjubileet i 1980 fortel Osvald Vigstad at den første ordinære fotballkampen til IL Ringen var mot Stranda på Stranda, der heimelaget vann 1-0. Det var dei godt nøgde med. Det står vidare:

«Utstyret med drakter var skralt. Mange hadde lange turnbukser og kvite skjorter og likna meir på bakarar enn fotballspelarar. Nokre hadde damebukser med gummistrikk».

Fotball var viktig, men IL Ringen var framfor alt eit allsidig idrettslag. Mannen som seinare skulle bli lensmann, Bernt Tandstad, var den første trenaren. Innandørstreningane gjekk føre seg på ungdomshuset Vårvon med fokus på kondisjons- og styrketrening og gymnastikkøvingar. Dei fleste medlemene dreiv både med fotball, friidrett, ski og skøyter. Om ikkje Øggards-Bernt kunne leie treningane, så brukte dei grammofon med instruksjon og musikk til øvingane.

Bent Tandstad
fødd 1955, frå Jakupgarden på Tandstad er frilansjournalist og litt pensjonist etter å ha jobba nær 40 år i norsk presse, blant anna i Sykkylvsbladet, Gjengangeren og Sunnmørsposten. Dei siste 23 åra har han jobba i nyheitsavdelinga i NRK på Marienlyst i Oslo. Busett i Horten i Vestfold.

Jens K. Tandstad, Jakup-Jens, i aksjon for IL Ringen i langrenns-løypa.

Jens K. Tandstad i aktivitet i Fausabakken på Straume.

Idrettsboikott

Under krigen frå 1940 til 1945 var det idrettsboikott i protest mot nazi-styresmaktene, og det var ikkje organisert idrett. Etter krigen starta det så smått med organisert fotball igjen, og I. L. Ringen vart med i Sunnmøre fotballkrins.

Første offisielle kampen var på bortebane mot Stranda 3. august 1947, og det enda med tap 1-8. Osvald Vigstad skreiv i attersynet at dei deltok i serien med «vekslande hell».

Han skriv at det var vanskeleg å stille godt lag i kvar kamp, då fleire av spelarane deltok i andre idrettsgreiner. Og etter kvart vart det starta forhandlingar med Velledalen IL om å slå saman fotballgruppene. Og 6. juli 1952 vart vedtaket om dette gjort på eit ekstraordinært årsmøte, og snart var Velledalen og Ringen fotballag (VRF) ein realitet.

VRF gjorde det svært godt dei nærmaste tiåra, og det var nok ei god oppleving for spelarane i IL Ringen som hadde opplevd mange forsmedelege tap for til dømes Stranda. Strandarane greidde aldri å hamle opp med det nye VRF. Ein kjend mann i Straumgjerde, Jostein Strømmegjerde, sa det ein gong slik: *Det er to ting strandarane aldri kjem til å få til. Det er fotball og hønnjmusikk*. Det var på denne tida at VRF herja som verst på fotballbana, og musikklaget Straumshorn heldt eit høgt musikalsk nivå.

Fotballen vart stadig viktigare, og dei ivrige medlemene gjekk kjapt i gang med å leggje gras på Slettegjerde. Grasbana vart sådd 13. august 1956 etter imponerande dugnadsinnsats. Det vart også kjøpt inn koksgrus til løpebaner rundt fotballbana, men etter at den flotte grasbana stod ferdig, gjekk nok lufta litt ut av dugnadsgjengen. Løpebana vart aldri ferdig. 84 personar deltok i dugnadsarbeidet, skriv Osvald Vigstad.

Ski og friidrett

Det var allsidig aktivitet i IL Ringen utover i etterkrigstida, både sommar og vinter. «Tei-Johan», Johan Strøm, var ein av dei beste mellomdistanseløparane på Sunnmøre desse åra. Det vart arrangert friidrettskampar mot Stranda, og det var jamne tvekampar mellom dei to bygdene. Mange av medlemene i laget tok også idrettsmerket kvart år, og fleire av dei gjorde seg fortente til idrettsmerkestatuetten.

Det var gode resultat også i blant anna terrengløp. På vintrane var det stor aktivitet både på ski og skøyter. Det var mest langrenn, og Osvald Vigstad skriv at IL Ringen hadde fleire av dei beste langrennsløparane på Sunnmøre i ein tiårsperiode frå 1946.

Langrenn var viktigast på vinteren, men det vart hogge ut fleire treningsløyper for alpint både nede i bygda og oppe i Straumsdalen. Også hoppsporten stod høgt i kurs hos mange. Laget arrangerte både bygdarenn og kretsrenn på skøyter, som eitt av dei få idrettslaga på Sunnmøre. Skøyteløpa gjekk føre seg på Fetvatnet.

På 1960-talet byrja aktiviteten i IL Ringen å dabbe av. Det vart halde ein del langrennskonkurransar for born, men det vart aldri den same kveiken som det hadde vore. VRF sin suksess på fotballbana gjorde at interessa for andre idrettar gjekk ned. Mange av veteranane i klubben meinte at samanslåinga av fotballgruppene i Ringen og Velledalen hadde ført til at fotballen vart altfor dominerande, og at det gjekk sterkt ut over dei andre idrettsgreinene, både sommar og vinter. VRF vart ein gaukunge i IL Ringen sitt reir, var det ein av dei som sa.

Frå 1964 stilte IL Ringen jentelag i handballserien, og dei gjorde det bra.
Det var handballbane bak det eine målet på Slettegjerde. Men det var vanskeleg å halde aktiviteten oppe, så det dabba av etter nokre år.

Trim for eldre

Det var lite aktivitet i laget heilt fram til litt utpå 1970-talet. Då hadde ein gjeng mannfolk i Straumgjerde, under leiing av Erik Olstad, starta med trening i gymnastikksalen på Tandstad skule. Eigentleg var det i starten ei form for eldretrim.

Han minnest at Tomas Tandstad var med frå starten, og det var også Kjetil Drabløs, Odd Strømmegjerde, Leif Jarle Nakken og Petter Jarnes. Seinare kom også Steinar og Kjell Olsen og Per Kjartan Lade med. Tomas var ein del eldre enn dei andre, men han var ein av dei ivrigaste.

-Vi starta i 1971-72 som ei trimgruppe. Vi byrja treningane med styrke- og spenstøvingar, og så avslutta vi med fotball eller basketball. Og det kunne gå hardt føre seg. Eg hugsar spesielt ei trening der Tomas Tandstad og Kjetil Drabløs gjekk inn i ein knallhard duell like ved den doble inngangsdøra til gymnastikksalen. Det enda med at begge to seila ut gjennom dørene og hamna ute i gangen, fortel han.

Det vart meir og meir handball. Dei bestemte seg for å melde eit lag på i serien. Då passa det godt at inaktive IL Ringen hadde fleire tusen kroner på bok, og i staden for å starte ein heilt ny klubb, bles dei liv i den tradisjonsrike klubben.

Mange av spelarane var nybyrjarar, men likevel vann laget 4. divisjon første sesongen utan å tape poeng. Interessa auka med suksessen, og snart vart Odd Ulvestad henta inn som trenar saman med Erik Olstad. Han spelte på den tida for ålesundsklubben Herd i 2. divisjon, det nest øvste nivået nasjonalt.

Laget vart betre og betre år for år, og i 1980 var IL Ringen klar for spel i 2. divisjon. Og då var ikkje lenger Ringen eit lag for Tandstad, Straumgjerde, Riksheim og Erstad, men for heile bygda. IL Ringen hadde også eit slagkraftig kvinnelag i store delar av perioden, og det var også god aktivitet i dei aldersbestemte klassene. Kvinnelaget spelte i 3. og 4. divisjon.

Jubel i Storhallen

Dei første åra måtte IL Ringen spele heimekampane sine i Ørstahallen eller i Fagerlihallen i Ålesund, som var dei einaste godkjende hallane på Sunnmøre på den tida. Først i 1982 opna Storhallen i Sykkylven, og då vart det skikkeleg handballfeber i møbelbygda. Laget fylde Storhallen på Aure helg etter helg, og interessa for IL Ringen var enorm.

Det var eit himla liv i Storhallen når 1000 tilskodarar sat tett inn på handballbana, jubla og heia laget fram. Laga dei spelte mot grudde seg alltid til kampane i Storhallen. Det var eit enormt trykk i publikum, og her kan ein trygt seie at dei entusiastiske

60-års jubileumsfest på Sjølyst i 1980: Tredje rekke; Anton Flemsæter og Kjell Rypdal. Andre rekke frå venstre Ingmund Eliassen, Kjell Olsen, Steinar Olsen, Jan Welle og Odd Karlsen. Framme frå venstre Erik Olstad, Oddvar Riksheim, Bjørn Lade, Robert Kvam og Per Kjartan Lade.

Etter sigeren som sikra opprykk til 2. divisjon i 1980. Frå venstre bak: Erik Olstad, Jan Welle, Kjell Olsen, Kjell Rypdal, Oddvar Riksheim, Anton Flemsæter, Steinar Olsen og Bjørn Lade. Framme frå venstre: Robert Kvam, Per Kjartan Lade, Ingmund Eliassen, Odd Ulvestad og Odd Karlsen.

heimetilhengjarane var ein viktig faktor for at laget vann så mange av kampane sine i den nye storstova. Det vart færre sigrar på bortebane, men det var alltid ein gjeng Ringen-supporterar med på bortekampane også.

Robert Kvam (62) var nok alt i alt den viktigaste spelaren på Ringen i desse åra. Kombinasjonen spenst og skotstyrke gjorde at den venstrehendte straumgjerdingen var ein frykta motstandar. Han har mange gode minne frå handballkarrieren, og kan stadfeste at Ringen-tilhengjarane gjorde seg sterkt gjeldande også på bortekampane.

-Eg hugsar spesielt ein kamp mot Elverum i Elverum. Ringen-supporterane tok fullstendig luven av heimepublikummet, dei heldt eit svare leven og vi vann kampen. Og Elverum-publikummet var ikkje akkurat kjende for å vere lydlause, ler Robert. I dag er Elverum det suverent beste handballaget her i landet.

Han har fleire permar med avisutklipp frå dei mange kampane, som han ikkje har kika i på mange år. Og han måtte leite litt før han fann permane. Det blir mykje humring og mange historier når dei kjem på bordet.

Seieren over Elverum ble en hyggelig revansje for Ringen-spilleren Steven Chandrapaul (bildet) mot sin tidligere klubb.
(Foto: Ola Joakim Fæø)

Ringen slo Elverum

erum: Med glim-
de støtte av en me-
entusiastisk sup-
ergjeng i grønne
r, ble det rene ju-
mpen for Ringen
verum søndag et-
idag. Ikke minst
tte et skikkelig
'or sist» for Ste-
andrapaul, som
den av å være

Håndball

2. divisjon menn, avd. 1
ELVERUM-RINGEN 23-29
(14-14)
Elverumshallen
335 tilskuere
Mål Ringen: Jarle Myking og Steven Chandrapaul 7, Bjørn Lade 6, Robert Kvam 5, Nils Helge Hoel og Norleif Vegsund 2.
Toppscorer Elverum: Stig Rasch 8.
Dommere: Torstein Strand

Faksimile frå Sunnmørsposten.

Landslagsaktuell

Robert Kvam var også aktuell for det norske herrelandslaget. Han vart kalla inn til landslagssamling før VM i 1981, men på grunn av ein skade måtte han melde avbod. Etter det høyrde han ikkje noko meir frå forbundet.Mange meiner at Robert heldt eit godt nivå til å spele i den øvste divisjonen, og det var interesse frå andre klubbar, men ungguten valde å bli i IL Ringen.

-Eg var nok litt for heimekjær til å flytte frå Sykkylven, og det nyttar ikkje å tenkje på korleis det hadde gått om eg hadde gått til ein annan klubb, seier han.

IL Ringen var på denne tida det beste laget på Sunnmøre, og dei beste spelarane på Sunnmøre melde seg inn. Frå Ålesund kom spelarar som Per Trygve Refsnes og sein

Robert Kvam har mange gode minne frå handballkarrieren i IL Ringen. Her blar han i ein av permane med avisutklipp.

Robert Kvam blir innkalt på landslagets neste samling. Det kan landslags-sjefene Per Otto Furuseth og Jan Egil Utberg nå bekrefte. Kanskje får vi se Robert Kvam i den norske VM-troppen?

Ringen-spilleren innkalt på landslagssamling:

Robert Kvam med i Norges VM-tropp?

Får vi se Robert Kvam i den norske landslags-drakta i håndball-VM i februar? Alt tyder på at dette virkelig kan bli en realitet, for den eminente Ringen-teknikeren med de susende venstrehånds-skuddene blir i følge landslags-trenerne Per Otto Furuseth og Jan Egil Utberg innkallt på kommende landslags-samling.

var etter Ringens kamp i
n i første serierunde at
ags-basen Per Otto Furu-
e oppmerksom på Kvams
per. Han ba derfor sine
personer både på
re og ellers Ringens

års VM, som altså går av stabelen i februar.
Og etter det spillet vårt landslag viste i TV-kampene fra nordisk mesterskap skulle det forundre oss om ikke nettopp en spiller som Robert Kvam kunne

han altså venstrehånd
Og det er en fordel i in
håndball. Slik skaper n
virring hos motstander
Trolig blir landslag
avviklet allerede
helg, så da spørsl det

Faksimile frå Sunnmøre Arbeideravis.

are også Gunnar Leira. Ove Krumsvik frå Volda vart også ein støttespelar som målvakt, og frå Stranda kom blant andre Jarle Myking.

Stammen i laget var likevel kameratgjengen frå Sykkylven, og fleire av dei som var med på dei første treningane i gymnastikksalen på Tandstad skule var med heile tida. Blant desse er brørne Steinar og Kjell Olsen.

Alle spelarane var i full jobb ved sida av handballen, så det tok naturleg nok det meste av fritida.

-Når vi spelte bortekampar på søndag ettermiddag var det ikkje alltid vi rakk siste ferja frå Magerholm. Då var det berre å sove i bilane eller bussen og vente på første ferja om morgonen. Og så var det rett på jobb, fortel Steinar Olsen.

Robert Kvam fortel om hard trening, med blant anna styrketrening med uortodokse metodar. Det var ikkje lett å få tid til andre syslar enn trening og kamp. Men det var ei morosam tid, minnest han. Det var godt samhald i laget, og dei hadde det kjekt saman.

Robert gav seg rundt 1990, og rundt denne tida var det også fleire andre nøkkelspelarar som miste gnisten.

Den siste tida

Arnfinn Tynes var den siste leiaren i IL Ringen. Laget rykte opp i 2. divisjon igjen i 1988. Det vart satsa friskt ved å tilsetje kroaten Ivica Rimanic som trenar i samarbeid med Spjelkavik IL. Han skulle vere spelande trenar, men ei ryggskade gjorde at det vart lite speletid på han. Han hadde 50 prosent stilling i Ringen og 50 prosent som trenar for kvinnelaget til Spjelkavik.

Det betydde ei satsing på eit langt meir profesjonelt plan enn tidlegare, men det vart for tøft økonomisk. Ein såpass liten klubb som Ringen hadde ikkje rygg til å bere dette. Det vart nedrykk igjen, og på mange måtar gjekk lufta ut av ballongen. Interessa dabba, mange av spelarane som kom utanfrå slutta i klubben. Samstundes var også spelarane som hadde vore mange år klubben også gått leie, seier Arnfinn Tynes.

1992-1993-sesongen vart den siste for seniorlaga i IL Ringen. Herrelaget samarbeidde med Stranda IL under namnet IL Ringen, medan kvinnelaget stilte lag saman med Stranda under namnet Stranda IL. Etter dette var det aktivitet berre i dei aldersbestemte klassene, før dette også tok slutt.

Så får tida vise om IL Ringen i løpet av dei neste 100 åra igjen vil reise seg og bli eit aktivt idrettslag igjen. Inntil vidare har vi berre dei mange gode minna.

POKALKAMP

«I 1951 inviterte idrottslaget Ringen, Straumgjerde, til pokalkamp, og strandarane let seg her slå av vertskapet med 10 poeng. Her er resultata:

100 meter:

1.	Albin Jønson, Ringen,	12,3
2.	Øyvind Roset, Stranda,	12,4
3.	Harald Relling, Stranda,	12,7
4.	Sverre Hoel, Stranda,	12,9

DISKOS:

1.	M.K. Tandstad, Ringen,	33,80
2.	J.K. Tandstad, Ringen,	29,14
3.	Karl Ødegård, Stranda,	28,90
4.	Øyvind Roset, Stranda,	28,12

LENGDE:

1.	Harald Relling, Stranda,	5,90
2.	Albin Jønson, Ringen,	5,62
3.	Olav Vangen, Stranda,	5,57
4.	M.K. Tandstad, Ringen	5,29

HØGDE:

1.	Olav Vangen, Stranda,	1,58
2.	Johan Strøm, Ringen,	1,55

KULE:

1.	M.K. Tandstad, Ringen,	11,20
2.	J.K. Tandstad, Ringen,	10,46
3.	Olav Vangen, Stranda,	9,70
4.	Otto Ødegård, Stranda	9,63

1500 METER:

1.	Johan Strøm, Ringen,	4,32,7
2.	Sverre Hoel, Stranda,	4,38,0

Humanitære klubbar i Sykkylven

Av Kjell Løseth

Kjell Løseth
født 1941, er tidlegare lærar og skulesjef. Sidan han gjekk av, er han travel pensjonist og oppteken av organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie. Han har gjort teneste som leiar og styremedlem i organisasjonen Storfjordens venner.

Rotary, Odd Fellow, Rebekkasøstrene, Lions Club Sykkylven og Lions Club Sykkylven Sigtuna. Dei er alle ulike, men har stor aktivitet, mange medlemmer og eit brennande lokalt, nasjonalt og internasjonalt engasjement.

INTERNASJONALT

Rotary

Felles for dei alle, er at dei har sin historiske bakgrunn frå USA. Rotary har hovudkontor i Evenston, Illinois og er grunnlagt av Paul Harris. I 1905 møttest folk frå ulike yrke for å utveksle erfaringar, støtte kvarandre og lære kvarandre å kjenne. Paul Harris oppfordra folk til å engasjere seg og gjere noko godt for sine medmenneske.

I dag er kjerneverdiane til Rotary «Teneste, kameratskap, mangfald, heiderligheit og leiarskap». Dette skal ein få til gjennom klubbteneste, yrkesteneste, samfunnsteneste, ungdomsteneste og internasjonal teneste.

'Mottoet til Rotary er «Service above self». Altså teneste som skal gagne andre. Rotary er den fjerde største bidragsytaren til humanitært arbeid på verdsbasis og har 1,2 millionar medlemmer i klubbar over heile verda.

Dei fleste kjenner vel merket som ser ut som eit tannhjul. Det har 24 tenner, 6 eiker og eitt kilespor. Merket skal symbolisere «Arbeid – ikkje kvile». Fredsbygging, konfliktløysing, sjukdomsførebygging og behandling er det rotarianarane er opptekne av og arbeider for.

Odd Fellow

Den første Odd Fellow-logen blei etablert i Baltimore i USA av engelskmannen Thomas Wildey så tidleg som i 1819. Logen har hovudkontor i Winston, Salem i Carolina. Logoen til ordenen er tre kjedeledd som symboliserer venskap, kjærleik og sanning. Nestekjærleik, menneskeverd, rettferd, omsorg og medkjensle står sentralt i ordenen.

Namnet har truleg sitt utspring i «Oath Fellows» (eidsvorne brør) som eksisterte i England på 1600-talet. Men Odd Fellow-ordenen slik vi kjenner den, kjem frå den amerikanske greina. Ordenen er religiøst og politisk uavhengig, og alle som har fylt 21 år kan søkje om å bli medlem. Odd Fellow gjer ein stor humanitær innsats både nasjonalt og internasjonalt.

Rebekkasøstrene

blei stifta i 1851 av visepresident i USA, Schuyler Colfax, og er basert på same formål og verdiar, lover og forskrifter som «moderorganisasjonen» Odd Fellow. Hovudkontor på same plass i USA. Symbolet – merket til Rebekkasøstrene - er ei due - eit kjend symbol for fred, ei lilje – symbol for reinleik i karakter, tanke og ord - og ein måne med sju stjerner.

Namnet Rebekkasøstrene skriv seg frå den bibelske Rebekka. Ho var god mot alle og ville leve fredeleg med medmenneska sine. Verdiane frå Rebekka har altså Rebekkasøstrene teke inn i ordenen sin i vår tid – venskap, kjærleik og sanning. Rebekkasøstrene er ein integrert og likestilt del av Odd Fellow-ordenen. Logane, som det heiter, arbeider kvar for seg og er basert på same fundament. Til liks med Odd Fellow gjer dei ein stor humanitær innsats i svært mange land.

Lions Clubs International

Stifta i 1917 av Melvin Jones. Hovudkontor i Chicago, Illinois. Lions sitt kjennemerke er ei løve, men tydinga etter forbokstavane er «Liberty, Intelligence. Our Nations Safety» (Fridom, kunnskap, nasjonal tryggleik).

Lions er politisk og religiøst uavhengig og er verdas største humanitære serviceorganisasjon med sine ca. 1,4 millionar medlemer i over 200 land. Mottoet er «We serve». I norsk versjon «Til teneste». Målsettinga er mellom anna å drive aktiv innsats i sivilsamfunnet - kulturelt, sosialt og moralsk og utan personleg økonomisk vinning. Globale satsingsområde no er kamp mot miljøødelegging, diabetesførebygging, innsats mot barnekreft og unødvendig blindheit, mellom anna tracom, og dessutan svoltbekjemping. Leo er ungdomsorganisasjonen til Lions.

LOKALT

Sykkylven Rotary Klubb

Knut Jarle Vik er president i Sykkylven Rotaryklubb.

Tek inn medlemer frå mange yrke og samfunnslag etter invitasjon. I 20/21 er det Knut Vik som er president . Klubben har p.t. 47 medlemer – både kvinner og menn, og har timesmøte kvar veke i Sparebanksalen. Møta er opne og medlemer kan invitere med seg gjester. Ved sida av det formelle, er det på møta kulturelle innslag og inviterte personar som held foredrag om aktuelle tema. Å syngje saman er fast på alle møte.

Sykkylven Rotaryklubb er ein av 330 klubbar i Norge med i alt ca 12 000 medlemer . Organisasjonen er inndelt i fleire distrikt leia av ein distriktsguvernør. Sykkylven Rotaryklubb har for tida ein kvinneleg assisterande distriktsguvernør i distriktet klubben høyrer til i.

I tråd med ideala og verdiane til organisasjonen driv klubben humanitært arbeid både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Litt av aktivitetane lokalt: Stell av kyrkjeparken kvar vår. Praktisk og økonomisk hjelp til «Speidarbo», besøksteneste på BUAS og tenning av juletreet der med meir.

Nasjonalt deltek dei mellom anna med utvekslingsleirar og tek imot besøkande ungdomar. Internasjonalt kan nemnast at dei støttar «Prosjekt Filippinene» som May Britt Tynes og familien driv. Dette er eit hjartebarn for klubben. Dei er også med å støtte skulebygg i Sierra Leone i Afrika, prosjekt i Sør-Amerika og bekjemping av polio rundt om i verda.

Rotaryklubben mottok nyleg heider for å ha nådd alle 25 måla dei sette seg i 2019/20. Det same har dei tidlegare fått framifrå webside.

Odd Fellow loge Sankt Olav



Tor Severin Erstad er overmeister i Odd Fellow Sykkylven.

Tor Severin Erstad er for tida leiar for brørne i klubben. Han er vald for to år. Klubben har 97 medlemer. Dei har eige lokale i «logehuset» i Straumgjerde - ein fabrikkbygning som er fint oppussa av medlemene, og inneheld alle «fasilitetar». Logen held møte to gonger i månaden. Odd Fellow har 156 logar i Norge med vel 11 000 medlemer. Møta er delt i to – eit lukka der ordenen si undervisning og forretningsorden er tema. Deretter er det ettermøte der det sosiale står i fokus. Eit godt måltid og foredrag, eller kulturelle innslag er ramma rundt denne delen.

Logen oppsøkjer i lag med dei andre logane i distriktet «Sirius Møre» kreftavdelinga ved sjukehuset i Ålesund. Pasientar og pårørande får servert kaffi og vaflar fire dagar i veka. Nasjonalt var dei med på innsamling i 2019 som gjekk til finansiering av redningsskøyta «RS ODD Fellow 3».

Av lokale aktivitetar mellom mange kan nemnast: Dugnad utomhus ved BUAS vår og haust, lysløypestøtte på Fjellsætra, tursti til Fagrefjellet, invita-sjon til julemiddag på Fønix, bogeskyttarklubben i Hundeidvik og rusførebyggande tiltak i lag med andre klubbar i Sykkylven og anna økonomisk støtte til lag og organisasjonar.Internasjonalt støttar dei m.a. SOS barnebyar. Organisasjonen med sitt høge medlemstal fyller eit stort behov i samfunnet vårt, både sosialt og humanitært.

Rebekkasøstrene loge nr 44 Venia

Lisbeth Strømme er overmeister i Rebekka-logen.

Loge Venia er Odd Fellow sin «søsterloge» i Sykkylven. Logen er religions- og politisk uavhengig, og alle over 21 år kan søkje om medlemsskap. Overmeister no er Lisbeth Strømme. Logen har ca 70 medlemer og har møte to gonger i månaden på «Logehuset» i Straumgjerde.

Rebekkasøstrene er ein integrert og likestilt del av Odd Fellow-ordenen. Logane arbeider kvar for seg, men har same formål. I Norge er det 132 Rebekkaloger med vel 10 000 medlemer (søstre). Til liks med Odd Fellow har Rebekkasøstrene i Sykkylven ein del aktivitetar med same formål. På den årlege Sosialkvelden samarbeider brør og søstre for å samle inn midlar gjennom loddsal og underhaldning, slik at dei kan gi midlane vidare til lag og organisasjonar. Dei støttar m.a redningsskøytene og SOS barnebyar, «Oskarbilen», friidrettsbana på Ikornnes, leikeplass på Aursnes, aktivitetsparken «Laguna» i Straumgjerde og Røde Kors. I kyrkja på Aure kan ein sjå ei hengande due. Denne er det Rebekkasystrene som har gitt.

Lions Club Sykkylven

Knut Schønhaug leiar Lions Sykkylven.

Klubben er open for alle som ønskjer å bli medlem, og er nøytral i høve til politikk og religion.

President 20/21 er Knut Schjønhaug. Klubben har no 44 medlemer. Det er møte ein gong i månaden, som regel i kantina på Møre Trafo. På møta er det innslag av medlemer og andre utanfrå som held foredrag om aktuelle tema. Dessutan er det andre kulturelle innslag. Frammøteprosenten er svært høg, noko som tyder på at medlemane trivst. Det er Lions-klubbar over heile Norge med til saman om lag 11 000 medlemer. Mottoet til klubbane er «Til teneste». Klubben har gjennom åra hatt fleire soneleiarar.

Basert på mottoet og grunnverdiane «Til teneste», driv klubben eit utstrakt arbeid både lokalt, nasjonalt og internasjonalt: Pynting av julegate i sentrum, julearrangement med julegrantenning og nisseutdeling av pakkar til borna. Mange barn har med seg gåver til hjelpesending som dei legg under juletreet. Tenning av julegrana på Aurenakken som Lions har sett opp er også ein tradisjon. Opptil 1000 menneske tek turen til dette arrangementet.

Klubben støttar lag, organisasjonar og enkeltpersonar i Sykkylven.

Rusførebyggande opplysningsmøte med elevar og og foreldre.

Bedriftsbesøk er høgt prioritert i klubben

Nasjonalt er «Røde Fjær aksjonen» viktig. Denne er med å finansierer Beitostølen Helsesportsenter, Hauglandsenteret og Hurdalsenteret og Valnessenteret i Nord Noreg.

Klubben støttar Norsk førarhundskole med midlar.

Den årlege «Tulipanaksjonen» - der medlemane saman med Lions Club Sykkylven Sigtuna sel rundt 6000 tulipanar kvart år til inntekt for arbeidet mot rus og narkotika.

Internasjonalt støttar klubben eit vidt spekter, mellom anna diabetes- og barnekreftbekjemping og «unødvendig blindheit». Alle innsamla midlar går uavkorta til hjelpearbeid.

Inger Kurseth Tandstad leiar Lions Sigtuna i Sykkylven.

Lions Club Sykkylven Sigtuna

Kvinneklubben har teke namn etter Gange-Rolf som mange trur budde i Sigtuna (Sykkylven)? President 20/21 er Inger Kurset Tandstad. Klubben er open for alle og bygg på same grunnverdiar som alle Lionsklubbane – «Til teneste». Klubben har 31 medlemer og møtest ein gong i månaden, som regel på Helselagshuset. På møta er det innslag av kulturell art, foredrag, song og musikk og eit godt måltid mat. Klubben tek gjerne møta under eit bedriftsbesøk og har såleis fått orientering og omvising rundt om på dei fleste bedriftene i bygda.

Sigtuna er ein av dei klubbane som har markert seg sterkt både nasjonalt og internasjonalt, og i distriktet. Dei har mellom anna hatt distriktsguvernør, guvernørrådsleiar (øvste leiar for alle lionsklubbane i Noreg), «Group Leader» (ansvarleg for opplæringa av distriktsguvernørar under den internasjonale Convention) og har no «Area Leader» (koordinator for opplæring, medlemspleie og service i heile Norden og Baltikum).

Sigtuna driv eit omfattande hjelpearbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vaffelservering ein laurdag i månaden på BUAS. Mors- og farsdagsfeiring same stad. Dei står for «Årets julegrantennar»- heider til ein sykkylving som har merka seg ut på ein positiv måte i lokalsamfunnet. Fredsplakatkonkurranse for 6. og 7. klasse, der alle skulane deltek, og konkurransen vert avslutta med utstilling og fest for born og foreldre i kantina på ungdomsskulen. Eitt år vann ein elev frå Ikornnes den nasjonale prisen og kom høgt på verdsbasis blant fleire hundre tusen. Teikninga blei utstilt på verdenskongressen til Lions i Chicago.

Klubben har stått for opplæring av lærarar og barnehagepersonale i programmet «Mitt valg» - eit haldningsskapande pedagogisk opplegg som alle barneskulane deltek i. Dei deltek saman med herreklubben på Tulipanaksjonen og aksjonen Røde Fjær. Lions basaren til Sigtuna kvar vår er velkjend og skaffar gode inntekter, det same gjeld julelotteriet. Alle innsamla midlar går uavkorta til hjelpearbeid i inn- og utland.

Oppsummering

Som ein ser er det likskap mellom alle klubbane/logane med utgangspunkt å tene og hjelpe. Til saman har dei rundt 300 medlemer. Felles for alle er at dei driv humanitært arbeid og at dei samarbeider på fleire felt. Organisasjonar som byggjer på ulikt grunnlag utan klubb i Sykkylven, men som har medlemer herifrå, er Frimurerlogen og Tempelridderordenen.

-Det at ein her har mange lokale foreiningar og klubbar, gjer at innbyggjarane kan finne det som høver med deira interesse. Dette har igjen mykje å seie for både trivsel og livskvalitet, seier ordførar Odd Jostein Drotninghaug.

- Med så mange organisasjonar er dette heilt klårt noko av det som kan trekkje nye innbyggjarar til Sykkylven i åra som kjem. Folk trivst i lokalsamfunn der det er mange gode møteplassar.

Internasjonal heider tilRotart-klubben i Sykkylven.



Minneord
Jarle Tusvik

Jarle Tusvik kom inn som eit friskt pust i redaksjonen i Årbok for Sykkylven i 2011. Med sitt breie kontaktnett, si sterke lokalhistoriske interesse og sin iderikdom vart han ein høgt skatta ressurs i redaksjonsarbeidet.

Heilt fram til for eitt år sidan var Jarle det sprudlande midtpunktet i redaksjonsmøta. Han hadde alltid med gode og muntre historier som han gjerne delte med oss andre. Når Jarle kom på møta visste vi at det vart ei festleg stund.

Livet kan snu brått. I fjor sommar fikk Jarle kreftdiagnosen. Han var gjennom lange og harde kurar, og vi vona alle at det skulle vere mogeleg å slå sjukdomen tilbake. Slik gjekk det ikkje. 20. august i år somna han stille inn, 76 år gammal.

Jarle Tusvik var småbrukarson frå Tusvik i Sykkylven. Han hadde heile yrkeslivet sitt ved Ekornes-fabrikken på Ikornnes. Han byrja i produksjonen i 1960, men fekk etter kvart oppgåver i administrasjonen. Frå 1987 hadde han stillinga som direksjonssekretær. Dette var ein turbulent periode for Ekornes med tunge økonomiske utfordringar. Det snudde etter at Jens Petter Ekornes kom tilbake som konsernsjef i 1990. I åra framover hadde Jens Petter og Jarle eit nært samarbeid, der Jarle var den ryddige sekretæren og organisatoren som heldt orden på avtalar. Det hende at Jens Petter ringde frå Oslo, og lurte på kva som var dagsplanen. Jarle hadde svaret.

Etter at Ekornes gjekk på børsen i 1995, fekk Jarle Tusvik oppgåva som kontakt overfor investorane. Han vart også redaktør for konsernet si informasjonsavis Ekornes Inside, ei oppgåve han hadde heilt til han gjekk av med pensjon etter 54 års samanhengande teneste for bedrifta.

Etter at han vart pensjonist, fekk han betre tid til å dyrke interessa si for lokalhistorie. Han etablerte ein imponerande database med slektshistorisk informasjon, som han gjerne delte med dei som ville ha innsikt i eiga slekt. Han hadde alltid med seg fotoapparatet når noko skjedde, for å kunne ta vare på dei flyktige og viktige augneblinkane. Han var den mest produktive bidragsytaren til Årbok for Sykkylven, han var stødig kasserar i venneforeninga til Møbelmuseet og til Sykkylven historielag.

Historieinteressa var for Jarle kopla saman med interessa for samfunnet rundt han. Han engasjerte seg politisk og partiet hans vart Høgre. Han kom inn i kommunestyret i Sykkylven i 1995 og markerte seg som ein talefør og tydeleg politikar.
Han sat i kommunestyret i tre periodar. Dei allsidige interessene hans kom til uttrykk ved at han i desse åra var med i tre av dei politiske fagutvala: kultur, teknisk og helse- og sosialutvalet. I teknisk utval vart han vald til leiar. Han var også leiar i plan- og byggjenemnda for den nye ungdomsskulen som kom opp i 2004.

Politisk var Jarle ein brubyggar. Han tok gjerne oss som stod på den andre sida i politikken med i rådslagingane. Han var meir opptatt av resultat enn av politisk prestisje. Brubyggar var han også i meir konkret forstand. Han var gjennom ei årrekke Ekornes sin representant i styret for selskapet Sykkylvsbrua. Då det var fest for å markere at det var blitt gratis å køyre over brua, var Jarle det naturlege valet som festleiar. No har brubyggaren og historieforteljaren tagna, men historiene hans tek vi med oss vidare.

Eldar Høidal

Anne Vikebakk,
født 1947, er frå Ulsteinvik og gjekk på sosialskulen i Trondheim. Ho har sjølv lang røynsle frå sosialt arbeid i Sykkylven. Ho vart tilsett i kommunen i 1972 og var knytt til sosialkontoret fram til ho pensjonerte seg i 2012.

Sosialkontoret den fyrste tida

Av Anne Vikebakk

Tidlegare sosialsjef i Sykkylven, Eiliv Kaland, er barnefødd på Minde. Den gongen var det ikkje ein del av Bergen, understrekar han. Han hadde studert til barnevernpedagog i Oslo.
Til Sykkylven kom han til eit nyoppretta sosialkontor i 1968.
«Den fyrste tida» var dei åra då eg var åleine, og då vi var få. Arbeidet var fyrst og fremst kontakt med klientane, som det heitte den gongen, og heller lite skriftleg, seier han.

Hår og skjegg

- Det eg fortel her, seier han, er slik eg hugsar det. For å fortelje korleis, må eg også fortelje kva eg og vi gjorde. Alt er ikkje med, for arbeidsområdet var stort. Det kunne lett ha fylt ei bok. Mykje av det vi hadde ansvar for, er no spreidd på fleire instansar, til dømes barnevern, økonomisk sosialhjelp, edruskapsvern, tiltak for funksjonshemma og eldreomsorg.

-Idéen om sosialarbeidarar som svært politisk radikale, var nok overalt: Den dagen eg kom til bygda, var eg innom kommunehuset i matpausen. Eg fekk høyre seinare at folk som stod i vindauget, hadde sett ein kar med noko langt hår og skjegg kome oppetter vegen. Kommentaren var: No var den fyrste ml-aren komen til kommunen, fortel Eiliv Kaland.

Etter Lov om sosial omsorg av 1964 skulle alle kommunar med meir enn 3000 innbyggjarar ha eit sosialkontor, og kommunane fekk statstilskot til det. Sykkylven hadde knapt 5000 innbyggjarar rundt 1965, og det var nok ulike meiningar om det trongst eit slikt kontor her.

Som barnevernspedag med ei utdanning som var mest retta inn mot institusjon, hadde eg til liks med mange leiarar på nyoppretta sosialkontor lite kunnskap og kjennskap til arbeidet som venta meg. Staten var klar over at det trongst opplæring. Eg var på ei lengre statleg etatsopplæring og gjekk mange kortare kurs som Fylkesmannen heldt. Eg opplevde det som svært nyttig, seier Eiliv Kaland.

Eige kontor

Erling Lillevik var leiar i sosialstyret då eg kom, og han var til stor hjelp i starten. Han let etter seg eit ryddig arkiv, som han kom med i ei kasse. Kontoret skulle administrere og utføre arbeidet dei tre sosiale nemndene - sosial, barnevern og edruskapsvern – hadde ansvar for etter lovene. Sosialstyret var på eit vis overordna og barneverns- og edruskapsnemnda skulle kvar ha eitt medlem i styret. Etter kvart valde ein i Sykkylven dei same personane til alle tre nemndene. Korleis det vart gjort kjent at no var sosialkontoret på plass, hugsar eg ikkje, men det var ikkje lenge, for arbeidsoppgåvene var der, seier han.

-Eg var heller ikkje åleine på kontoret lenge. Alt i 1969 tok kommunen over husmorvikar og heimesjukepleie frå Helselaget. Saman med heimehjelpsordninga vart dette overført til oss.

Heimesjukepleia var organisert med eigen sjukepleiesjef som hadde det daglege ansvaret, medan det overordna budsjett- og lønsansvaret låg hos sosialsjefen.

Oline Aklestad, som hadde jobba i heimesjukepleia i Helselaget, byrja då på sosialkontoret og fekk det daglege arbeidet med *heimehjelps- og husmorvikarordningane.* Det omfatta kontakt med heimane som trong hjelp, og med dei tilsette. Husmorvikarane var tilsette med fast løn, medan heimehjelpene var timelønna. Oline organiserte arbeidet frå dag til dag, tok mot timelister og køyrerekningar og rekna ut løn. Ikkje alle heimehjelpene hadde bil, og det måtte takast omsyn til bussruter og geografi. Mykje av arbeidet hennar kunne gjerast på kontoret; telefonen var ein viktig arbeidsreiskap, men ho var også mykje rundt i heimane.



Eiliv Kaland var den første sosialsjefen i Sykkylven og den første tida også åleine på kontoret. Foto: Kjetil Tandstad.

-Det var kjekt å få ein å samarbeide med, og Oline, som hadde eit eige lag med folk, og kjende bygda så godt frå tida si i heimesjukepleia, vart ein viktig ressurs, seier han.

Tilskotsordningar

Ulike tilskotsordningar kom til, kanskje til ulike tider, til dømes stønad til skilde og separerte forsytarar, transportstønad, utbetringstilskot for eldre og uføre, bustønad for pensjonistar. Dei fleste har vel andre instansar teke over, eller dei har falle bort. Eiliv Kaland vil særskilt nemne to:

Utbetringstilskot for eldre og uføre. Kommunen fekk kvart år tildelt ein sum til fordeling. Byggeleiar Torbjørn Aasen og eg reiste kommunen rundt og såg på utbetringsplanane til søkjarane. Nokre søkte om store utbetringar i ein gong, og andre søkte om mindre fleire gonger. Byggeleiaren rettleidde og vurderte før søknadene vart lagde fram for sosialstyret. Det var ein god måte å verte betre kjend i bygda på.

Bustønad for pensjonistar - eit tilskot til å fordele mellom minstepensjonistar etter søknad – med reglar som skapte mykje frustrasjon både hos søkjarane og hos oss. Vilkåret for stønad var at ein hadde minstepensjon og stønaden vart utrekna etter dokumenterte buutgifter. Vi hadde søkjarar i «grenseland» til minstepensjon; litt meir enn minstepensjon med skatt som førte til litt mindre utbetalt. Andre sparte på straumen, til dømes ved å varme opp berre kjøkenet, og fall utanfor av den grunn. Det vart mange besøk rundt om for å forklare, hjelpe med klager og – ikkje minst - seie oss samde. Vi og andre klaga til sentralt hald, og heldigvis vart reglane noko endra, seier han.

Kvileheimen

Det var også interessant få kjennskap til og ansvar for *Kvileheimen på Vik,* der nokre av dei tilsette både budde og arbeidde i lag med bebuarane. Dei hadde gris og høns og dyrka mykje av sin eigen mat, som bær, grønsaker og poteter. I tillegg fekk dei fisk av bygdefolket. Det var mest kvinner som budde der, og det hende at ein av dei få mennene trong ein kar å snakke med. Då vart eg tilkalla, fortel Eiliv.
Det kommunale kvileheimsbudsjettet var ikkje stort, og det vart i praksis heller ikkje auka noko frå år til år, minnest han. Det førte til at ein av medlemmene i sosialstyret

eitt år insisterte på å få auka matbudsjettet – for bebuarane skulle «ete egg til frukost kvar dag». Då kvileheimen flytta til trygdebustadene, fylgde ansvaret med.

Vindeltrapp

Sosialkontoret var fyrst i kommunehuset, men med fleire tilsette, vart vi samlokal-iserte med helsestasjonen i Bakke-bygget. Der fekk vi etter kvart «eige husvære». Det var ikkje ideell tilkomst til kontoret: ei smal vindeltrapp og inga heis, men eg veit om berre eitt fall i trappa, og skaden var heldigvis heller liten. Eg kan ikkje hugse anna enn at vi treivst godt der, seier han.

Alt kontorarbeid gjorde vi sjølve. Vi skreiv saksutgreiingar og brev med karbon-papir og tynne kopiar i ymse fargar til ulike arkivmapper. Det vart vel ei og anna elektrisk skrivemaskin etter kvart, men eg heldt meg til den manuelle. Trong vi kopimaskin, måtte vi i mange år gå opp på kommunehuset.

Utover på 70-talet vart det utdanna mange fleire sosialarbeidarar/sosionomar, og det vart også gitt statstilskot til fleire tilsette i kommunane. Vi fekk oppretta to still-ingar til, men det var vanskeleg å få søkjarar. I praksis var det tilsett folk berre i den eine fram til midten av 1980 då Berit Bjørlo kom. Peder Nedrelid arbeidde her nokre år og Anne Vikebakk frå 1978.

I denne tida fekk vi ei merkantil stilling, og Hans Jakob Overå vart tilsett. Då fekk vi avlasting med kontorarbeidet. Han tok over nokre av tilskotsordningane og fekk sjølvsagt også andre oppgåver.

Lite kontroll

Alle ytingar og tiltak etter sosiallovene skulle avgjerast i nemndene, og var det samansette saker, skulle dei behandlast i sosialstyret. Det var derfor nemndmøte etter måten ofte, og i heilt akutte saker måtte vi berre ta ei avgjerd i samarbeid med sosialstyreleiar, minnest Eiliv Kaland.

-Det var lite krav om planar, og kontroll av arbeidet var det lite av. Ein gong i året kom sosialsekretær/seinare -konsulent frå Fylkesmannen på besøk. Han drøfta arbeidet med oss, og eit år rådde han til at vi måtte få oppretta ei stilling til for å klare arbeidsoppgåvene.

Notat- og journalføring vart nok forsømt, noko som i ettertid kunne syne seg å vere svært uheldig. Men når eg tenkjer attende no, skjønar eg godt at det var slik, for det var ikkje så tydelege krav til dokumentasjon, og oftast prioriterte vi direktekon-takten med klientane, seier han.

Heilt frå fyrste dagen hadde kontoret vore tilgjengeleg i vanleg kommunal opnings-tid, og vi hadde lite timeavtalar. Dei fleste kom innom viss dei ville oss noko, og ikkje reint sjeldan måtte vi ut etter arbeidstid, både kveld, natt og helg. Ofte måtte vi også bryte av det vi heldt på med, for å ta noko som hasta meir. Då det etter kvart vart lagt meir vekt på saksutgreiingar, dokumentasjon og planar av ulikt slag, vart avtalar meir vanleg, og vi fekk kortare opningstid.

Familiebehandling

Ingen av oss sosialarbeidarane var spesialistar med ansvar for eitt spesielt saks-område. Idealet var at vi skulle arbeide etter familiebehandlingsprinsippet; ein saksbehandlar skulle ha ansvar for alt som galdt ein familie. Vi var mykje i lag med klientane, som det heitte den gongen – for samtalar og praktisk hjelp. Det var alt frå å overnatte heime hos nokon for å hjelpe i ein vanskeleg situasjon; vere med til sjuke-hus; skaffe husvære og hjelpe til med å flytte eller berre ha tid til ein prat. Vi merka særleg godt at det ikkje var psykiatri-teneste i kommunen. Vi samarbeidde med dei andre tenestene som fanst i kommunen og fylket; nokså mykje med PP-tenesta, med legane, politiet, arbeidskontoret, men merkeleg nok heller lite med helsestasjonen fortel han.

-Eg hugsar at trygdekontoret ofte skulle ha meir opplysningar og vurderingar når nokon søkte om ei yting. Då besøkte vi vedkomande heime og skreiv «sosialrap-portar». Det var ikkje alltid lett for dei som måtte ta i mot oss; mange kjende seg nok ekstra granska, og vi likte det heller ikkje, fortel Eiliv Kaland.

-Sosialomsorgslova var romsleg med rom for å tilpasse tiltak etter brukarane sine behov, og med eller utan lovheimel, syntest vi at vi stod nokså fritt til å gjere noko med det om vi mangla tiltak på eit område. Når vi la slike idéar fram for nemndene, var dei som oftast positive. Noko av dette var kortvarig, medan anna har «stått seg». Her er nokre døme:

Trygdebustadene

vart til i «idésamarbeid» med byggeleiar i kommunen og Erling Lillevik som politi-kar, og var i si tid meint som omsorgsbustader. Dei som budde der, skulle langt på veg vere sjølvhjelpte, stelle seg sjølve, men sjølvsagt få hjelp av heimetenestene til liks andre heimebuande.

Det var stor søknad då dei fyrste husværa var klare til å flyttast inn i (1978-79), og sosialstyret måtte prioritere strengt. Vi besøkte alle som tidlegare hadde sagt seg interesserte, og vart forundra over kor mange som budde på små hyblar på loft og i kjellar. - Og som ei sa: «Eg har kjekke vertsfolk. Det var greitt å dele bad og toalett med dei tidlegare, men det er vanskeleg no når eg er eldre og bruker lengre tid på alt eg gjer.»

Dessverre kunne ikkje alle tre blokkene brukast til trygdebustader då dei var innflyttingsklare. Kvileheimen på Vik kunne ikkje lenger nyttast, og B- og C-blokka vart brukte til aldersheim. Mange av dei som flytta inn i trygdehusvære, fekk hjelp av familien, men fleire var åleine. Vi var med å pakke ned og pakke ut, henge opp gardiner og bilete, kjøpe innbu m.m.

-Vi var i grunnen husvert og vaktmeister for trygdebustadene i mange år, og vart tilkalla for både godt og gale. Eg måtte til dømes dit ein sundagsmorgon for noko eg ikkje hugsar kva var, men eg vart servert frukost med «forlorent egg»! Umogleg å ikkje ta i mot, seier han.

Eldreferie

Eit år kom Svanhild Brunstad, som arbeidde i heimesjukepleia, og fortalde det var mange som gjorde ein stor innsats for heimebuande eldre og trong avlasting – «vi må la dei få sommarferie!» Det var for seint på sommaren til å få det til då, men året etter sette vi i gang. Då vart det sommarferie for heimebuande eldre på ungdomssenteret på Fjellsætra!

Frivillige frå Misjonsungdomslaget stilte opp og gjorde ein imponerande innsats – både med arbeid og underhaldning. Tilsette på sosialkontoret flytta også på fjellet, og hadde to flotte veker saman med gjestane, og heimesjukepleia kom innom ein gong for dag. Travelt, men minne for livet, og slikt som gjorde arbeidet elles ekstra kjekt, minnest Eiliv Kaland. Etter eit par år tok heimesjukepleia over før det vart organisert avlasting på institusjonane.

Kaffikopp på «sosialen»

-Kor godt arbeid vi gjorde denne tida, kan ikkje eg seie noko om. Opplevingane var nok både gode og vonde for klientane og oss. Mange var nok sinte på oss og slutta å helse. Men vi har lyst å tru at somme kom seg vidare i livet etter kontakt med oss, og at vi for somme var i ei livbøye i kvardagen. Som ei sa: «Eg kjenner ikkje mange her i bygda, så eg går ein tur i sentrum og innom «sosialen» og får ein prat og ein kaffikopp».

Vondt å høyre at nokon kjende seg så åleine, men godt å vere ei lita glede, seier Eiliv Kaland.

:

Kjetil Tandstad
fødd 1950, er tidlegare journalist og museumsmann frå Sykkylven og har vore involvert i dugnadsarbeidet med å reise bronsealderhuset på Aure. Han meiner dei arkeologiske funna på Auremarka viser til ei historie som er mykje rikare og eldre enn det ein tenkjer på som «vikingtid».

Syden-farararar for 3000 år sidan

Av Kjetil Tandstad

Det poppar opp med vikingsenter landet rundt og interessa er stor. Bronsealderen ligg enno i historias tusmørke. Men nye forskningsmetodar og funn tyder på at bronsealdersamfunna i mangt og mykje kunne måle seg med vikingkulturen to tusen år seinare.

Hadde vi ei vikingtid to tusen år før vikingane? Det spør nettstaden forskning.no om 7. juni i år. Arkeologar i Norden meiner dei finn spor etter ei tid som liknar vikingtida for tre tusen år sidan. Bronsealdermennesket var ikkje skinnkledde nomadar som så vidt hadde byrja å bli bufaste. Nye metodar innan forskning og nye funn frå dei siste åra viser konturen av ein avansert bronsealderkultur, langt meir utvikla enn tidlegare trudd.

Dyrking av jord og sol

I årboka for 2017 skreiv eg om bronsealderfolket og siterte forskarar som meinte dette var ein fredeleg og likestilt epoke då menneska var opptekne av å dyrke jorda og tilbe sola. Klimaet var varmare enn i dag og gunstig for jordbruket. Det var god grunn til å feire sola. At det var ei fredeleg tid, er ikkje like sikkert. Eg siterte historikaren Michelle Louise Pettersen ved Universitetet i Bergen som viste til at kvinnegravene i bronsealderen var større og rikare utstyrte enn mannsgravene. Dette har fått historikarar til å tenkje at kvinnene kanskje hadde svært høg status i bronsealdersamfunnet. Funn av kvinnesmykke med spiralornamentikk tyder på ein solkult og/eller fruktbarhetskult der kvinner hadde ei sentral rolle. Kanskje var kvinner religiøse leiarar. Kvinnene hadde i alle fall ei viktig rolle i utviklinga av landbruk og husdyrhald, i utviklinga av vevkunst og forming i leire/keramikk.

Dersom det var kvinner som kunne forme i leire, var det kanskje dei som laga støypeformene til dei vakre bronsegjenstandane. Det er ingen funn som viser at metallarbeid var noko berre mennene dreiv på med. Når kvinnene produserte så mykje av gjenstandane vi kjenner, kan det også tenkjast at dei var sentrale i den omfattande handelen mellom distrikt og regionar i Europa.

Maritim kultur

Nyare arkeologiske funn peikar mot at bronsealderen i Norden var ein avansert maritim kultur. På 90 prosent av helleristingane er det avbilda skip, blant anna fartøy som kunne ha eit mannskap på minst femti mann. Lenge tenkte ein at dette var himmelskip – religiøse forestillingar om skip som skulle symbolisere reisa til dødsriket. No meiner mange arkeologar at det er bilde av faktiske skip som siglde i fjordane og på havet.

Funn talar for at skipa var bygde av plankar og på måtar som ikkje skilde seg vesentleg frå måten vikingane bygde sine skip på eit par tusen år seinare. Med slike skip drog bronsealderfolk frå Skandinavia til England, truleg også langt inn i Europa på elvane og langs kysten opp til Finnmark og sør til Middelhavet. Kanskje kom det bronsealdermenneske frå Norden på besøk til faraoane i Egypt.

-Den første globaliseringa skjedde nettopp i bronsealderen. Skandinavane var heilt klart ein del av denne globaliseringa, seier bronsealderforskaren Kristian Kristiansen ved universitetet i Gøteborg til forskning.no. Arkeolog Lene Melheim ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo seier seg samd. Ho held det for sannsynleg at nordbuarar reiste til Middelhavet for tre tusen år sidan. Vi veit at dei fekk tak i varer frå det sørlege Europa og at dei var dyktige sjøfolk. Det er like sannsynleg at dei sjølve siglde dit som at dei fekk varene hit gjennom mellomenn, seier ho.

I dag ser arkeologane at både skip, hus, våpen, klede og mykje anna frå bronsealderen liknar på det dei hadde i vikingtida. Både sjøfart, handel, gardsdrift, dyrehald, vald og plyndring og dei store monumentale gravhaugane som vart bygde på denne tida, ser ut til å ha eit felles preg. Kanskje gjekk ikkje utviklinga over tusenåra så raskt som vi har tenkt oss. Både bronsealderkulturen og vikingkulturen var i stor grad maritime. Men ein viktig skilnad er at bronsealdermenneska ikkje rodde eller siglde. Dei padla truleg med lange padleårar. Dei første vitnemåla om roing har vi ikkje før tidleg i jarnalderen. Å segle byrja ein truleg ikkje med før på 700-talet, altså litt før vikingtida.



Bergkunst eller helleristningar frå norskekysten i bronsealderen.
Dei loddrette strekane ombord vert tolka som manskap.

Helleristingar

På helleristingane frå bronsealderen er det strekar i båtane som ein meiner forestiller folk. Ved å telje strekane, får ein eit inntrykk av kor stort mannskap det var. Berre på Bohuslän-kysten er det funne meir enn 10.000 teikningar av skip rissa inn i fjellet. Arkeolog Johan Ling ved universitetet i Gøteborg har studert desse teikningane. Han kan fortelje at mellom seks og 13 mannskapsstrekar er det vanlege. Men dei aller største skipa ser ut til å ha hatt ein mannskap på 60 - 70.

Eit interessant funn er at dei største skipa skriv seg frå eldre bronsealder. Skipa blir mindre, di nærare vi kjem vår tid. Kling meiner også at han gjennom bergkunsten kan lese noko om kva som skjer i samfunnet. I yngre bronsealder byrjar skipsbilda å vise eit mannskap der nokre er teikna mykje større enn andre og er prega av styrke og makt. Resten av mannskapet er teikna små og anonyme. Det tyder på at samfunnet har blitt mindre likestilt. Det har blitt større forskjell på folk, meiner han.

DNA-analyse

DNA-analyse og gransking av sporstoff og isotopar i gjenstandar har dei siste åra fortalt moderne arkeologar meir om bronsealdersamfunnet. DNA-analysen har vist at folk flytta seg over store avstandar. Svært mange av kvinnene kom frå fjerntliggande område. Mennene ser ut til å ha vore meir lokale. Det kan peike mot at kvinnene reiste mykje og var viktige i handel. Helle Vankilde, dansk bronsealderforskar, meiner at bronsealderen stimulerte til nye nettverk og nye samfunnssystem. For å lage bronse, måtte ein ha både kopar og tinn. Dette er metall som ikkje finst ved sida av kvarandre og som ein måtte reise langt for å finne tak i. Funn som er gjort, viser at skandinavane fanga opp nye impulsar like tidleg som i andre delar av Europa.

Ein dristig og ikkje direkte sannsynleg teori, men kanskje mogleg om dei siste vitskaplege funna held vatn: at bronsealderkvinner også frå Sykkylven let seg padle til Middelhavet for å shoppe bronsesmykke, vevnader og keramikk.

«Fede beiter at græsse på»

Thrond Sjurson Haukenæs

Den frilynde forfattaren, folkeminnesamlaren og kolportøren (omreisande bokseljar) Thrond Sjurson Haukenæs (1840 – 1922) frå Granvin reiste landet rundt. Han var svært produktiv og skreiv 51 bøker på 31 år. I år fekk han sin biografi, ført i pennen av Arne-Ivar Kjærland og utgitt av Nynorsk Antikvariat.

Haukenæs reiste landet rundt og skreiv om det kan såg og opplevde. Han kom også til Sunnmøre og skriv følgjande om Sykkylven i boka om Vestlandet frå 1890:

«Ja, i Søkelven modtok jeg sandt at sige tiltalende, poetisk indtrykk fra naturen der. Men de indtrykk, jeg mottok fra folkelivet, var slet ikke så lyse og tiltalende. – Aviser leses der lidet af. Den mest læste er «Morgengryet» fordi dette bladet er så vondt med presterne», sagdes det, thi de fleste pietistiske er jo prestehadere, fordi de selv vil optræde som predikanter.

Almuebibliotek findes der ikke i Søkelven. Det har jo pietisterne sørget for. Det findes forresten i denne «Søndmørs perle» også endel oplyste og frisindede mænd; men de er få i forhold til bygdens store befolkning. Lægpredikanterne har i Søkelven gode og «fede beiter at græsse på».

Det omtalte bladet Morgengryet kom ut i Oslo frå 1883 og var organ for Fredssamfunnet – Nordisk forening mot krig. Bladet er nemnt som anarkistisk. Morgengryet reklamerte med at det var landets billegaste vekeblad.

Desse har vore med å støtte utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2020

Sparebanken Møre
Coop Mega Sykkylven

SandellaFabrikken AS
Brunstad AS
Amatec AS
Sykkylven Gjensidige Trygdelag
Advokat Kjetil Kvammen
Formfin Møbler AS
SapDesign
Handelsservice AS
Fishtech Hygena AS
Ekornes ASA
Nyborg AS
Nordea
B. S. Aure AS
Spar Sykkylven
Møre Trafo AS
Sykkylven Energi

Foto: Dennis Ludlow (Sjarkshock)- Omn work Creative Commons.

B for Bruno
b for barndom

Ein luftetur i heimbygda med Bruno,
opnar minneboka til barndommen.
Kjekkare å vaspe i vegaveita
der det surkla og rann
enn gå etter vegen,
heller fylgje steinete stiar i utmarka
der ein kunne finne ferske spor
etter ville dyr eller
iallfall nokre søte blåbær.
Og Bruno er heilt einig!
Slik han leitar opp kulpar langs vegen
for å kjøle ned buken,
for me av stad til badeplassen
sveitte i sommarvarmen,
og bada til me hakka tenner og leppene blåna.

Når kvelden kjem,
sikrar Bruno seg sengeplass i kammerset
og ligg og breiar seg.
Der søskena ein gong låg,
rygg i rygg med kiving om dyne og plass,
i eit hus med mykje kjærleik, men få rom.
Slik var det i alle hus
med mange born, besteforeldre,
ei tante eller ein onkel under same tak.
Trongbudd var eit ukjent ord.
Ute var det store, frie rom
for arbeid, liv og leik.
Men farar fanst,
først og sist elva og sjøen.
Pass deg for ho elva-Kari!
Ikkje lov å gå på utrygg sjøis
eller segle på isflak!

Og så måtte det bli folk av oss!
Uskikkelege ungar fekk eit ublidt møte
med mor sitt bjørkeris,
strengemina til læraren eller verre;
lensmannen kunne kome og fakke oss!

Men kunne me få eit glimt av ho elva-Kari
over brukanten og
var det så farleg å segle på isflak?
Bruno må gå i band,
Men trass kustus, dreg han
i bandet og tøyer grensene.
Akkurat som oss andre.

Åse Vestre

Mai
Mandag Tirsdag On
4 5
11 12
19